

Masteroppgåve i yrkespedagogikk 2010

Eit løft for yrkesfagleg opplæring på Vg1 helse- og sosialfag

Korleis legge til rette for ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap for elevar på
Vg1 helse- og sosialfag?



Liv Elisabet Rygg



Avdeling for yrkesfaglærarutdanninga
Høgskulen i Akershus
Lillestrøm

Føreord

Eg høyrer og gløymer

Eg ser og huskar.

Eg gjer og forstår.

Konfucius

Dette sitatet synes eg høvdde godt som innleiing på mi oppgåve; Korleis legge til rette for ei yrkesretta opplæring på Vg1 helse- og sosialfag?

Oppgåva har hatt fokus på korleis elevar på Vg1 helse og sosialfag skal få ei meir praksisretta og heilskapleg opplæring og etter mi meining få ein god start på yrkesutdanninga. Målet er at elevane skal få utvikle ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap ved å legge til rette for meir praktisk opplæring. Sentrale nøkkelkvalifikasjonar som kjenneteiknar arbeid med menneske er, saman med arbeidspraksis, eit reiskap for å oppnå dette.

I gjennomføringa av prosjektet har mine elevar vore sentrale bidragsytarar og gitt meg mange innspel og tilbakemeldingar. Tusen takk for eit godt samarbeid og for den innsats de har gjort. Likeeins har mine kollegaer som eg samarbeidde med i prosjektet, bidrege både med faglege kommentarar, praktisk hjelp og gitt meg oppmuntring og støtte i ein hektisk kvardag. Eg vil også takke min gode, hjelpsame og alltid positive rettleiar Hilde Hiim for den støtte ho har vore for meg. Ho har gitt meg konstruktive tilbakemeldingar og gode råd, og dette har vore ein viktig rettesnor for meg.

Til slutt vil eg også takke min omtenksame mann og mine tre omsorgsfulle barn som har levd saman med, ei til tider stressa og åndsfråverande kone og mor. De har vist både tålsemd og velvilje og gitt meg støtte i studiet.

Summary:

A lift for vocational education; this is the title of my master assignment. This assignment has had a focus on how students in their first year at Health-and Social care studies should get more training and, in my opinion, a good and solid start of their vocational and professional education. My approach to this issue is: How can we organize and prepare for students in Social-and Health care education to develop a beginning sense of a wholesome professional education? To keep focus on central key qualifications which characterize working with people, can, together with on the job training, be a tool to achieve this. By introducing "Kunnskapsløftet", a new subject emerged : In-depth projects, in all vocational programs. An important goal was to get the students familiar with all their vocational subjects and the work itself early and within their study and training. This opened for organizing more training and being on the job within their education program. This is the starting point for my master assignment. Within this project I have been researching my own working field and I have used action research as my strategy. A close relationship with my students and fellow teachers have been guiding for the development of this project. As a theoretic anchor I have used and studied the guide documents to analyze what they say about wholesome working knowledge. I have also studied theoretical explanations about the development of a wholesome working knowledge, training theory and reflection. In my empirical work I have collected logs (log books), notes from conversations, work tasks and I have also carried out interviews with students. My main focus has been on how to organize for a wholesome education, with my starting point in deepened key qualifications and several periods with work training. In my analysis I have used quotes from students and colleagues as well as my own reflections. In my carrying out of this project I have received some answers on if the students experienced this form of education/training as a start of their future working career. I have discussed if the In depth-project and key qualifications were good tools in this work. The guiding documents` signal about organizing for a beginning wholesome working knowledge have been discussed. In logs, tasks, conversations and interviews I saw that students were becoming more secure and conscious of their choices further on in their education program. To receive on the job training in certain and organized periods gave the students a good opportunity to get to know employees, to observe and to try out different tasks/assignments. They also experienced that the key qualifications helped them to see the connection between different subjects within their educational program. During their training periods they experienced that these qualifications were central in their own work performance. The guiding documents`, and then in particular the curricular plan for the first year Health-and Social care studies, division of

subjects I experienced to be an obstacle for interdisciplinary education and organizing to develop a more wholesome vocational knowledge. These are challenges we must continue to work with.

Innhaldsliste

1 INNLEIING	9
1.1 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA/ INTRODUKSJON AV OPPGÅVA	9
1.2 MI FØREFORSTÅING	9
1.3 PROBLEMSTILLING	12
1.4 OPPBYGGING AV OPPGÅVA	13
1.5.....	14
1.6 MITT MÅL MED PROSJEKTET:.....	14
2 Å UTVIKLE EIN BYRJANDE HEILSKAPLEG YRKESKUNNSKAP	16
2.1 SYN PÅ KUNNSKAP	16
2.1.1 <i>Heilskapleg yrkeskunnskap</i>	16
2.1.2 <i>Meisterlære:</i>	20
2.1.3 <i>Refleksjon i og over handling:</i>	23
2.1.4 <i>Praksistrekanten:</i>	24
2.2 PEDAGOGISKE VERKTØY FOR Å LEGGE TIL RETTE FOR Å UTVIKLING AV BYRJANDE HEILSKAPLEG YRKESKUNNSKAP.....	26
2.2.1 <i>Arbeidspraksis i form av bedriftsbesøk og utplassering i arbeidspraksis</i>	28
2.2.2 <i>Tverrfaglege oppgåver knytt til praksisnære situasjonsskildringar, PBL:</i>	30
2.2.3 <i>Andre arbeidsformer:</i>	30
2.2.4 <i>Mappemetodikk som reiskap for utvikling av byrjande heilskapleg yrkeskunnskap,</i>	31
2.3 OPPSUMMERING:	32
3 NØKKELKVALIFIKASJONAR FOR HELSE- OG SOSIAFAGLEG ARBEID	32
3.1 INNLEIING.....	33
3.2 ETISK BEVISSTHEIT.....	33
3.3 SAMARBEIDSKOMPETANSE.....	34
3.4 KOMMUNIKASJONSFERDIGHET	35
3.5 OMSORG OG EMPATI.....	36
3.6 SJØLVINNSIKT OG SJØLVREFLEKSJON	37
3.7 OPPSUMMERING	38
4 KVA SEIER KUNNSKAPSLØFTET SINE STYRINGSDOKUMENT OM HEILSKAPLEG YRKESKUNNSKAP OG NØKKELKVALIFIKASJONAR	39
4.1 INNLEIING.....	39
4.2 LÆREPLAN GENERELL DEL	39
4.3 PRINSIPP FOR OPPLÆRINGA I KUNNSKAPSLØFTET.....	42
4.4 LÆREPLAN I VG1 HELSE- OG SOSIAFAG	43
4.4.1 <i>Ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap</i>	44

4.4.2	<i>Organisering av programfaga:</i>	45
4.4.3	<i>Vurdering av sluttkompetanse:</i>	45
4.4.4	<i>Nøkkelkvalifikasjoner:</i>	46
4.5	LÆREPLAN I PROSJEKT TIL FORDJUPING.....	49
4.6	OPPSUMMERING	53
5	PROSJEKTET SITT FORSKINGSDESIGN	53
5.1	INNLEIING.....	53
5.2	ULIKE SYN PÅ VITSKAP:.....	54
5.2.1	<i>Positivismen</i>	54
5.2.2	<i>Hermeneutikken</i>	55
5.2.3	<i>Fenomenologien</i>	56
5.2.4	<i>Hermeneutisk sirkel eller spiral:</i>	56
5.3	VAL AV FORSKINGSSTRATEGI:.....	56
5.3.1	<i>Min rolle som forskar på eigen praksis</i>	58
5.3.2	<i>Utvål av informantar</i>	59
5.3.3	<i>Grovplan for prosjektet</i>	60
5.3.4	<i>Arbeidsmåtar:</i>	64
5.3.5	<i>Vurdering:</i>	66
5.4	DOKUMENTASJON/ DATAINNSAMLING I PROSJEKTET.....	66
5.4.1	<i>Loggar og refleksjonsoppgåver:</i>	66
5.4.2	<i>Rettleatings/utviklingssamtaler</i>	67
5.4.3	<i>Kvalitative intervju med elevane</i>	68
5.5	PRESENTASJON OG ANALYSE AV DATA	68
5.5.1	<i>Utvikling av byrjande heilskapleg yrkeskompetanse:</i>	69
5.5.2	<i>Bevisstgjering av nøkkelkvalifikasjoner</i> :.....	69
5.5.3	<i>Stemma til deltakarane</i>	70
5.5.4	<i>Tolkingskontekst</i>	70
5.5.5	<i>Hermeneutisk struktur og dei hermeneutiske prinsipp for innhenting og tolking av informasjon.</i> 70	
5.5.6	<i>Reliabilitet og validitet:</i>	73
5.6	OPPSUMMERING	74
6	GJENNOMFØRING AV PROSJEKTET FOR Å LEGGE TIL RETTE FOR BYRJANDE YRKESKUNNSKAP	75
6.1	INNLEIING.....	75
6.2	BOLK 1: VEKE 34-38: EIN SPENNANDE START PÅ SKULEÅRET.....	76
6.2.1	<i>Bli kjent med nøkkelkvalifikasjoner som utgangspunkt</i>	77
6.2.2	<i>Å bli kjend med kompetansemål i læreplanane</i>	79
6.2.3	<i>Bli kjend samtal</i>	80
6.2.4	<i>Refleksjonar rundt starten av skuleåret:</i>	80
6.3	BOLK 2: VEKE 39-44 Å BLI KJENT MED ULIKE YRKER OG ARBEIDSPLASSAR.....	83

6.3.1	<i>Oversikt over aktuelle arbeidsplassar innan programområde helse- og sosialfag</i>	84
6.3.2	<i>Bedriftsbesøk med loggskriving.....</i>	84
6.3.3	<i>Arbeid med tverrfagleg oppgåve:.....</i>	87
6.3.4	<i>Utviklings/rettleiingssamtale etter bedriftsbesøka</i>	88
6.3.5	<i>Refleksjon etter bedriftsbesøk og tverrfagleg oppgåve:</i>	89
6.4	BOLK 3: VEKE 44-2 DEN FØRSTE ARBEIDSPRAKSIS OG SPENNANDE ERFARING MED ARBEIDSLIVET	92
6.4.1	<i>Arbeidspraksis med loggskriving</i>	92
6.4.2	<i>PBL oppgåve om kultur og religion:.....</i>	95
6.4.3	<i>Kva seier refleksjonsoppgåva og utviklingssamtala om byrjande heilsakleg yrkeskunnskap:</i>	96
6.4.4	<i>Refleksjonar etter første praksis:</i>	98
6.5	BOLK 4: VEKE 3-12 NY ARBEIDSPRAKSIS OG NYE MULEGHEITER	102
6.5.1	102
6.5.2	<i>Arbeidspraksis med loggskriving</i>	102
6.5.3	<i>Refleksjon etter andre arbeidspraksis:</i>	105
6.6	BOLK 5 VEKE 12-18: Å FÅ VERE NYFIKEN OG PRØVE UT DRAUMAR	108
6.6.1	108
6.6.2	<i>Avsluttande arbeidspraksis med føring av logg og refleksjonsoppgåve og rettleiingssamtale ..</i>	108
6.6.3	<i>Oppsummering av elevane sine tankar om nøkkelkvalifikasjonar</i>	109
6.6.4	<i>Refleksjon over siste arbeidspraksis:</i>	114
6.7	BOLK 6: VEKE 19-25 OPPSUMMERING AV SKULEÅRET OG LUKKE TIL PÅ VEGEN	116
6.7.1	116
6.7.2	<i>Eleven si læreplan i PTF og ei avsluttande utviklings/rettleiingssamtale:.....</i>	116
6.7.3	<i>Oppsummerande intervju på slutten av skuleåret</i>	117
6.7.4	<i>Refleksjonar på slutten av skuleåret:</i>	119
6.8	OPPSUMMERING AV PROSJEKTET:	120
7	ANALYSE OG DRØFTING AV UTVIKLINGSPROSJEKTET	121
7.1	INNLEIING:.....	122
7.2	ARBEIDSPRAKSIS SOM REISKAP FOR Å LEGGE TIL RETTE FOR EIN BYRJANDE HEILSKAPLEG YRKESKUNNSKAP:.....	122
7.3	BRUK AV ELEVAKTIVE ARBEIDSMÅTAR FOR Å LEGGE TIL RETTE FOR EIN BYRJANDE HEILSKAPLEG YRKESKUNNSKAP:.....	124
7.4	KORLEIS KAN NØKKELKVALIFIKASJONAR LEGGE TIL RETTE FOR BYRJANDE HEILSKAPLEG YRKESKUNNSKAP:.....	125
7.5	TID TIL REFLEKSJON FOR Å LEGGE TIL RETTE FOR BYRJANDE UTVIKLING AV HEILSKAPLEG YRKESKUNNSKAP:.....	126
7.6	KORLEIS OPPLEVER ELEVANE SI UTVIKLING AV EIN BYRJANDE HEILSKAPLEG YRKESKUNNSKAP:	127
7.7	AKSJONSFORSKING SOM STRATEGI FOR Å LEGGE TIL RETTE FOR BYRJANDE HEILSKAPLEG YRKESKUNNSKAP	128
7.8	KVA SEIER STYRINGSDOCUMENTA OM TILRETTELEGGING AV BYRJANDE HEILSKAPLEG YRKESKUNNSKAP:	
	129	

7.9 MINE AVSLUTTANDE REFLEKSJONAR RUNDT PROSJEKTET:	130
8 LITTERATURLISTE	132
VEDLEGG:	136

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema/ introduksjon av oppgåva

Eg arbeider som pedagog i vidaregåande skule og min fagkompetanse er spesielt retta mot helse- og sosialfag. I løpet av mi fartstid som faglærar har det vore ei stadig endring og utvikling i både den pedagogiske kvarldagen og kva krav som vert sett for å utøve yrket.

I 2006 vart ei ny reform; Kunnskapsløftet, innført både i grunnskulen og vidaregåande skule. Ei ny reform inneber både utfordringar og krav om omstilling for oss som arbeider i denne sektoren. Det er viktig å tenke utvikling og forbetring uansett kva yrke og arbeidsoppgåver ein har. Mi oppfatning er at dette er spesielt viktig innanfor eit område som avspeglar samfunnet, slik skulen gjer.

1.2 Mi føreforståing

Med føreforståing meiner eg at mi oppfatning av verkelegheita ikkje berre bygger på kva eg sansar, men også kva eg tolkar ut i frå mine sanseintrykk. Den er heilt sentral då den seier noko om mi oppfatning av omverda. Den vert ofte påverka av kva vurderingar eg gjer, i dette ligg også ønsketenking (Thuren, 2006) .

Ved innføring av reform 94 opplevde eg som faglærar på studieretning helse- og sosialfag, ei sterkare teoretisk vinkling av fagutdanninga. Det kunnskapssynet som etter mi meining fekk mest gjennomslag var knytt til ein instrumentell, teknologisk pedagogikk. I boka ”Å utdanne profesjonelle yrkesutøvarar” forklarer ein dette med at teoretisk kunnskap vart tillagt stor vekt. Denne kunnskapen skulle vere målbar og objektiv, og teorien ein underviste skulle enkelt overførast og brukast i profesjonell praksis (Hiim & Hippe, 2001). Fleire fellesfag som matematikk og naturfag vart meir vektlagt. Studieretningsfaga var delte i ulike modular og var tydeleg avgrensa med inndeling i ulike kunnskapsmål. På grunnkurs helse- og sosialfag var faga inndelt i t.d. humanbiologi, kost- og ernæring og psykologi og dei var igjen konkretiserte i presise mål. Mykje av undervisninga føregjekk ved tradisjonell kunnskapsoverføring i klasserommet, og elevane fekk ikkje høve til å nytte kunnskapen i ein praktisk situasjon. Som avslutning på skuleåret skulle elevane gjennomføre ein tverrfagleg skriftleg eksamen. Denne skulle vise deira teoretiske ferdigheter innanfor dei ulike faga, og om dei klarte å sjå samanheng mellom dei, relatert til ein tenkt yrkessituasjon.

Eg opplevde som faglærar at elevane synest at dette var vanskeleg. Elevane hadde lite eller ingen erfaring med konkrete arbeidsoppgåver, og dei visste heller ikkje korleis dei skulle løyse oppgåvene i ein tenkt praktisk situasjon. Elevane vart målte ut i frå kor mykje teori dei hadde tileigna seg, og dette skulle dei vise ved å setje kunnskapen i eit kunstig/tenkt praktisk døme. I boka å utdanne profesjonelle yrkesutøvarar, påpeiker forfattarane at det synes som yrkesutdanningane har gått i retning av ei auka teoretisering (Hiim & Hippe, 2001) .

Mi oppfatning er at innføring av kunnskapsløftet har endra dette fokuset. Framleis har ein fellesfag på yrkesfaglege utdanningsprogram. Dei er forankra i instrumentelt/ mål – middel tenking og retta mot teoretiske læreplanmål. Dei er i litra grad knytt opp mot felles programfag på dei yrkesfagleg utdanningsprogramma. I følgje pedagogar som underviser i desse fellesfaga, er dei no mindre yrkesretta, enn ved forrige reform; Reform -94. Eg opplever at desse faga sin didaktiske plattform framleis er prega av tradisjonell kunnskapsformidling.

I Utdanning nr. 7/08 refererer Lena Opseth til ein konferanse; ”Yrkesfagene og Kunnskapsløftet”, der ein påpeiker at opplæringa i yrkesfag er for teoritung og må gjerast meir praktisk. I artikkelen ” Vurderer mindre teori” skriv ho at kjem det signal frå Kunnskapsdepartementet om å få inn innspel i arbeidet med å justere læreplanar for yrkesfaga. Likeeins er det nedsett eit eige utval i departementet for å arbeide med dei utfordringar fag- og yrkesopplæringa vil møte i framtida (Opseth, 2008).

Det som er nytt i Kunnskapsløftet innanfor tidlegar yrkesfaglege studierettingar, er at læreplanane i mindre grad er delt inn i fagområde, men har vidare såkalla programområde. I tillegg er det kome til eit nytt fag; Prosjekt til fordjuping. I dette faget har elevane høve til å prøve ut ulike yrker og arbeidsområde, og dermed få praktisk innsikt i arbeidslivet før dei avsluttar skulegangen. Ved innføring av Kunnskapsløftet var frustrasjonsnivået høgt. Vi som var tilsette ved skulen var lite førebudde på å møte utfordringane. Vi opplevde ikkje noko eigarforhold til dei nye planane, men så hadde vi heller ikkje delteke i utforminga av dei. Som vanleg vert nye reformer tenkt ut og planlagde i ein annan setting enn der dei skal gjennomførast.

Når reforma var vedteken og nye planer låg klare, var vår oppgåve å gjere det beste ut i frå våre føresetnader. Difor måtte vi legge bort dei tidlegar læreplanane og konsentrere oss om

dei nye. Det kom nye læreplanverk frå forlaga, og i ein periode med store endringar let eg meg styre av læreplanverket sin mal. Eit lettvint og for meg nokså trygt val, då forfattarane hadde arbeidd grundig med læreplanmåla.

I det nye faget prosjekt til fordjuping fekk vi høve til å prøve ut meir praksisretta undervisning. Her var det berre generelle føringar frå sentralt hald, og lokale eigarar (fylkeskommunen) og kvar enkelt skule vart utfordra til å utarbeide eigne lokale læreplanar i faget. I første omgang konsentrerte eg og mine kollegaer om å finne ein måte å gjennomføre dette programfaget ut i frå læreplan, rammer og våre og elevane sine føresetnader.

I mitt masterstudie ynskjer eg å arbeide vidare med dette faget og utvikle det til eit eigna reiskap for yrkeskunnskap og yrkesbevisstheit hos elevane. I tillegg ynskjer eg å trekke inn dei andre programfaga i denne yrkesutdaninga, slik at elevane opplever ein heilskap og ser samanhengar i dei ulike faga.

Eg meiner at **prosjekt til fordjuping** bør vere eit sentralt programfag. Det skal saman med dei tre programfaga i Vg1 helse- og sosialfag; **helsefremjande arbeid, kommunikasjon og samhandling og yrkesutøving** sikre at elevane får ein byrjande heilskapleg yrkeskompetanse i dette utdanningsprogrammet. Mi oppfatning er at elevane skal arbeide med kunnskap som er grunnleggande for ulike yrke innanfor dette utdanningsprogrammet. Det er også viktig å sjå dei tre programfaga og prosjekt til fordjuping i ein større samanheng, der elevane opplever at faga utgjer ein heilskap.

Då eg les boka til Torill Ekelund; ”Yrkesdidaktikk for grunnutdanning i helse- og sosialfag” (Ekelund, 2007) fann eg at ho tok føre seg viktige kjenneteikn for helse- og sosialfagleg arbeid. Nøkkelkvalifikasjonane ho trekte fram er etisk bevisstheit, evne til empati og omsorg, samarbeidskompetanse og kommunikasjonsferdigheiter. Eg meiner at desse kvalifikasjonane kan vere eit reiskap for å yrkesrette undervisninga. Dei er konkrete og viser til spesifikke eigenskapar og mål å arbeide mot i yrkesopplæringa. I dette prosjektet har det blitt lagt til ein ny kvalifikasjon. Elevane må fordjupe seg og lære både i teori og praksis dei kvalifikasjonane, som er nemnt ovanfor. Eg er overtydd om at sjølvrefleksjon og sjølvforståing er viktig for at elevane skal utvikle desse eigenskapane, og gjere dei til ein del av sin yrkeskunnskap. Det er mykje fagstoff og teorigrunnlag for å setje seg inn i omgrepa, men mi oppfatning er at når eleven kan sjå desse kvalifikasjonane ut i frå di eiga erfaring, er dei blitt meir enn abstrakte omgrep og teoretiske faguttrykk.

I prosjektoppgåve 3 tok eg føre meg dei ulike programfaga på Vg1 helse- og sosialfag og drøfta i kva grad desse nøkkelkvalifikasjonane var å finne i kompetansemåla til kvar enkelt programområde (Rygg, 2008) . Etter å ha analysert kvart enkelt mål fann eg at nøkkelkvalifikasjonane var sentrale i mange mål, spesielt innanfor programområde kommunikasjon og samhandling og yrkesutøving. Dessverre var det vanskeleg å finne kompetansemål som peika direkte mot kvalifikasjonane i helsefremjande arbeid, men i mitt vidare arbeid med å gjere utdanninga mest muleg heilskapleg, vil eg fortsetje å arbeide for å trekke dette programområdet med i ei felles tverrfagleg opplæring. Eg ser på dette arbeidet som eit kontinuerleg utvikling, der det stadig vil kome fram nye moment og ein vil sjå nye løysingar.

1.3 Problemstilling

Nye reformer i opplæringssektoren krev mykje av dei som skal setje dei ut i livet. Difor opplever eg det svært positivt å kunne fordjupe meg i desse utfordringane i eit masterstudie. Dette gjev meg høve til å gå mykje djupare inn i bakgrunnsmaterialet for Kunnskapsløftet og prøve ut nye pedagogiske verktøy for å nå dei mål reforma set.

Mitt hovudfokus er korleis legge til rette for at elevane på Vg1 helse- og sosialfag i større grad skal få yrkesretta si opplæring. Elevane har vald eit programområde innanfor yrkesfagleg studiar. Dei må få høve til å bli kjend med deira framtidige arbeidsoppgåver og kva som kjenneteiknar ulike yrke innan denne sektoren. Ei yrkesretting av opplæringa vil gje elevane innsyn i det mangfold av yrke og arbeidsoppgåver det er å velje i mellom i denne sektoren. Elevar som er usikre vil også lettare kunne vurdere om dette er rett yrkesutdanning for dei.

Eg opplever at det er lagt lite vekt på yrkesretta opplæring i Vg1 helse- og sosialfag. Både arbeidsmetodar og undervisning er retta mot påstandskunnskap og det er mykje formidlingsprega undervisning. Elevane har lite kjennskap til arbeidslivet som yrkesutdanninga skal førebu dei til.

Mi problemstilling er følgjande:

Korleis legge til rette for utvikling av byrjande yrkeskunnskap for elevar på VG1 helse og sosialfag?

Erfaringar gjort frå ei VG1 klasse i helse- og sosialfag ved ein vidaregåande skule i Song og Fjordane .

Ut i frå denne problemstillinga vil eg stille følgjande forskingsspørsmål:

Korleis kan fokus på nøkkelkvalifikasjonar bidra til at opplæringa på Vg1 helse- og sosialfag legg til rette for utvikling av byrjande yrkeskunnskap?

Som tidlegar nemnt vart eg inspirert av eit prosjekt som trekte inn nøkkelkvalifikasjonar i opplæringa i Vg1 helse- og sosialfag. Dei omhandlar sentrale eigenskapar som kjenneteiknar yrkesutøvinga innan denne sektoren. Nøkkelkvalifikasjonane omhandlar etisk bevisshet, kommunikasjonsevne, samarbeidskompetanse, omsorg og empati og sjølvinnssikt/sjølvrefleksjon. Dei vil bli meir utførleg omtalt i kapittel 3.

Korleis kan faget prosjekt til fordjuping vere medverkande til at opplæringa legg til rette for utvikling av byrjande yrkeskunnskap?

Ved innføring av Kunnskapsløftet vart faget Prosjekt til fordjuping innført på alle yrkesfaglege programområde. Dette faget opnar for meir yrkesretting av opplæringa, då elevane kan velje å fordjupe seg i kompetanseområdet i eit programområde på Vg3 innan same studieretning. Dette opnar for opplæring med meir vekt på arbeidspraksis og elevaktive arbeidsformer. Difor vil mitt fokus i prosjektet vere spesielt retta mot dette faget, fordi læreplanen nettopp legg vekt på ei yrkesretta opplæring.

1.4 Oppbygging av oppgåva

I første del av oppgåva vil eg ta føre meg kva tankar og føresetnadane eg hadde då eg starta på oppgåva. Som ei avslutning av denne delen set eg opp problemformulering og forskingsspørsmål som eg ynskjer å få svar på i oppgåva.

Kapittel 2 omhandlar sentrale omgrep i oppgåva. Dette dreier seg om kva kunnskap er og ulike former for kunnskap. Eg vil også drøfte kva eg legg i yrkesretting av undervisninga og tverrfagleg tilrettelegging av opplæring. Då er det naturleg å trekke inn pedagogiske retningar /teoriar som eg meiner gjev støtte for mitt pedagogiske syn.

I kapittel 3 vil eg gjere greie for kva eg legg i nøkkelkvalifikasjonar og grunngjeving for å bruke dei i opplæringa. Her vil eg også trekke fram tverrfagleg gjering av opplæringa i lys av desse kvalifikasjonane.

I kapittel 4 vil eg sjå på sentrale styringsdokument og kva dei seier i høve mine forskingsspørsmål. Er det føringar i dei som gjev støtte for mitt prosjekt eller peiker innhaldet i dokumenta mot andre tilnærmingar.

Kapittel 5 omfattar kva metodisk tilnærming oppgåva mi har. Eg tek utgangspunkt i ulike tradisjonar og grunngjev mine val av forskingsmetodar. Desse vil eg utdjupe og drøfte dei opp mot sentrale krav i alt forskingsarbeid; reliabilitet og validitet. Det er også viktig å få fram tankar eg har gjort meg som forskar i eigen arbeidspraksis. Dette kapittelet omfattar også ei grovplan av prosjektet.

Deretter i kapittel 6 vil eg gjere greie for korleis prosjektet vart gjennomført og trekke inn erfaringar som elevane, mine medarbeidarar og eg kom fram med i prosjektet. Prosjektet vert presentert i kronologisk rekkefølgje, etter dei seks bokane eg har delt skuleåret inn i. Bakgrunn for presentasjonen er loggar, samtaler med elevar og kollegaer, arbeidsoppgåver og intervju. Til slutt i kvar bok er det ei oppsummering med vurdering og konsekvensar for arbeidet vidare.

I kapittel 7 vil eg gjennomføre ei analyse av mitt material og drøfte kva prosjektet har gitt av svar i høve til problemformuleringa og dei underliggende forskingsspørsmåla. Eg vil også drøfte vegen vidare og styrke til liks med svakheiter som eg meiner er viktig å få fram om prosjektet.

1.5

1.6 Mitt mål med prosjektet:

Som sagt vart eg inspirert av Torill Ekelund sitt utviklingsarbeid. Ho tok konkret føre seg viktige eigenskapar knytt til å arbeide med menneske. Det gav eit godt utgangspunkt for å konkretisere kva eit utvida kunnskapssyn innebar med tanke på eit opplæringslaup for vg1 helse og sosialfag. Vidare var ei ny reform som innebar ei meir yrkesretting av utdanning mulegheit for å endre den pedagogiske kvardagen min.

(Som nemnt tidlegare) er mitt ynskje å gjere opplæringa på helse- og sosialfag mindre teoretisk og meir praktisk retta. Helse og sosialfag er ei yrkesutdanning med verdi og praksisforankring. Dette ynskjer eg må kome tydlegare fram i starten av yrkesutdanninga. Ved å drive med utviklingsarbeid opplever eg ei bevisstgjering av min eigen praksis. Det er både utfordrande og spennande å setje fokus på kva eg gjer eventuelt ikkje gjer. I tillegg vert også mine elevar og arbeidskollega aktive aktørar i utviklingsarbeidet. Arbeidsdagen vert prega av diskusjonar og refleksjonar over opplæring og utvikling.

Mitt mål er å gje elevane ei forståing av kva som ligg i å arbeide innanfor helse- og sosialfaglege yrke. Elevane på Vg1 helse- og sosialfag byrjar skulegangen med tankar og ynskje om å bli kjend med og etter kvart få innsikt i kva som kjenneteiknar arbeid innanfor helse og sosialfag. Det er viktig å ivareta deira opne sinn og motivasjon for dette yrkesvalet. Då må også opplæringa legge til rette for at dei får høve til å bli kjend med yrkeslivet. Difor er det nødvendig å yrkesrette opplæringa for å gjere den meiningsfull for elevane.

2 Å utvikle ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap

I dette kapittelet vil eg ta føre meg kva eg legg i omgrepet heilskapleg yrkeskunnskap og greie ut om teori knytt opp mot dette. Vidare vil eg gjere greie for val av undervisningsmetodar som har blitt introdusert og nytta i prosjektet.

2.1 Syn på kunnskap

Eg byggjer på eit holistisk syn på utvikling av byrjande yrkeskompetanse. Holistisk tyder heilskap og eit holistisk syn betyr å ha eit heilskapleg perspektiv (Aadland, 2004, p. 240). Eg meiner at elevane må få kjennskap til mest muleg av kva yrkesutdanninga omfattar. Difor vert teoretisk undervisning i klasserommet eit alt for snevert grunnlag. Skal elevane få kunnskap om ei framtidig yrkesutdanning innanfor helse- og sosialfag, er det nødvendig at dei vert kjend med og gjer sine erfaringar om det mangfald ei slik utdanning omfattar.

Helse- og sosialfagleg utdanning må ha som mål at yrkesutøvarane får utvikle ein fagleg handlingskompetanse . Det vil seie å ha evne til å gjere noko i praksis. Yrka innan helse- og sosialfag er kjenneteikna av praktisk arbeid i nær kontakt med andre menneske. For å utvikle denne kompetansen meiner eg at opplæringa må integrere fagkunnskap og ferdigheter i praktisk arbeid, der elevane får øve seg, gjere sine erfaringar og reflektere over dei. Men dette krev at elevane får høve til å sjå samanheng med det dei lærer i arbeidspraktisk og på skulen.

2.1.1 Heilskapleg yrkeskunnskap

Mitt utgangspunkt er at yrkeskunnskap inneber: Praktiske og teoretiske aspekt ved yrkeskunnskapen blir oppfattet som en uløseleg helhet, noe som innebærer at læring^s, kunnskapsutvikling og forskning må ta utgangspunkt i praktisk yrkesutøvelse. Det betyr at yrkeskunnskap ikkje kan betraktes som , læres eller utvikles som, en sum av tradisjonelle vitenskaps- eller skolefag, men må vere strukturert omkring selve yrkesutøvelsen (Hiim & Hippe, 2001, p. 93).

Med denne definisjonen vil opplæringa på vg1 helse- og sosialfag måtte endrast for å møte dei krav som ligg i heilskapleg yrkeskunnskap. Som det er skildra ovanfor omfattar yrkeskunnskap mykje meir enn bokleg lærdom og nedskrivne erfaringar andre har gjort seg. Dersom eleven ikkje får gjere seg eigne erfaringar i kontakt med arbeidslivet, vil eleven byggje sin kunnskap på eit teoretisk fundament. Eleven vil ikkje utvikle dei andre sidene av

sin yrkeskompetanse, kontakta med pasientar og medarbeidrarar, deira eigne personlege ferdigheiter og etiske refleksjonar.

I omgrepet heilskapleg legg eg vekt på det syn som kjem fram i følgjande definisjon av eit utvida syn på kunnskap:

Et utvidet kunnskapsbegrep innebærer at kunnskap like mye kan betraktes i et prosessperspektiv, at det er snakk om en prosess som stadig utvikler seg i et spenningsforhold mellom praktiske utfordringer, refleksjoner over gjennomføring og utvidelse av forståelsen. Dette innebærer at det i liten grad blir noe skille mellom handlingsaspektet, forståelsesaspektet og følelsesaspektet i kunnskapen. Kunnskap blir en helhetlig prosess der alt dette virker sammen (Hiim & Hippe, 2001, p. 29).

Det vitskapssynet som ligg til grunn for desse definisjonane er hermeneutisk tradisjon. Denne tradisjonen bygger på tolking og forståing, der ein for å forstå ei handling eller eit fenomen knyt det til ei hensikt eller ei mening. For å forstå kva ei yrkesutdanning inneber, er det nødvendig å ha eit heilskapleg syn på kva yrket omfattar. Det er ikkje nok berre med å setje ord på konkrete arbeidsoppgåver og prosedyrar. Ein må trekke inn også yrkesutøvaren si hensikt og subjektive meininger i si yrkesutøving.

I dette synet på yrkeskunnskap må ein trekke inn ulike former for kunnskap.

Eg vil ta føre meg dei ulike former for /syn på kunnskap og sjå dei i relasjon til opplæringa på Vg1 helse- og sosialfag.

Som eg tidlegare har nemnt har undervisinga på Vg1 helse- og sosialfag vore prega av formidling av mykje teoretisk kunnskap. Denne form for kunnskap kallast påstandskunnskap. Wittgenstein definerer den som kunnskap som heilt og halden kan artikulerast språkleg , som verbalisert kunnskap (Lauvås & Handal, 2000). Den skal vere objektiv og sann, og byggjer på eit positivistisk vitskapsyn. *Gjennom systematisk tvil, kontrollerte eksperiment og streng metodisk utleining vil ein kome til mest muleg sikker kunnskap* (Aadland, 2004, p. 71). Denne form for tileigning av kunnskap har lange tradisjonar i skulen og har etter mi mening ein for dominerande rolle innanfor helse- og sosialfag opplæring. Elevane skal utvikle ein byrjande yrkeskunnskap ved å fordjupe seg i fagstoff ein finn i lærebøker. Utdjuping av verbaliserte teoriar og omgrep vert formidla i form av tavleundervising. Mine erfaringar er denne tradisjonen framleis er sterk. Lærebøkene i ulike fag er styrande for opplæring. Undervisinga vert lagt opp etter korleis tema vert utgreia i lærebøkene. Likeeins er tradisjonell kunnskapsformidling frå lærar til elev det dominerande. Læraren har bestemt kva som skal gjennomgåast av lærstoff og korleis denne

gjennomgangen skal gå føre seg. Den rådande metodiske framgangsmåten er formidling. Læraren går gjennom fagstoffet på tavla og elevane spelar ein passiv og mottakande rolle. Læraren er eksperten som auser av sin kunnskap og eleven skal fordomsfritt og som eit trekkpapir ta i mot kunnskap.

Eg meiner det er nødvendig for elevane også å tilegne seg verbalisert kunnskap, men at denne verbale kunnskapsforma er for dominerande. Dei andre formene for kunnskap vert neglisjert og lite vedsett, og det meiner eg vil hindre elevane i å utvikle heilskapleg kunnskap.

Difor må andre former for kunnskap få større fokus i utviklinga av heilskapleg yrkeskunnskap innan vg1 helse- og sosialfag. Dette omfattar då det som kallast taus kunnskap og fortrulegheitskunnskap (Hiim & Hippe, 2001). Det er nødvendig å ha med erfaring, handling og følelsar elles vil ein stykke opp opplæringa og elevane vil miste oversikt og mening om kva yrkesopplæringa inneheld. Dette viser seg i form av praksissjokket, når elevane kjem ut i arbeidslivet etter å ha fullført den teoretiske delen av yrkesutdanninga og dei opplever at arbeidsoppgåvene inneber mykje meir enn det som dei har førestilt seg.

Det er nødvendig med *eit utvida syn på rasjonalitet, hvor handling, forståing, følelser og språk opptrer i en helhetlig prosess* (Hiim & Hippe, 2001, p. 87). Difor er det viktig å trekke inn dei andre formene for kunnskap og legge vekt på desse i opplæringa, for at elevane skal få ein å byrjande heilskapleg yrkeskunnskap.

Kritikken av det tradisjonelle kunnskapsbegrepet handler om at yrkeskunnskap/kompetanse innebærer noe annet og mer enn anvendelse av generelle teorier og teoretiske prosedyrer. Utvikling av yrkeskompetanse krever praktisk yrkeserfaring og erfaring med utøvelse av skjønn. *Yrkeskunnskap består mer av et komplekst samspill mellom ferdigheter relatert til sanseforhold-øyne, ører, berøring, bevegelser- og begreper og forståelse, og dette utgjør komplekse helheter* (Hiim & Hippe, 2001, p. 65).

Desse formene for kunnskap vert gjerne omtalt som taus kunnskap: Kunnskap som en av logiske grunnar ikkje kan formulerast i språkleg form. Kunnskapen sin tause dimensjon kjem til syne i det vi gjer, i døme på meiningsfull omgang med tinga og bruk av omgrep og reglar (Hiim & Hippe, 2001, p. 78).

I arbeid med andre menneske er det mykje vi gjer som vi ikkje alltid kan setje ord på kvifor vi gjer som vi gjer. For meg som lærar opplever eg dette dagleg. I mi kontakt med elevane vil det vere mange vurderingar og forhold som påverkar meg i mi yrkesutøving. Det er aldri

muleg å føresjå korleis ein arbeidsdag blir. Sjølv om eg har planar om korleis ei økt i opplæringa skal gjennomførast, vert den aldri som eg hadde tenkt. Innspel frå elevane og flotte diskusjonar i klassa fører til at undervisninga får nytt innhald. Slik vert også arbeidsdagen for ein som arbeider i helse – og sosialsektoren. Som yrkesutøvar vert ein utfordra til å hente frå sin mangfaldige arbeidserfaring for å møte kvar enkelt person på best muleg måte. Ein taler her om ulike former for kunnskap som ikkje så lett let seg verbalisere, men som likevel er heilt sentrale i yrkesutøvinga. Innanfor dette omgrepet opererer ein med ulike måtar å skildre denne kunnskapsforma på: fortrulegheitskunnskap, praktisk kunnskap, ferdigheitskunnskap.

Fortrulegheitskunnskap handlar om at den tause kunnskap berre kan tilegnast gjennom nærbond og erfaring med dei aktuelle fenomena, helst i form av praktisk yrkesutøving. Det å utvikle evne til å sjå likskap mellom ulike situasjonar, som på mange måtar kan framstå som ulike (Lauvås & Handal, 2000). I dette prosjekt er fokus at elevane i løpet av Vg1 får god kontakt med praksisfeltet og blir kjend med aktuelle arbeidsplassar. I denne kontakta vil dei etterkvart oppleve at sjølv om det er ulike menneske dei møter, vil det vere ein del fellestrekk i kontakta, korleis dei kommuniserer, samarbeider m.m.. Dette er det viktig å bevisstgjere elevane på.

Praksiskunnskap er knytt til ferdigheiter elevane tileigner seg når det gjeld å beherske utsagn og reglar og dels ein viss fortrulegheit med dei forholda utsegnene, reglane og teoriane seier noko om. Innføring av prosjekt til fordjuping i yrkesfagleg utdanning gav større rom for å utvikle praksiskunnskap. Denne kunnskapsforma meiner eg vert styrka ved å legge føringar for at elevane skal ha høve til arbeidspaksi i opplæringa. I denne praksiskunnskapen meiner eg at nøkkelkvalifikasjonane er sentrale. Elevane blir bevisste enkelte sentrale områder å ha fokus på. Dei får hjelp til å organisere ein omfattande og overveldande arbeidspaksi. Eg meiner at elvane utover i utdanningslaupet vil utvikle ein viss forståing for kva kvalifikasjonane inneber og sjå dei i samanheng med yrkeserfaringa. Det er viktig å gå gjennom av dei ulike nøkkelkvalifikasjonane og bruke konkrete døme. Eg diskuterer også i klassa korleis dei kjem til uttrykk også mellom elevane og mellom elev – lærar. Denne prosessen vil vedvare heile skuleåret, der nøkkelkvalifikasjonane blir trekt inn i ulike samanhengar. På den måten kan elevane sjå kor dei heng saman og korleis dei kjem til uttrykk i ulike samanhengar.

Også omgrepet erfaringsslæring kjem under omgrepet taus kunnskap. Det er dei personlege erfaringar ein gjer seg i kontakt med både påstandskunnskap og praksis. Dette må elevane tilegne seg i gjennomgang av lærestoff og kontakt med arbeidslivet, ved å få arbeidserfaring. Dette er nødvendig for å tilegne seg ein byrjande heilsakleg yrkeskunnskap.

Som oppsummering vil eg trekke fram Wittgenstein sitt syn på kunnskap: All verbalisert kunnskap eller påstandskunnskap kviler på eit fundament av taus kunnskap. Difor er det nødvendig at ein både ivaretok den tause kunnskap elevane har med seg i starten av opplæringa, og byggje vidare på den i utvikling av ein heilsakleg yrkeskunnskap. Elevane må få høve til å fordjupe seg i aktuell verbalisert kunnskap, men først og fremst få kjennskap og etter kvart få allsidig erfaring i det praktiske yrkeslivet. Det er viktig å legge til rette for en heilsakleg, samanhengande læring som har grunnlag i et heilsakleg og fleirdimensjonalt kunnskapsomgrep.

2.1.2 Meisterlære:

I utviklinga av heilsakleg yrkeskunnskap er det viktig å ha grunnleggande kunnskap om kva yrket går ut på, det som eg ovanfor kalla for påstandskunnskap. Men like viktig er det for framtidige yrkesutøvarar å tilegne seg ferdigheiter, holdningar og innsikt i yrket. Dette er vanskeleg for elevane å tilegne seg i ein tradisjonell teoretisk opplæringssituasjon. Eg meiner det krev praktisk erfaring, der ein bevisst legg vekt på å fordjupe seg i ulike områder innanfor yrkesutøvinga. Ved å fokusere på nøkkelkvalifikasjonar meiner eg at elevane får eit reiskap til å konkretisere og strukturere kva det vil seie å arbeide innanfor helse- og sosialfag. Dei er eit reiskap for å systematisere sentrale kjenneteikn ved yrkesutdanninga, og kan hjelpe elevane i sin refleksjon over utøving av ulike arbeidsoppgåver.

Mitt utgangspunkt er at elevane vert kjende med omgrepa, les og fordjupar seg i dei og reflekterer rundt dei i saman med lærar og medelevar. Deretter er målet at elevane skal ha med seg sine refleksjonar rundt kvalifikasjonane ut i arbeidspraksis. I kontakt med praksisfeltet får dei praktiske erfaringar saman med yrkesutøvarar som har mykje kunnskap om sitt arbeidsfelt. Det gjeld så vel påstandskunnskap som taus, fortruleg kunnskap. Ved å fokuser på nøkkelkvalifikasjonane, har elevane nokre knaggar å ta utgangspunkt i. Elevane er ukjende med arbeidsfeltet i første arbeidspraksis. Min tanke er at ved å ta utgangspunkt i nøkkelkvalifikasjonane har elevane fått ei innblikk i viktige kjenneteikn ved arbeid innan helse- og sosialfag. Dette vil hjelpe dei til å gjere eigne erfaringar og etter kvart refleksjonar over sin arbeidspraksis.

Eg vil illustrere dette ved hjelp av modellen for meisterlære som Dreyfus og Dreyfus har utvikla. Dei gjer greie for korleis vi tileignar oss ferdigheiter i form av ei utvikling i 5 ulike stadium; der det første er novise, deretter viderekomen nybyrjar, kompetanse, dyktigkeit og det siste stadium som kallast ekspertise (Nielsen, 1999).

Det første stadiet er novise, eleven er nybyrjar og veit lite om emnet. Difor er det naturleg at lærar går gjennom lærestoffet og forklarer sentrale omgrep. Elevane treng å fordjupe seg i kva nøkkelkvalifikasjonane går ut på. Dei må vite kva som kjenneteiknar desse kvalifikasjonane og finne kvardagslege situasjonar og opplevingar som det er lett å kjenne dei igjen i. Dei må også etter kvart sjå samanheng mellom kvalifikasjonane og kjenneteikn på yrkeskunnskap innafor helse- og sosialfag. Men dette inneber at elevane er aktiv med i opplæringa, og kjem med eigne bidrag ut i frå sine tidlegar erfaringar. Dei er med og definerer kva desse kvalifikasjonane går ut på og trekker fram eigne tankar. Dette er reist som kritikk av denne teorien, for *undervisning kan betraktes som en grunnleggende sett menneskelig, kommunikativ prosess, hvor gendsidig forståelse mellom lærer og studen er et hovedanliggende* (Hiim & Hippe, 2001, p. 63).

Det neste stadium er den vidarekomne nybyrjar. Etter hvert som novisen får erfaring i å mestre virkelige situasjoner, beynner han eller hun å legge merke til – eller læreren påpeker- klare eksempel på andre meningsfulle sider ved situasjonen (Nielsen, 1999, p. 54). Etter at elevane har gått gjennom ein del lærestoff om nøkkelkvalifikasjonar, blir det sett inn i ein kvardagsleg samanheng og konkretisert ved å ta utgangspunkt i kva som skjer i klassen. Her føregår det heile tida kommunikasjon og samarbeid, det blir framheva at å vise omsorg og etisk bevisstheit er nødvendig for å skape eit godt klassemiljø. Og ikkje minst er det viktig for elevane å bli bevisst seg sjølv og korleis dei er, ikkje berre ha fokus på andre medelevar. Dette er blitt diskutert og eksemplifiser i opplæringa, og det er viktig at elevane etter kvart får ei erkjenning av at dette ikkje berre som ord, men sentrale omgrep i kontakt med andre menneske. I denne skildringa av utvikling ligg etter kvart forståinga av at kunnskap ikkje lenger er dominert av påstandskunnskap, men at den tause fortrulege kunnskapen i større grad vert sentral.

Etter kvart som elevane blir fortulege med kvalifikasjonane og klarer sjå seg sjølv og desse ferdigheitene i ein større samanheng, vil dei utvikle seg mot neste stadium som kallast kompetanse. Elevane får velje seg arbeidspraksis der dei skal utvikle sin kompetanse og

vidareutvikle sine ferdigheter knytt til kvalifikasjonane. *Med større erfaring blir antallet potensielt relevante element som den lærende er i stand til å gjenkjenne, overveldende* (Nielsen, 1999, p. 54). Elevane skal i den første arbeidspraksis arbeide målretta mot enkelte av kvalifikasjonane, som dei sjølve vel ut. Etter kvart som dei får meir erfaring, får dei sjølve trekke inn og prøve ut dei ulike kvalifikasjonane, alt etter kva dei prioriterer. Dei byrjar å få innsikt i kva yrkeskunnskap innan helse- og sosialfag går ut på. I kontakt med pasientar og medarbeidarar vil dei få erfaringar som vil vidare utvikle deira fortrulegheit. Men det er veldig omfattande og eit vell av ulike faglege vinklingar å forholde seg til.

Stadium fire er dyktigheit, der eleven har tileigna seg noko ferdigheter og erfaring i ulike arbeidssituasjonar. Eleven ser framtredande trekk og har mål for si arbeidsutøving, men han eller ho ikkje nok ? til å ha oversikt over kva som må gjerast for å nå måla (Nielsen, 1999, p. 56). Til dette har eleven for lite erfaring, og eg meiner at dette stadium er ikkje let seg så lett gjere å nå i skulen. Eleven må ut i lære for å få tilegne seg mest muleg erfaring ved å prøve ut situasjonar og måtar å løyse situasjonane på. Desse erfaringane vil etter kvart opplevast som intuitiv forståing. Likeeins er også det siste stadium ekspertise eit mål som vert oppnådd langt fram i tid. *Eksperten ikke bare vet hva som kan oppnås, de vet også hvordan – takket være et stort repertoar av situasjonelle diskriminasjoner (Nielsen, 1999, p. 56)*). Dette er eit mål som alle yrkesutøvarar må strekke seg mot, og som krev aktiv innsats i si yrkesopplæring og vil vere ein lang veg å gå.

Men dei tre første nivåa meiner eg illustrerer godt måten å legge til rette for opplæringa, ved å gradvis rette fokus frå påstandskunnskap til meir taus, fortrulegheitskunnskap i utviklinga av byrjande yrkeskunnskap. Eg ser at denne teorien iallfall så langt eg har drøfta stadia illustrerer dei tankar eg har om mitt utviklingsprosjekt.

Eg vil også trekke inn eit anna perspektiv, som er kalla desentrert forståing av meisterlære, der fokus er den lærande si deltaking i eit praksisfellesskap. Det er også omtala som situert læring: *Læring som skjer ved deltaking ved deltakelse i forskjellige situasjoner i hverdagslivet snarere enn bare lærer- elevrelasjon. Læring er knyttet til utviklingen av personlige forutsetninger for å delta i forskjellige, bestemte handlekontekster i den samfunnsmessige praksis (Nielsen, 1999, p. 242)*. Her er fokus retta mot relasjonane som oppstår i den sosiale praksis, frå eleven er passivt observerande til å bli ein aktiv utøvande praktikant. Eleven får inntrykk frå ulike yrkesutøvarar, både lærlingar og ferdig utdanna. Det er ikkje berre

forholdet til ein meister som dannar grunnlag for læring (Nielsen, 1999, p. 92). I arbeidspraksis vil våre elevar møte mange ulike yrkesutøvarar og mykje av læringa vil vere å observere og etter kvart prøve ut kva dei erfarer frå dei andre.

2.1.3 Refleksjon i og over handling:

Ein annan aktuell teoretisk tilnærming i høve dette utviklingsprosjektet er Schön si utgreiing om handlingskunnskap og handlingsrefleksjon. Handlingskunnskap er kva ein yrkesutøvar har lært om yrket sitt. Men for at yrkeskunnskapen skal bli heilskapleg må yrkesutøvaren også ha handlingsrefleksjon. Refleksjon inneber at eit en tek eit steg tilbake, for å sjå og tenke over seg sjølv og kva ein gjer, for å få perspektiv på situasjonen (Molander, 1996). Schön forklarer handlingsrefleksjon ut i frå at dei fleste yrkessituasjonar har element av nyheit, usikkerheit og verdikonflikt i seg. Den utøvande må konstruere eller ramme inn situasjonen, bestemme ei tolking av den, slik at ein uklar og ubestemt situasjon vert omskapt til ein bestemt og avgrensa situasjon ein kan forholde seg til (Lauvås & Handal, 2000, p. 101). Denne handlingsrefleksjonen vert delt i refleksjon i handling og refleksjon over handling.


Refleksjon i handling er prega av reflekterande samtale i situasjonen. Eleven handlar, tenker og snakkar, i form av loggskriving i løpet av sin arbeidspraksis. Dei gjer sine erfaringar og tilpassar sine oppgåver ut i frå aktuell situasjon. Denne refleksjon i handling har eit metaperspektiv, der yrkesteori vert bevisst vald, brukt og kritisert (Hiim & Hippe, 2001). I dette prosjektet er nøkkelkvalifikasjonar sentrale i metaperspektivet. Dei er eit godt utgangspunkt for elevane til å gjere val, bruke og kritisere kva dei legg i kvalifikasjonane i aktuelle arbeidsprosessar.

Refleksjon over handling er det tankearbeid som vert gjort etter at handlinga er utført, der elevane etter å ha fullført ein arbeidspraksis ved hjelp av sine loggar skriv eit refleksjonsnotat om sine erfaringar og deler sine tankar med medelevar og lærar i ein open diskusjon i klassa. Det at elevane får dele sine erfaringar og tankar rundt dei vil stimulere dei til systematisk refleksjon over sin yrkespraksis. I utviklingsprosjekt er det lagt til ein ekstra nøkkelkvalifikasjon som vert omtala som sjølvinnssikt/ sjølvrefleksjon. Årsak til dette er tanken om kor viktig der er å legge vekt på å utvikle ei reflektiv haldning. Dette er ein viktig eigenskap som bør vere sentral både i den byrjande utviklinga av heilskapleg yrkeskompetanse, og i yrkesutøvinga som autorisert fagperson. Eg meiner ein må strekke seg

mot vidare utvikling i høve denne kvalifikasjonen, ein kan alltid lære noko nytt og reflektere vidare over sine handlingar og holdningar. Difor er også teorien om meisterlære blitt kritisert, fordi den opnar for ei tolking som den utlærde ekspert. Det er noko eg trur berre er eit ønske og ingen realitet, kvar dag inneber nye utfordringar og høve til å utvikle seg vidare både som yrkesutøvar og menneske.

2.1.4 Praksistrekanten:

Då praksisopplæring er sentralt i mitt prosjekt ynskjer eg også å bruke Handal og Lauvås si utgreiing om praksistrekanten for å illustrere mine tankar om prosjektet. Praksistrekanten tek føre seg forholdet mellom teori og praksis. I skulekvardagen er mykje av opplæringa teoretisk, i form av formidling av bokleg lærdom, det som eg ovanfor kalla påstandskunnskap. Dette vert ofte sett som på som ein motsats til praksis, som er den handlande og kalla den tause, ikkje verbaliserte kunnskapen. Denne kunnskapen har ikkje vore framtredande på same måte i opplæringa innanfor Vg1 helse- og sosialfag. Det er praksisfeltet som har ivaretake å utvikle praktiske ferdigheiter, etter at elevane har gjennomgått 2-årig teoretisk kunnskap i form av formidling. Men ser elevane samanheng mellom desse to områda?. Klarer dei å sjå at det dei lærer på skulen og det som møter dei ute i arbeidslivet er to sider av same sak? Ser dei at dette er ein heilskap og for å kunne utøve yrke må dei også ha tileigna seg kunnskap som ikkje dei finn svar på i lærebøkene. Forsking innan dette feltet viser at elevane opplever overgangen frå å vere elev til lærling som problematisk. Dei har vanskar med å sjå samanheng mellom det dei har lært på skulen og kva som vert kravd av dei som lærlingar. Praksis er ein relasjon mellom ein ytre røyndom og vår tenking om den. Praksis er vår tenking om – og vår handling i. denne røyndomen (Lauvås & Handal, 2000, p. 107). I yrkesutdanninga innan helse- og sosialfag meiner eg at både teoretisk kunnskap og praktisk erfaring er viktig. Men det er nødvendig at desse utgjer ein størst muleg heilskap frå elevane byrjar på denne utdanninga. Det vil seie at elevane allereie på Vg1 helse- og sosialfag opplever samsvar mellom det skulen formidlar og det dei erfarer i arbeidspraksis. Difor er det nødvendig med eit tett samarbeid mellom desse områda. Begge deler er viktige for å utvikle ein heilskapleg kompetanse.



Figur frå Lauvås og Handal

Praksistrekanten er inndelt i tre nivå: P1, P2 og P3. P1 nivået er det konkrete handlingsplanet, det vil seie praksis, dei praktiske yrkesfaglege handlingane som let seg observere. I mitt prosjekt er det den erfaring elevane får av praktiske arbeidsoppgåver på skulen og den arbeidserfaring dei gjer seg i utplassering på arbeidsplassar.

P2 nivået er kunnskap, det vil seie teoriplanet, det vil seie teoribaserte og erfaringsbaserte forståingar, grunngjevingar og anvisingar for praksis og praktisk handling. Dette utgjer det elevane tileigner seg av kunnskap på skulen i form av teoretisk lærdom, diskusjonar i klassa, den erfaring lærarane formidlar i tillegg til kunnskap og erfaringar elevane har frå før av.

P3 nivået er dei filosofiske, meta-teoretiske og etiske antagelsane og grunngjevingane. Det er verdiar, etiske grunngjevingar og det grunnleggande syn ein har på samfunn, menneske, kunnskap og læring. På dette nivået ligg m.a. dei overordna styringsdokumenta for skuleverket og etiske retningslinjer som kjenneteiknar ulike yrkesprofesjonar. På dette nivået meiner eg at nøkkelkvalifikasjonane høyrer under som nokre overordna kjenneteikn for yrkesprofesjonar innan helse – og sosialfag. Det er ut i frå P3 nivået elevane tek stilling til og vurderer den kunnskap (P2) dei har til rådvelde for å meistre praksisnivået P1.

Ved å trekke forbindelseslinjer mellom verdiar og teoretisk kunnskap til den praktiske kvardag, får eleven høve til å sjå denne samanhengen. Elevane må få hjelp til å sjå korleis dei

kan knyte saman verdiar og teori til si eiga tenking om og handling i ein konkret situasjon. Difor meiner eg nøkkelkvalifikasjonane som eit yrkesetisk fundament gjev eit godt utgangspunkt for å hjelpe elevane til å oppleve samanheng i ei byrjande yrkesopplæring (Lauvås & Handal, 2000). Etterkvar vil elevane utvikle det ein kallar ein praksisteori, som vert definert som *den enkelte person sine førestillingar om praksis og den samla handlingsberedskapen for praktisk verksemd* (Lauvås & Handal, 2000, p. 180). For å utvikle denne treng elevane utvikle ferdigheiter og bli fortruleg med yrket ut i frå eigne erfaringar. Difor er det nødvendig å legge til rette for at elevane får praktisere innafor dei yrker dei ynskjer å utdanne seg. Dette må starte allereie på Vg1 nivået for at dei frå første stund får mulegheit til å sjå den samanheng mellom dei ulike kunnskapsformene, både påstandskunnskap og taus kunnskap; fortrulegheitskunnskap, praktisk kunnskap og ferdigheitskunnskap.

2.2 Pedagogiske verktøy for å legge til rette for å utvikling av byrjande heilskapleg yrkeskunnskap.

Med utgangspunkt i føregående kapittel om syn på kunnskap vil eg ta føre meg dei didaktiske metodane som har vore sentrale i utviklingsprosjektet. Dei didaktiske metodane gjenspeglar det syn på kunnskap eg meiner er viktig, for å utvikle ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap. Forsking og mi eiga erfaring frå eit langt arbeidsliv i skulen, har vist at vi menneske lærer på ulike måtar. Enkelte personar sin læringsstil er å tilegne seg påstandskunnskap, medan andre lærer best ved å utøve i praksis. I tillegg vil enkelte føretrekke gruppearbeid og utveksle tankar og meningar, medan andre lærer best ved å arbeide åleine. Også omgivnadar kan spele inn på konsentrasjon, til dømes må nokon ha det stille, medan andre treng musikk på øyret. Utfordringane for å møte elevane der dei fungerer best er mange. Det som er viktig er å kartlegge kva kvar enkelt føretrekker og legge til rette på best muleg måte.

I mitt arbeid er eg oppteken av at elevane skal ha høve til å medverke i skulekvardag. Eg meiner også det er viktig at dei opplever undervisninga som relevant både som yrkesutøvarar og i deira personlege utvikling. Mitt utgangspunkt er at læring føregår heile livet hos eit menneske . I vårt moderne samfunn med krav om å meistre mange ferdigheiter, er læring svært sentralt på alle område. *Læring kan definerast som ein integrert prosess som omfattar to samanhengande delprosessar som gjensidig påverkar kvarandre; det er samspelprosessen mellom individ og omgivelsane, eit samspel som kan føregå ved ei direkte kontakt eller vere*

formidla gjennom media, og dei indre psykiske tilegnelses- og forarbeidingsprosessane som fører fram til eit læringsresultat (Illeris, 2000, p. 16).

Pedagogikk handler om opplæring, oppdragelse og sosialisering i vid forstand, i hjemmet, blant venner og gjennom massemedia. **Didaktikk** handler om den opplæring , oppdragelse og sosialisering som skjer i institusjoner med et nærmere bestemt pedagogisk mandat (Imsen, 2006, p. 37). Dette er ein generell definisjon som forklarer kva ein legg i omgrepa.

Didaktikk handlar om kva, korleis og kvifor vi gjer som vi gjer i læringsarbeidet innan for institusjonar som har ansvar for opplæring. Ein meir omfattande definisjon som eg meiner seier meir om min pedagogiske kvardag er følgjande: *Praktisk-pedagogisk gjennomføring, vurdering og kritisk analyse av undervisning og læring* (Hiim & Hippe, 2001, p. 98). Denne definisjonen trekker inn vurdering og analyse av gjennomføringa av opplæringa, og legg vekt på at læringa og undervisninga skal vere praktisk pedagogisk retta. *Yrkesdidaktikk vert definert som praktisk- teoretisk planlegging, gjennomføring, vurdering og kritisk analyse av yrkesspesifikke undervisnings- og læringssituasjonar og kritisk analyse og bruk av yrkesfunksjonar / yrkesoppgåve som grunnlag for læring* (Hiim & Hippe, 2001, p. 101). Ein vidare definisjon av yrkesdidaktikk er : Kritisk analyse og bruk av yrkesfunksjonar som grunnlag for læring, Dette betyr at så vel læreplanar som tilrettelegging av konkrete læreprosessar tar utgangspunkt i sentrale oppgaver og funksjoner i det aktuelle yrket eller profesjonen (Hiim & Hippe, 2001, p. 19).

Opplæringa på Vg1 helse- og sosialfag fekk ved innføringa av reform 94 eit meir preg av teoretisk basert opplæring. Det vart lagt lite vekt på yrkespraksis. For å ivareta den yrkesfaglege opplæringa med utgangspunkt i teorien ovanfor, må opplæringa i større grad fokusere på arbeidspraksis som sentral metode. Likeeins må opplæringa på skulen ha større fokus på elevaktive undervisningsmetodar.

Pedagogiske verktøy:

Eg vil kort greie ut om kva pedagogiske verktøy eg har lagt vekt på i dette prosjektet og grunngje kvifor eg har vald desse. Vi starta skuleåret med diskutere korleis elevane meinte dei lærte best.. Mange i klassa gav uttrykk for at tavleundervisning var kjedeleg. Som ein av elevane uttrykte det: *Det er så vanskeleg å klare å konsentrere seg når læraren står framme på tavla og snakkar. Eg tenkjer plutseleg på heilt andre ting.* Alle uttrykte ønske om variasjon i arbeidet, dei ville gjerne ha litt felles gjennomgang og deretter få arbeide

individuelt eller i grupper med tema i form av problembaserte oppgåver. Dei ønska også meir praktisk opplæring inn i skulekvardagen.

2.2.1 Arbeidspraksis i form av bedriftsbesøk og utplassering i arbeidspraksis

Før Kunnskapsløftet var opplæringa på Vg1 helse og sosialfag prega av teoretisk opplæring og lite utplassering i praksis. For mange elevar var dette eit krevjande skuleår, og dei fekk lite erfaring med kva ferdigheiter og eigenskapar som kravdes i arbeid med menneske. Det nye faget Prosjekt til fordjuping la vekt på arbeidspraksis og meir yrkesretting av utdanninga allereie i Vg1 på yrkesfaga, og det vart lagt til rette for å endre fokus på utdanninga til meir praktisk opplæring med vekt på erfaringskunnskap og fortrulegheitskunnskap. Målet med arbeidspraksis er at elevane skal bli kjende med yrke innan helse- og sosialsektoren og kva kvalifikasjonar som er sentrale i arbeid med menneske. I prosjektet vil elevane få velje kvar dei ville vere i praksis og om dei ville vere ute i praksis alle periodane. Vi faglærarane vil ha god kontakt med rettleiarar på praksisplassane og vere o på besøk på praksisplassane i løpet av arbeidsperioden. Dette var positivt, både å få møte eleven i ein annan opplæringssituasjon og sjå dei som yrkesutøvarar, men også det å ha god kontakt med praksisfeltet.

Ved innføring av faget prosjekt til fordjuping på alle yrkesfaglege utdanningsprogram, meiner eg læring i form av arbeidspraksis har kome mykje meir i fokus. Elevane skal med utgangspunkt i kompetanse mål frå utdanningsprogram på vg3 nivå, få prøve ut aktuelle arbeidsplassar og yrke.

Det er også mykje litteratur som omhandlar praksisretta opplæring der læring skal finne stad i den situasjon som ein skal nytte lerdomen i. Meisterlære er eit sentralt omgrep. Meisterlære eller meisterlæreliknande formar som desentrert forståing blir trekt fram som gode former for læring innan yrkesfag. Det er forholdet mellom meister og svein eller praksisfellesskapet som eleven opplever, som er sentralt. I vårt utviklingsprosjekt vil elevane få delta i praksisfellesskap med mange ulike yrkesutøvarar som rollemodellar. Elevane vil få møte ulike oppgåver og utfordringar og i løpet av praksis og i ettertid reflektere over erfaringane.

Både førebuing, oppfølging og etterarbeid av arbeidspraksis er viktig å legge til rette, med tanke på ein systematisk utvikling av ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap (Hiim & Hippe, 2001, p. 178). Vi vil bruke nøkkelkvalifikasjonane som reiskap i dette arbeidet. Elevane skal få velje seg ut kompetanseomål frå Vg3 læreplanar med utgangspunkt i desse kvalifikasjonane. Desse vil hjelpe dei til å arbeide målretta med i praksis og skrive daglege loggar, reflektere i praksis, som hjelp i å konkretisere opplevingar. I tillegg svil elevane få gjere seg kjend med yrket og arbeidsoppgåvene, observere yrkesutøvarane på arbeidsplassen og delta i ulike arbeidsoppgåver ut i frå sine føresetnader. Etter avslutta arbeidspraksis skal elevane arbeid med ei refleksjonsoppgåve med utgangspunkt i loggar og drøfte dei erfaringar dei vil ha gjort seg i praksis.

I si masteroppgåve skriv Torill Ekelund at refleksjon ikkje er eit mål i seg sjølv, men ein prosess(Ekelund, 2005, p. 55) I vårt prosjekt er refleksjon også ein ein nøkkelkvalifikasjon. Det å utvikle sjølvinnssikt / sjølvrefleksjon er noko ein bør strekke seg mot og utvikle kompetanse i. Men i tillegg er refleksjon også ein prosess som er viktig i opplæringa. Å reflektere kan definerast som: Refleksjon i en læringssammenheng er en fellesbetegnelse for intellektuelle og følesesmessige aktiviteter som individet engasjerer seg i for å utforske sine erfaringar, slik at de fører til ny forståelse og innsikt (Bjerknes & Bjørk, 1994, p. 148) Elevane vert oppmoda om både å skrive logg og refleksjonsoppgåve i tilknyting til arbeidspraksis, i tillegg til å reflektere i andre læringssituasjonar i løpet av skuleåret. Det er viktig å legge til rette for loggskriving i løpet av praksisperiodane, refleksjon i handling. Inntrykk og tankar kan lett bli gløymt og elevane treng tid til å sortere dei. Likeeins ver det viktig å prioritere tid til arbeid med refleksjonsoppgåva i ettermat av arbeidspraksis, refleksjon over handling. Elevane har då meir avstand til arbeidspraksis og kan fokusere på kva dei meiner er sentralt for dei og som dei opplevere har gitt dei meir kunnskap og forståing. Men det er vanskeleg for elevar å skulle setje ord på og forklare sine opplevingar. Difor er et viktig å legge til rette for utviklings/rettleiingssamtaler i perioden etter arbeidspraksis, når elevane arbeider med refleksjonsoppgåva. Eg blir då ein rettleiar som skal forsøke å forstå eleven eg skal rettleie, vise respekt for eleven si oppfatning og hjelpe eleven til å utvikle seg på sitt eige grunnlag (Lauvås & Handal, 2000). Dette krev at eg stiller meg open for eleven sine tankar og refleksjonar og lyttar aktivt til det han eller ho har å fortelje.

2.2.2 Tverrfaglege oppgåver knytt til praksisnære situasjonsskildringar, PBL:

Problemorientering bygger på eit læringsteoretisk syn der eleven står i sentrum og elevane er aktive og utforskande Ein slik arbeidsmåte er kjenneteikna ved at elevane skal lære gjennom å arbeide med røyndomsnære problem og situasjonar. *PBL bygger på tre prinsipp:*

Problemorientering, elevsentrering og gruppebasering. (Nilsen.S, 2008, p. 102).

Oppgåvene kan ta utgangspunkt i ein situasjonsskildring eller påstandar. Elevane vil arbeide i grupper med å klargjere læringsmål innanfor oppgåva og idear til korleis løyse den. Deretter blir det å kartlegge kva elevane treng av kunnskap, og samle inn den. Til slutt er det oppsummering og vurdering og integrering av den nye kunnskapen elevane har fått om emnet.

Ved å legge til rette for arbeidspraksis og arbeid med problembasert læring, vil elevane få høve til å setje sine praktiske yrkeserfaringar frå sin utplassering inn i tema som dei ulike programfaga tek opp. På denne måten får elevane i større grad oppleve samanheng mellom yrkesliv og skule. Difor meiner eg at PBL og arbeidspraksis utfyller kvarandre, og gjer opplæringa i tråd med eit utvida kunnskapssyn som *en prosess som stadig utvikler seg i et spenningsforhold mellom praktiske utfordringer, refleksjoner over gjennomføring og utvidelse av forståelsen* (Hiim & Hippe, 2001, p. 29). Eg meiner det er nødvendig med yrkesrelaterte problembaserte oppgåver ,slik at elevane får sjå samanheng mellom teori dei lærer på skulen, påstandskunnskap og deira erfaringar i praksis, erfarings- og fortrulegheitskunnskap. Vi ønske at elevane skal oppleve den kunnskapen dei tileignar seg som meiningsfull og nyttig i høve til sin yrkesutdanning.

2.2.3 Andre arbeidsformer:

Det er viktig med variasjon i opplæringa, og i tillegg til PBL er det i løpet av året også nytta andre pedagogiske arbeidsformer. I helse- og sosialfagleg utdanning er rollespel veleigna som metode, der elevane kan få utfalte seg og vise ulike sider av seg sjølv. I høve til nøkkelkvalifikasjonane er rollespel eit godt eigna reiskap for å illustrere dei, som det å vise samarbeidsevne, ulike former for kommunikasjon og det å vise omsorg og empati.

Ein annan metode er pedagogisk sol som eg opplever er ein god måte både til introdusere eit nytt tema og som oppsummering. Ein tek utgangspunkt i eleven sine erfaringar og utfordrar dei til å dele sin kunnskap med resten av klassa. På tavla teiknar ein ei sol og tema plasserer ein i sentrum av den. Strålane frå sola er elevane sine tankar. Først reflekterer dei sjølve og

skriv ned sine assosiasjonar. Deretter utvekslar elevane sine tankar med sidemannen. Så skal kvar elev fylle ut ein stråle i sola til alle bidrag er komne med. Til slutt oppsummerar lærar og elev resultatet av arbeidet, utdjupar stikkord som kan vere vanskelege og eventuelt fjernar det som ikkje er relevant. Ved å la elevane førebu seg og snakke seg i mellom om tema før felles gjennomgang i klassa, opplever dei ein større tryggleik og også dei stille elevane tør å bidra med sine tankar.

2.2.4 Mappemetodikk som reiskap for utvikling av byrjande heilskapleg yrkeskunnskap,

I forbindelse med prosjektet ønska eg å arbeide med meir målretta bruk av mappe i læringsarbeidet. Ei mappe er ei samling av fagleg arbeid over ein lang periode, som kan innehalde alle typar arbeid, mapper fremjar både læring og dannar grunnlag for vurdering, er eit integrert og sentralt element av undervisningsforløpet, og lærarar og medelevar er involverte i tilbakemeldinga (Dysthe & Engelsen, 2003, p. 14).

En mappe består av ei systematisk samling elevarbeid som viser innsats, framskritt og presentasjon innan eit eller fleire område. I dette prosjektet vil arbeid med mappa bli prioritert i høve arbeidspraksis, men også involvere anna arbeid dersom elevane ynskjer det. *Samlingen må omfatte elevmedvirking når det gjelder valg av innhold, utvalgskriterier og kriterier for å bedømme nivå, og den må vise elevenes selvrefleksjon og holdningar til emnet* (Taube & Roe, 2000, p. 11).

Målet er at mappa skal vise eleven si læring og metakognitive utvikling innan eit eller fleire område over ei viss tid. Metakognisjon vil seie at elevane skaffar seg kunnskap om sin eigen kunnskapsprosess. Dei får innsikt i korleis dei sjølv tenker, hvilke strategier de gjør seg bruk av, og hvordan de er i stand til å følge seg sjølv og kontrollere kunnskapsprosessen(Ellmin, 2000, p. 85). Eleven skal ha med mappa i utviklingssamtalen/retteleiingsamtalene der lærar og elev diskuterer eleven si faglege utviklig. Ein trekker inn eleven sine refleksjonar over si eiga læring ut i frå sine mål, men også korleis eleven opplever si læring og utvikling i løpet av opplæringa. Målet med mappe er at den skal fungere som ei lærings- og vurderingsmappe, der noko av formålet er å styrke samanheng mellom undervising, læring og vurdering (Dysthe & Engelsen, 2003, p. 17) .Mappa skal også vere eit verktøy for eleven der alt materiell er samla på ein oversiktleg måte, og eleven kan gå tilbake i tidlegare notat og arbeide vidare med refleksjonsoppgåver etter kvart som ny erfaring og kunnskap utvidar eleven sitt horisont. Saman med desse arbeida ligg tidlegare vurderingar både frå elev eleven sjølv og lærar.

Mappemetodikk opplever eg som eit godt verktøy i arbeidet med å yrkesrette opplæringa og eit viktig bidrag i utiklinga av eleven sin byrjande heilskaplege yrkeskunnskap.

I løpet av skuleåret skal det verte gjennomført individuelle utviklings- og rettleiingssamtaler. Samtalene skal gå føre seg i ein trygg kontekst, og målet er eleven i denne konteksten kan drøfte sine tankar om læring og utvikling saman med lærar. Slike samtaler opplever eg legg grunnlag for gode relasjonar mellom lærar og elev, dei skapar nær kontakt og tryggleik. Eit godt hjelphemiddel i desse samtalene vil vere at vi saman går gjennom mappa og kva erfaringar og tankar eleven så langt har gjort seg. Mappene vil verte eit godt reiskap for faglege samtaler og hjelp til å systematisere og analysere utviklinga hos den enkelte elev i deira byrjande utvikling av ein heilskapleg yrkeskunnskap.

2.3 Oppsummering:

Eg har i dette kapittelet gjort greie for den syn på kunnskap som ligg til grunn for dette prosjektet. Dette kunnskapssynet meiner eg er heilt sentralt i yrkesfagleg utdanning.

Institusjonar som har som har som oppgåve å utdanne dyktige fagutøvarar, meiner eg må legge til rette for at opplæringa blir i tråd med dette. *Det betyr at yrkeskunnskap ikkje kan betraktes som , læres eller utvikles som, en sum av tradisjonelle vitenskaps- eller skolefag, men må vere strukturert omkring selve yrkesutøvelsen (Himm & Hippe, 2001, p. 93).*

For at elevane skal utvikle ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap der nøkkelkvalifikasjonar er sentrale element, er det nødvendig å legge til rette for ein prosess, der handlingsaspekt, forståingsaspekt og kjensleaspekt verkar saman og utgjer ein heilskap. For å ivareta det meiner eg at opplæringa i større grad må ha fokus på praksisutplassering og elevaktive arbeidsformer i skulen. Elevane må få høve til å sjå samanhengen mellom det dei lærer på skulen , og den forståing og praktiske kunnskap i eit arbeidsfellesskap. Dei må få reflektere over sine erfaringar og opplevelingar. Med fokus på nøkkelkvalifikasjonar som sentrale verdiar og kjenneteikn for yrkesutøving i helse- og sosialfag, utgjer dei overordna verdiar. Etter kvart som elevane tileignar seg kunnskap og erfaring frå teori og praksis, er målet mitt at dei skal sjå dette i samanheng med dei overordna verdiane. Når elevane får arbeidspraksis i yrke dei er interessert i, vil dei få høve til å bli kjend med yrket og om dei har vald rett. Å få delta i praksisfellesskap og erfaring frå dyktige fagarbeidarar vil tilføre elevane verdifull kompetanse.

3 Nøkkelkvalifikasjonar for helse- og sosialfagleg arbeid

3.1 Innleiing

I denne delen av oppgåva vil eg ta føre meg ein viktige nøkkelkvalifikasjonar. Med dette meiner eg sentrale personlege eigenskapar ein bør utvikle i eit arbeid der ein har med andre menneske å gjere. Eg meiner desse kvalifikasjonane er nødvendige for å bevisstgjere personar til å bli gode yrkesutøvarar. Mitt utgangspunkt har vore dei nøkkelkvalifikasjonane som Torill Ekelund tok føre seg i si bok ; Yrkesdidaktikk for grunnutdanning i helse- og sosialsektoren. I tillegg har eg trekt fram ein kvalifikasjon til eg meiner er viktig å bevisstgjere elevane på heilt frå dei startar på si yrkesfaglege grunnutdanning.

Torill Ekelund har følgjande kvalifikasjonar som ho vektlegg: etisk bevisstheit, samarbeidskompetanse, kommunikasjonsferdigheit og omsorg og empati. Vidare har eg i mitt forskingsarbeid også lagt vekt på at elevane skal utvikle si evne til sjølvinnnsikt og sjølvrefleksjon, for å bli bevisst sine gode, sterke sider og kva dei treng å arbeide vidare med. Eg vil no ta føre meg dei ulike nøkkelkvalifikasjonane og forklare kva eg meiner desse omfattar.

3.2 Etisk bevisstheit

I helse og sosialsektoren er etikk og etisk bevisstheit sentrale omgrep allereie i grunnutdanninga. Ordet etikk kjem frå det greske ordet ethice og betyr sed eller skikk. Lingås definerer etikk som; Den verdibaserte refleksjonen mennesker gjør om sine holdninger, sine handlinger og sin atferd for å unngå at de verdiene de setter høyest blir forsømt eller krenket, eller for å fremme realisering av disse verdiene. Med verdi forstår jeg i denne sammenheng kulturelle og åndelige tilstander og materielle gjenstander som er viktige eller helt umistelige for å leve et godt liv (Lingås, 2000, p. 24).

Vidare skil Lingås i same boka mellom den primære og sekundære etikk. Den primære etikk står for dei handlingar som er etiske rette, men utan å nå mål utover seg sjølv. Den er heva over tid og stad, utan formålsrasjonell kalkulasjon. Dette er grunnleggande tankar som grip inn i heile vår livsførsel og som eg meiner er viktig for ein helse- og sosialarbeidar å vere bevisst på. Den sekundære etikk definerer Lingås som etikk som vedrører handlingar og åtferd, som har eit formål i ein konkret og praktisk samanheng. Også dette kjem til uttrykk i kvardagen til ein yrkesutøvar i helse- og sosialsektoren ved at dei må prioritere kva dei skal utføre av arbeidsoppgåver, kva tenester dei kan gje til andre menneske (ibid.;).

Yrkesgrupper i helse- og sosialsektoren arbeider ofte med menneske som er i ein vanskeleg livssituasjon. Det kan vere sjukdom av ulike art eller at dei er hjelpetrengande av andre grunnar. Det å vere avhengig av andre menneske, vil opplevast som ein skeiv maktbalanse. For ein helse- og sosialarbeidar er det viktig å vere bevisst på dette maktforholdet for å ivareta den hjelpetrengande sin respekt og sjølvkjensle. Yrkesutøvarar innan helse- og sosialsektoren får også mykje sensitiv informasjon om andre menneske, og teieplikta er eit sentral emne. Dette er også eit sentralt etisk forhold som det er viktige å legge vekt på tidleg i grunnutdanninga. Etikk og etiske refleksjonar nødvendig å arbeide med frå ein byrjar å utvikle yrkeskunnskap, for å gjere yrkesutøvarane mest muleg bevisste sine handlingar.

Elevane må frå starten av si grunnutdanning bli kjend med og bli bevisst sentrale etiske retningslinjer i arbeid med andre menneske. Etiske retningslinjer er nedfelt i ulike yrkesgrupper sine utdanninger. Når elevane startar i arbeidspraksis vil dei oppleve både å måtte ta etiske val, få innblikk i sensitiv informasjon og uttrykke eigne holdningar og verdisyn. Dei erfaringane elevane gjer seg, er det viktig å arbeide vidare med og bevisstgjere dei på. På denne måten får dei høve til å utvikle si etiske bevisstheit.

3.3 Samarbeidskompetanse

Denne kvalifikasjonen meiner eg er sentral i alt arbeid der fleire menneske er involvert. Med tanke på media sine oppslag om samarbeidsforholdsforhold på ulike arbeidsplassar, vert ein stadig påminna kva vekt dette har. Ikkje minst gjeld dette alle yrke innan helse- og sosiaffagleg sektor. Det gjeld samarbeid i høve til dei ein skal yte teneste til, men også i høve til dei andre tenesteytarane ein skal forholde seg til for å nå felles mål. Denne kompetansen er viktig å fokusere på, elevane skal samarbeide for å ivareta kvarandre i eit felles læringsmiljø på skulen, og utvikle god samarbeidsevne som ein sentral kvalifikasjon i eit framtidig yrke .

I boka ”Samarbeid i skolen” skildrar Johnson m. fl. dei grunnleggande element ved samarbeid (Johnson, 2006). Dei er følgjande; Elevane må oppleve å vere positivt, gjensidig avhengig av kvarandre. Det betyr å ha felles mål og samordne handlingar og ressursar for å nå måla, og dette må alle vere med å delta i. Det må vere eit inspirerande samspel ansikt til ansikt, og elevane må gje positive tilbakemeldingar og oppmunstre og hjelpe kvarandre. Det er også eit individuelt element, kvar enkelt elev må ta sin del av ansvaret og arbeidet i gruppa. I god samarbeidskompetanse er det viktig å ha kjennskap til hensiktsmessig bruk av sosiale ferdigheiter; å uttrykke seg tydeleg, ta seg tid til å bli kjend og bli trygg på kvarandre.

Johnson meiner også at det er viktig med kunnskap om løysing av ulike konfliktar.

Til slutt må elevane kunne vurdere korleis gruppeprosessane fungerer, og sjå både dei sterke og svake sidene. I tillegg er det viktig å vidareutvikle dei positive elementa.

Desse punkta vil ein kjenne igjen i eit arbeid der du har med andre menneske å gjere.

I boka Tverrfaglig samarbeid i praksis forklarer forfattarane samarbeid som samspel, kompani og det å arbeide saman. Dei utdjupar dette ved å seie at samarbeid inneber innsats i frå fleire aktørar. Dei bruker fleire verkemiddel innanfor ein einskapleg strategi. Dette er definert ut i frå ei felles (Glavin, 2000). Boka tek føre seg føresetnadar for godt samarbeid, der dei påpeiker at ei felles målsetjing og verdigrunnlag, og klar fordeling av ansvar er viktig. Dei går også inn på korleis utvikle godt samarbeid, og peiker på tryggheit i eige fagfelt, felles problemforståing og at samarbeidet oppfattast som nyttig og nødvendig.

3.4 Kommunikasjonsferdighet

Kommunikasjon betyr å gjere felles. Det kjem av det latinske verbet *communicare*, som betyr ”å gjere felles”. Når ein kommuniserer skaper, utvekslar og avdekker ein meningar . Når ein kommuniserer med - deler ein seg til ein annan. Det betyr at ein deler meningar, opplevingar og arbeider saman om å gjere fleire sider ved eigenverda felles (Røkenes, 2002). I all kontakt med menneske kommuniserer vi på ein eller annan måte. For å forstå dette må ein sjå på innhaldet i kommunikasjonsprosessen, det vil seies kva vi kommuniserer. Men vi må også sjå på samspelet mellom partane, korleis partane forheld seg til kvarandre i denne prosessen. Det å vere bevisst både sitt verbale språk , det vil seie ord, og kroppsspråket, det ein uttrykker ved hjelp av mimikk, gestar, kroppsholdning, blikk og meir, er ein svært viktig eigenskap i helse- og sosialfagleg arbeid. I yrke med mykje kontakt med andre menneske, må vi kommunisere for å realisere vår yrkesrolle, og vår kompetanse i kommunikasjon er bestemmande for kva vi kan oppnå med vårt arbeid (Skau, 2002). Forfattaren påpeikar at denne kompetansen er noko som krev personleg utviklingsarbeid over tid, og det er eit område ein aldri kan bli ferdig utlært i. Men det er viktig å setje fokus på kommunikasjonsferdigheter tidleg i ei yrkesutdanning for stimulere elevane til vidare personleg utvikling. Frå start av yrkesutdanninga må elevane bli kjende med kva betyding kommunikasjon har, både i den yrkesfaglege rolla, men også som medmenneske og i eit fellesskap med andre menneske generelt. Det er viktig fokusere på korleis dei formidlar sine bodskap og uttrykker sine tankar. Elevane bli må også bli bevisst korleis dei tolkar og eventuelt mistolkar andre sine bodskap.

3.5 Omsorg og empati

Begge desse omgrepene er sentrale i arbeid med andre menneske. Eg vil definere kva som ligg i omgrepene. Omsorg vil seie å vere omtenkksam, det å bry seg om eller bekymre seg for nokon. Det å ha omsorg for nokon inneber både å sørge for, og å vake om hyggeleg, kjærleg over nokon (Eide & Eide, 2007).

I boka Kommunikasjon i relasjonar tek forfattarane Eide og Eide føre seg den etymologiske tydinga av omgrepet der både førestillingar om sjukdom, sorg og ivaretaking er sentrale og forfattarane trekker fram historiske kjelder som seier at denne kvalifikasjonen har ein lang tradisjon å vise til. Vidare seier dei at det å yte profesjonell omsorg vil seie å hjelpe pasienten i hans svakheit og svikt, men samstundes vise respekt for pasienten sine mulegheiter og styrke (ibid.,). Dette er ein sentral kvalifikasjon for at eit menneske skal bli trygg og føle seg verdsett i møte med ein helse- og sosialarbeidar. Dei påpeiker at omsorga forutset at personen som skal gi dette har nærleik til seg sjølv og til sine eigne kjensler og reaksjonar i møte med den andre. I tillegg inneber omsorg evne, vilje og mot til å forstå den andre og finne måtar å nå fram til personen på.

Kari Martinsen har i ein artikkkel som heiter Omsorg i sykepleien teke føre seg omsorgomgrepet sine tre dimensjonar. Omsorg er eit relasjonelt omgrep, det vil seie å gå inn i relasjonar og knyte band til andre menneske, eit praktisk omgrep, det vil seie dei konkrete arbeidsoperasjonane og eit moralsk omgrep. Det siste meiner ho er det overordna, og viser seg i korleis arbeidet vert utført både på det fysiske, psykiske og sosiale plan (Martinsen, 1990). For å utvikle seg til fagleg dyktige yrkesutøvarar der omsorgsarbeid er sentralt, meiner ho det er nødvendig å legge vekt på eksempellæringer i praksisfeltet og ikkje berre sakkunnskap.

Elevar som byrjar på ei utdanning der omsorg er ein viktig del av yrkesutøvinga, må bli bevisst kva som ligg i å gje omsorg og etter kvart utvikle fortståing både for sin rolle som omsorgsperson og for rolla som mottakar for omsorg har.

Empati kjem frå det greske ordet empatheia som er sett saman av en (inn) og pathos (kjensle) som tyder innfølelse, samfølelse eller innleving (Eide & Eide, 2007). Empati tyder å kunne setje seg inn i ein annan person sine kjensler, innfølelse. Den er både ei erkjenningsform, det

å få kunnskap om andre sine indre opplevingar og kjensler, og ein tilstand ved at ein lever seg inn i den andre si oppleving (Røkenes, 2002). Røkenes skriv vidare at empati er at klienten føler seg forstått og fagpersonen viser evne til innleving. Dette vil seie at klienten opplever fagpersonen som ein varm og ekte person. Men som Røkenes påpeiker er dette både ei sterk kjenslemessig nærleik, men også avgrensing og avstand. Ein er bevisst på at det er den andre sine opplevingar ein er innfølende med. Han viser her til Carl Rogers si utgreiing om omgrepene. Dette er viktig å forklare for ungdomar som står på starten av ei yrkesutdanning. Dei vil nok allereie i dei første arbeidspraksisane få kjennskap til tragiske skjebnar og triste hendingar i andre menneske sine liv. Eg meiner det er viktig for elevane å utvikle ei klar holdning til andre menneske, der det å vise innføling også vert avgrensa, så ein ikkje risikerer å engasjere seg fullt og heilt og dermed kunne risikere å bruke seg opp.

3.6 Sjølvinnssikt og sjølvrefleksjon

Eg meiner det er viktig allereie på Vg1 helse og sosialfag, å byrje å arbeide med korleis eleven ser på seg sjølv. Sjølvrefleksjon kan definerast som: *Det å bli kjend med seg sjølv og tenke over sin eigen veremåte. Det er ein viktig del av relasjonskompetansen i arbeid med menneske. Ein skal bli kjend med eigne føresetnader, ressursar, svakheiter og grense* (Røkenes, 2002). I boka vert det vist til forsking der menneske med menneske med høg grad av sjølvinnssikt og sjølvrefleksjon er meir nyanserte og fleksible i møte med andre menneske, er meir sensitive for sosiale signal og lettare tilpassar eigen åtferd til situasjonar og forventningar.

Det er viktig å bevisstgjere elevane i kor stor grad dei sjølve er styrande for si utvikling eller om dei let seg påverke av andre. I boka ”Gode fagfolk vokser” vert sjølvforståing forklart ved; ”*Vår måte å forholde oss på i en gitt situasjon er i stor grad avhengig av hvordan vi oppfatter eller konstruerer situasjonen, hvordan vi forstår situasjonen, men den avhenger dessuten av hvordan vi oppfatter eller konstruerer oss selv, hvordan vi forstår oss selv vis-a-vis den samme situasjonen ”*(Skau, 2002, p. 19).

I boka ”Og eg ser på deg..” skriv Forfattaren Einar Aadland at kvaliteten på helse - og sosialfagleg yrkesutøving vere avhengig av to komponentar; Den eine er generell faktakunnskap om pasienten / klienten sin situasjon og problem.

Men minst like viktig er sjølvinnssikt i eigen forståing , fordomar og røyndomsoppfatning. Innsikt i meg sjølv er, mine avgrensingar og moden refleksjon over korleis eg medverkar i

andre menneske sine liv. Denne dimensjonen er nødvendig for alle som vil oppnå ein djupare forståing av profesjonelt hjelpearbeid (Aadland, 2004). Ved å fokusere på at elevane må reflektere over eigne handlingar og tankar, ynskjer eg at dei ikkje berre gjer det som dei får beskjed om, men blir bevisst både kvifor og korleis gjer dei skal utøve sitt yrke.

3.7 Oppsummering

I dette kapittelet har eg forklart kva eg legg i dei ulike nøkkelkvalifikasjonane. Med støtte frå faglitteratur har eg drøfta kvifor eg meiner at dette er sentrale kvalifikasjoner for dei som skal arbeide innanfor helse – og sosialsektoren. Dette er eigenskapar som vanskeleg let seg formidle gjennom påstandskunnskap. Elevane må få gjere seg sine erfaringar i eit praksisfellesskap. På den måten kan dei opplæringa legge til rette for fortrulegheits- og ferdigheits- og praksiskunnskap, som er nødvendig for å utvikle kvalifikasjonane.

4 Kva seier Kunnskapsløftet sine styringsdokument om heilskapleg yrkeskunnskap og nøkkelkvalifikasjonar

4.1 Innleiing

I denne del av oppgåva vil eg ta føre meg styringsdokumenta i Kunnskapsløftet, både dei generelle og dei spesifikke retta mot programområdet helse- og sosialfag. Føringane som desse dokumenta gjev er styrande for min pedagogiske kvardag. I dokumenta finn eg syn på kunnskap, syn på læring, og syn på eleven sin rolle. Som nemnt i innleiinga vart ei ny reform innført i august 2006 Kunnskapsløftet. Læreplanen sin generelle del vart vidareført frå reform-94, men det kom nye føringar i form av dokumentet Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet, nye læreplanar og eit nytt fag innan yrkesopplæringa i vidaregåande skule; Prosjekt til fordjuping.

Eg vil sjå på desse dokumenta i høve til mi problemstilling, og stille spørsmål om kva føringar dokumenta gjev.

I kva grad seier styringsdokumenta noko om heilskapleg yrkeskunnskap og utvikling av den?

Kva seier styringsdokumenta generelt og læreplan for Vg1 helse- og sosialfag spesielt om heilskapleg yrkeskunnskap og nøkkelkvalifikasjonar ?

Finn eg i læreplan for prosjekt til fordjuping mål og metodar for å legge til rette for opplæring retta mot heilskapleg yrkeskunnskap?

4.2 Læreplan generell del

Dette styringsdokumentet vart vidareført frå den førre reforma i skuleverket; Reform 94. Den er overordna dei spesifikke læreplanane og prinsipp for opplæring i Kunnskapsløftet.

Læreplanen sin generelle del speglar formålsparagrafane i skulelovene og politiske signal frå utdanningspolitiske dokument. Den tek føre seg sentrale og meir generelle føringar i utdanningssystemet. Den dannar eit forpliktande grunnlag for læreplanane i den vidaregåande opplæringa. Denne læreplanen byggjer på dei ulike mennesketypane: det meiningsssøkjande, det skapande, det arbeidande, det allmenndanna, det samarbeidande, det miljømedvitne og det integrerte menneske .

Eg vil først trekke fram nokre sentrale utsegn frå læreplanen som eg meiner seier noko om heilskapleg yrkeskompetanse. I utgreiinga om det arbeidande menneske står det: *Opplæringa skal gi elevar og lærlingar innsyn i variasjonen og breidda i arbeidslivet, og formidle kunnskap og duglikeit så dei kan ta del i det.* Deretter står det følgjande: *Opplæringa må knytast til observasjonar og opplevingar: Ho må leggjast slik opp at elevane etter kvart får praktisk røynsle med at kunnskap og duglikeit er noko dei sjølve kan vere med å utvikle. Opplæringa må gi rom for at alle elevar kan lære ved å sjå praktiske konsekvensar av val. Praktisk arbeid må derfor ha ein viktig og integrert plass i opplæringa* (Utdanningsdirektoratet, 2005, p. 19). Eg opplever dette er i tråd med den definisjon av yrkeskunnskap eg refererte til tidlegare i mi oppgåve, og som er henta frå boka ”Å utdanne profesjonelle yrkesutøvarar”. Definisjonen på yrkeskunnskap påpeiker at praktiske og teoretiske aspekt ved opplæringa vert oppfatta som ein uløyseleg heilskap og det inneber at læring, kunnskapsutvikling og forsking må ta utgangspunkt i praktisk yrkesutøving. Det same syn finn eg i den generelle læreplanen som vist ovanfor. Begge påpeikar kor viktig det er at elevane får gjere observasjonar, opplevingar og praktisk røynsle, for å utvikle sine evner og bli eit arbeidande menneske. For å ivareta elevane si utvikling av yrkeskunnskap må opplæringa legge vekt på praktisk arbeid, gje elevane høve til å gjere konkrete erfaringar og deretter få høve til å reflektere og utdjupe sine opplevingar.

Også i det skapande mennesket blir dette trekt fram; *Undervisninga må leggjast slik opp at elevar og lærlingar sjølve kan vere med og vidareutvikle praksis og hente inn ny kunnskap* (Utdanningsdirektoratet, 2005, p. 12). I eit av hovudpunktene under det samarbeidande menneske vert det trekt fram å utnytte skulen som arbeidsfellesskap med sikte på å gje elvane gode omgangsformer. Desse utdragene viser at generell læreplan trekkjer fram fleire gonger betydinga av eit heilskapleg syn på kunnskap i opplæringa.

I høve til nøkkelkvalifikasjonar står det i siste del av den generelle læreplanen: Sluttmålet for opplæringa er å eggje den einskilde til å realisere seg sjølv på måtar som kjem fellesskapet til gode – å fostre til menneskelegdom for eit samfunn i utvikling (Utdanningsdirektoratet, 2005, p. 40). I utgreiinga om det integrerte menneske vert dette utdjupa. Opplæringa si oppgåve er: Allsidig utvikling av evner og eigenart, til å handle moralsk, til å skape og verke, til å arbeide saman og i harmoni med naturen. Opplæringa skal medverke til ei karakterdanning som gir den einskilde kraft til å ta hand om eige liv, pliktkjensle for samfunnslivet og omsorg for livsmiljøet (Utdanningsdirektoratet, 2005, p. 40). Eg meiner

desse sitata viser til mange av dei nøkkelkvalifikasjonar som eg legg vekt på i mitt pedagogiske arbeid. Eleven skal handle moralsk, det som eg kallar for etisk bevisstheit. Likeeins skal opplæringa legge vekt på at eleven skal lære å arbeide saman med andre, som eg har kalla samarbeidskompetanse. Mi oppfatning er at både god kommunikasjonsevne og det å vise omsorg og empati er ein føresetnad for å arbeide saman og handle moralsk.

Sitatet i læreplanen trekker også fram nøkkelkvalifikasjonen sjølvinnssikt og sjølvrefleksjon ved å poengtere betydinga av å realisere seg sjølv og ta hand om eige liv. Utsegna i læreplanen som eg meiner tydelegast får fram betydinga av å utvikle sjølvrefleksjon og sjølvinnssikt er eit sitat frå det arbeidande menneske: *Den viktigaste av alle pedagogiske oppgåver er å formidle til barn og unge at dei stadig er i utvikling, slik at dei får tillit til sine eigne evner* (Utdanningsdirektoratet, 2005, p. 22). Dette opplever eg som sentral i mitt pedagogiske arbeid og eg meiner det peiker direkte mot at opplæringa må legge til rette for å utvikle sjølvrefleksjon og sjølvinnssikt hos barn og unge. Likeeins står det i kapittelet om det meiningsøkjande mennesket, at opplæringa må legge vekt på verdi- og menneskesyn. Oppfostringa skal sjå mennesket som eit moralsk vesen, med ansvar for eigne val og handlingar, med evne til å søkje der som er sant og gjere det som er rett. Vidare står det: *Oppfostringa skal byggje på det syn at menneske er likeverdige og menneskeverdet er ukrenkjeleg* (Utdanningsdirektoratet, 2005, p. 7). Opplæringa må altså klarleggje og grunngje etisk prinsipp og reglar. Dette sitatet framhevar nøkkelkvalifikasjonane etisk bevisstheit og omsorg og empati.

Under overskrifta plikter og ansvar i kapittelet om det samarbeidande menneske vert det påpeika kor viktig det er å utvikle elevane si innlevingsevne og følsemd for andre, og lære dei å vurdere sosiale situasjonar og fremje ansvar for andre sine behov (Utdanningsdirektoratet, 2005, p. 31). I tillegg skal elevane bli medvitne om sine handlingar og kva verknad det har på andre menneske. Utdanninga skal øve opp evna til samarbeid mellom personar og grupper som er ulike (Utdanningsdirektoratet, 2005, p. 10). Dette bygger på å utvikle både elevane sin kommunikasjonsevne og samarbeidskompetanse. Desse utdraga meiner eg er gode døme på kva betydning nøkkelkvalifikasjonane har i utdanninga generelt.

Som oppsummering vil eg seie at eg ser på dette grunnlagsdokumentet som generelt og vidt formulert. Det er grunnleggande verdiar/ kvalifikasjonane som ligg i botnen og dei peiker mot eit ønska mål å nå, ei idealisert verd. Som eg har vist ovanfor er nøkkelkvalifikasjonane

eg har trekt fram sentrale i den generelle læreplanen. Dei representerer kvalifikasjonar som er viktig i all opplæring, for å bli eit integrert menneske. Men i utdanningslaup innanfor oppvekst- og omsorgssektoren meiner eg dei har ein svært grunnleggande betyding. I yrke der ein arbeider for og med menneske, meiner eg nøkkelkvalifikasjonane peikar på heilt nødvendig kompetanse for å utøve desse yrka på ein tilfredsstillande måte. Dette er det viktig å bevisstgjere elevane på frå starten av utdanningslaupet. Elevane treng erfaring frå praksisfeltet for å forstå og etter kvart utvikle ein heilskapleg yrkeskunnskap med grunnlag i nøkkelkvalifikasjonane.

4.3 Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet

Prinsipp for opplæring i Kunnskapsløftet er ei utdjuping av den generelle læreplanen. Dette dokumentet legg føringar for den nye reforma; Kunnskapsløftet. Den samanfattar og utdjupar føresegnene i opplæringslova og forskrifta til lova, medrekna læreplanverket for opplæring (Utdanningsdirektoratet, 2006b). Eg vil i dette avsnittet ta føre meg kva dette dokumentet seier om heilskapleg yrkeskunnskap og nøkkelkvalifikasjonar.

I kapittelet om samarbeid med lokalsamfunnet vert det trekt fram at opplæring i fag kan gjerast meir konkret og røyndomsnær ved å ha eit godt samarbeid mellom skule og nærings- og arbeidsliv. Elevane kan få innsyn i ulike arbeidsprosessar, få praktiske erfaringar og kunnskap om arbeidslivet. Desse erfaringane vil gje dei eit betre grunnlag for å gjere medvitne val av utdanning og yrke. *Godt samspel mellom skolen og nærings- og arbeidsliv, kunst- og kulturliv og andre delar av lokalsamfunnet kan gjere opplæringa i faga meir konkret og røyndomsnær og gjennom det auke evna og lysta til å lære blant elevane* (Utdanningsdirektoratet, 2006b). Dette støttar opp om kva eg legg i å utvikle byrjande yrkeskunnskap, og den definisjon en av syn på kunnskap eg tidlegare har lagt vekt på. Dess meir ein kan gjere opplæringa praksisretta, i større grad opplever elevane at teori og praksis heng nøye saman. Ved at skulen samarbeider med arbeidslivet og gjev elevane høve til å ha praksisretta opplæring, vil dei få høve til å reflektere over sine praktiske utfordringar og erfaringar og stadig få utvida sin forståing.

Som den generelle læreplanen er også dette dokumentet av meir overordna og generell karakter. I læringsplakaten finn eg punkt som eg meiner trekker inn nøkkelkvalifikasjonane. Skulen skal stimulere elevane og lærlingane/lærekandidatane i personleg utvikling og i

styrking av eigen identitet, i det å utvikle etisk, sosial og kulturell kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking (Utdanningsdirektoratet, 2006b). Etisk kompetanse ser eg som eit uttrykk for å utvikle etisk bevisstheit. I utvikling av sosial og kulturell kompetanse ligg både kommunikasjonsevne, samarbeidskompetanse og empati og omsorg. Det at skulen skal stimulere eleven si personelge utvikling og styrking av identitet meiner eg er å utvikle sjølvinnnsikt og sjølvforståing hos han eller henne. Likeeins står det at elevane skal utvikle seg som sjølvstendige individ som vurderer konsekvensane av og tek ansvaret for eigne handlingar (Utdanningsdirektoratet, 2006b). Denne formuleringa rommar også nøkkelkvalifikasjoner, ved å bevisstgjere elevar på kva ansvar dei har i å hjelpe andre menneske. I yrke innan helse- og sosialfag er mange arbeidsoppgåver retta mot å ivareta andre menneske sine behov. Yrkesutøvarar innanfor denne sektoren tek på seg eit stort ansvar og deira handlingar kan føre til store konsekvensar. Det meiner eg er viktig å få fram i ei tidleg fase i yrkesutdanninga, så elevane er bevisst kva ansvar de tek på seg.

Dokumentet framhevar også å utvikle elevane sin sosiale kompetanse, ved at dei får øve på ulike former for samhandling og problem- og konfliktløysing. Likeeins vert det trekt fram at elevane skal delta aktivt i organiseringa av si eiga læring, og reflektere over nyvunnen kunnskap og bruke den i nye situasjoner. I helse- og sosialfaglege yrke er arbeidsdagen til yrkesutøvarane prega av møtet med nye pasientar eller brukarar. Evna til å sjå kvart enkelt menneske sine behov og ivareta dei på best muleg måte er ein nødvendig føresetnad for å utøve yrket på ein god måte. For å ivareta dei krav som dette set, er det viktig at elevane har dei nødvendige kvalifikasjonane som eg har trekt fram, både sjølvrefleksjon, etisk bevisstheit, kommunikasjonsevne, omsorg og empati og samarbeidsevne.

Som oppsummering vil eg påpeike at dette dokumentet også ber preg av å vere eit overordna dokument med generelle formuleringar og difor få konkrete føringar. Men dei sitat eg har trekt fram her, meiner eg støtter meg i mitt pedagogiske utviklingsarbeid. Eg ynskjer at elevane skal få best muleg tilrettelegging av opplæringa for ei byrje å utvikle heilskapleg yrkeskunnskap.

4.4 Læreplan i Vg1 Helse- og sosialfag

Læreplan for Vg1 Helse og sosialfag inneholder føremål, struktur, omtale og kompetansemål i felles programfag for programområdet helse- og sosialfag. I tillegg tek den føre seg dei grunnleggjande ferdighetene som skal integrerast i alle fag, og som er felles for alle

læreplanane i Kunnskapsløftet. Dei felles programfaga for Vg1 Helse- og sosialfag er: Helsefremjande arbeid, kommunikasjon og samhandling og yrkesutøving. Læreplanen gjer først greie for føremålet med dei, deretter korleis dei er strukturert og til slutt i innleiinga ein kort omtale av kvar av dei. Deretter blir kvart programområde konkretisert i form av kompetansemål som elevane skal kunne etter avslutta Vg1 helse- og sosialfag. Siste del av læreplanen seier korleis elevane skal vurderast i felles programfag.

4.4.1 Ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap

I føremål for felles programfag i Vg1 helse- og sosialfag ligg føringar for opplæringa. Det står følgjande om korleis legge til rette for opplæring: Heilskapen i dei felles programfaga skal gi elevane ei plattform for vidare yrkesval og legge til rette for utvikling av fagleg forståing gjennom kunnskap, refleksjon, etisk bevisstgjering, respekt og toleranse.

Opplæringa skal vere praksisnær og tverrfagleg og knyte teori og praksis saman (Utdanningsdirektoratet, 2006a). Dette samsvarer med kva eg fann av føringar i dei generelle dokumenta. Også læreplanen for Vg1 helse og sosialfag trekker fram at det skal vere ei heilskapleg opplæring. Den skal gje elvane høve til å få både teoretisk og praktisk erfaring. Dette krev ei meir praktisk forankra opplæring og ei betydeleg endring av undervisninga. Ein må gå bort frå meir tradisjonell formidlande undervisning. Den vekt påstandskunnskap har hatt i skuleverket meiner eg må tonast ned. Derimot må den tause, fortrulegheits- og praksisretta kunnskapen få ei meir sentral rolle i opplæringa. Dette er mitt utgangspunkt for å arbeide med yrkesretting av opplæringa.

Mitt spørsmål vidare er om dei ulike programfaga sine kompetansemål gjenspeglar denne føringa. Kompetansemåla er dei mest konkrete føringar for kva elevane skal ha av yrkeskunnskap etter avslutta Vg1, og eg opplever dei som dei mest sentrale i utarbeidinga av pedagogisk opplegg. I desse kompetansemåla finn eg få føringar for praksisnær opplæring og det å knyte teori og praksis saman. Kompetansemåla er prega av at eleven skal tilegne seg kunnskapen i frå faglitteratur. Som døme har eg teke med eit kompetansemål frå kvart av programfaga. Det står følgjande: Eleven skal kunne:

- gjere greie for samanhengar mellom helse og livsstil
- gjere greie for og gi døme på kva haldningar, verdiar og menneskesyn er, med utgangspunkt i ulike psykologiske perspektiv
- diskutere og gi døme på service, etikk og omsorg i oppvekst-, helse- og sosialsektoren

Berre fire av dei i alt tjuefem kompetansemåla i læreplanen er formulert på ein slik måte at måloppnåing krev både teori og praktisk erfaring. Eit av desse kompetansemåla startar med at: *eleven skal kunne bruke rette arbeidsteknikkar og gode arbeidsstillingar, og gjere greie for samanhengen mellom ergonomi og helse.* Eit anna kompetansemål er at: *eleven skal kunne utføre grunnleggande førstehjelp.* Men min påstand er at målformuleringane framleis fokuserer på påstandskunnskap, der elevane skal gjere greie for, gje døme og forklare ulike tema. Elevane oppnår kompetanse ved å tilegne seg teoretisk kunnskap. Berre nokre få kompetansemål tek i vare føringane i føremålet, nemleg at elevane skal får ei heilskapleg, tverrfagleg og praksisnær oppnæring. Skal læreplanen vere tydeleg i høve yrkesretting og gje eleven ei opplæring som er praksisnær, meiner eg at den i større grad må bruke målformuleringar som uttrykker både teoretisk og praktiske ferdigheiter. Kompetansemåla må då uttrykke at elevane skal vere handlande for å nå målet, til dømes i form av å gjere, prøve ut, å erfare.

4.4.2 Organisering av programfaga:

Eg vil også kommentere læreplanen si splitting av yrkesopplæringa i tre programfag. Føremålet med ei utdanninga som er heilskapleg og tverrfagleg vert ikkje imøtekomen ved ei slik inndeling. Ein vil risikere at lærarane underviser i sitt fag og sine timer, og deira erfaringar og prioriteringar vil prege undervisninga. Elevane vil oppleve splitting av tema, manglande tverrfagleg opplæring og ingen heilskap forståing. Difor er ei læreplan som har delt utdanninga i ulike programfag ei utfordring for å sikre ein heilskapleg yrkeskunnskap. Skal ein sikre ei heilskapleg opplæring må læreplanen i størst muleg grad gjenspegle dette. Det føreset at læreplanen må legge til rette for tverrfagleg undervisning og kunne sjå ulike tema i ein større samanheng der teori og praksis utgjer ein heilskap .

4.4.3 Vurdering av sluttkompetanse:

I denne samanheng vil eg også trekke fram kva læreplanen seier om vurdering av sluttkompetanse for Vg1 helse - og sosialfag. I føresegen for sluttvurdering står det: *Elevane skal ha ein standpunktcharakter i kvart av programfaga (Utdanningsdirektoratet, 2006a).* Ikkje berre er yrkesopplæringa inndelt i tre programfag, men elevane skal ha ein karakter i kvart av faga som vurdering av sluttkompetansen sin. Av erfaring veit eg at både lærarar og elevar er oppteken av denne sluttvurderinga. Kravet om at elevane skal ha ein karakter i kvart av

programfaga, vil i enda større grad føre til splitting av programfaga. Utfordringane for å legge til rett for ein heilskapleg opplæring vert ikkje mindre.

4.4.4 Nøkkelkvalifikasjonar:

I mitt prosjekt har eg som sagt vald å bruke nøkkelkvalifikasjonane som ei hjelpe til å gjere opplæringa meir tverrfagleg og heilskapleg. Desse eigenskapane er sentrale i helse- og sosialfagleg yrkesutøving. Mine tankar er at ved trekke fram kvalifikasjonane både i teoretisk og praktiske opplæring, ville elevane sjå samanheng mellom kva dei skal tilegne seg av fagkunnskap og den praktiske nytten. Mitt ønske er at elevane skal bli bevisste eigne haldningar, kjensler og ferdigheiter som er sentrale i ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap innan helse- og sosialfag.

Mitt neste spørsmål er då om nøkkelkvalifikasjonane er forankra i læreplanen for Vg1 Helse – og sosialfag. Eg vil ta føre meg dei ulike nøkkelkvalifikasjonane og drøfte dei opp mot aktuelle kompetanse mål i felles programfag.

Den første nøkkelkompetansen eg vil ta føre meg er etisk bevisstheit. Finn eg kompetanse mål som seier noko om dette? Innanfor programfaga kommunikasjon og samhandling og yrkesutøving finn eg fleire kompetanse mål som omtalar etisk bevisstheit. Som døme har eg trekt fram følgjande:

Eleven skal kunne

diskutere og gi døme på service, etikk og omsorg i oppvekst-, helse- og sosialektoren
forklare kva eit etisk dilemma er, og gi døme på slike dilemma
gjere greie for og gi døme på kva haldningar, verdiar og menneskesyn er, med
utgangspunkt i ulike psykologiske perspektiv

I desse måla er etisk bevisstheit sentralt, både ved å gje døme på etikk i dei ulike sektorane , diskutere etiske dilemma og ved å vise til dømer på haldningar, verdi- og menneskesyn. Haldningar og veremåte som er måtar å uttrykk denne kompetansen på, er også omtalt i andre kompetanse mål.

Samarbeidskompetanse er ein av dei andre nøkkelkvalifikasjonane eg har brukt i mitt prosjekt. Denne finn eg også uttrykt i kompetanse mål i programfaga kommunikasjon og samhandling og yrkesutøving. Følgjande døme på kompetanse mål er:

Eleven skal kunne:

forklare kva sosial kompetanse vil seie, og gi døme på korleis ein sjølv kan bruke sosial kompetanse i møte med menneske som er avhengige av tilbod i oppvekst-, helse- og sosialsektoren

gjere greie for kvifor det er viktig med heilskapleg og tverrfagleg samarbeid, og gi døme på yrkesgrupper som er med i slikt samarbeid
drøfte og prøve ut ulike modellar for konflikthandtering

Desse kompetansemåla meiner eg syner kor viktig det å kunne samarbeide både mellom ulike yrkesutøvarar og mellom pasient og fagarbeidar innan denne sektoren . I tillegg er andre kompetansemål uttalt på ein slik måte at å nå måla inneber å utvikle samarbeidskompetanse. Døme kan vere at eleven skal kunne gjere greie for utfordringar og mulegheiter som vårt kulturelle samfunn representerer. Derimot finn eg ikkje kompetansemål i programfaget helsefremjande arbeid som rettar seg mot denne kvalifikasjonen.

Kommunikasjonsferdigheiter er sentralt på dei fleste områder i livet, men som helse- og sosialarbeidar er denne kvalifikasjonen nødvendig for å kunne utføre yrket på ein tilfredsstillande måte. Den er også å finne i fleire av kompetansemåla, innan for alle programfaga.

Eg har vald ut følgjande kompetansemål for å illustrere dette:

Eleven skal kunne:

communisere med ulike brukarar ut frå deira behov og modningsnivå
gjere greie for kva som kjenneteiknar kommunikasjon som fremjar helse, trivsel og velvære, og sjølv medverke til det
drøfte helse-, livsstils- og kosthaldsinformasjon og reklame i media
gi døme på korleis brukaren kan stimulerast til læring og opplevingar, uavhengig av alder, kulturtillhøyring og funksjonsnivå

Eg meiner at kommunikasjonsferdigheit er eit sentralt tema i alle desse måla. Eg finn også andre mål programfaga der kommunikasjon er ein nødvendig kvalifikasjon for å få måloppnåing.

Også empati og omsorg er kvalifikasjonar som er sentrale innanfor arbeid i helse- og sosialsektoren. I møte med menneske i vanskelege livssituasjonar og med behov for å få hjelp og støtte, er det viktig å kunne vise eit godt sinnelag.

I læreplanen finn eg att denne nøkkelkvalifikasjonen i fleire kompetansemål:

Eleven skal kunne:

- gjere greie for kva empati tyder innanfor oppvekst-, helse- og sosialsektoren
- gi døme på korleis empati kjem til uttrykk i handlingar, og sjølv kunne vise empati i veremåten sin
- diskutere og gi døme på service, etikk og omsorg i oppvekst-, helse- og sosialsektoren grunngi og vurdere eigne haldningar og veremåtar når omsorg og utvikling hos brukaren er målet, uavhengig av kultur, religion, livsførsel og funksjonsnivå hos den andre

Måla er henta frå programfaga kommunikasjon og samhandling og yrkesutøving. Eg finn ikkje mål i helsefremjande som rettar seg spesifikt mot omsorg og empati.

Til slutt vil eg ta føre meg nøkkelkvalifikasjonen sjølvinnssikt og sjølvrefleksjon og kva kompetanseområda i dei ulike programfaga seier om den.

Eg har vald ut følgjande mål.

Eleven skal kunne:

- grunngi og vurdere eigne haldningar og veremåtar når omsorg og utvikling hos brukaren er målet, uavhengig av kultur, religion, livsførsel og funksjonsnivå hos den andre
- drøfte og gi døme på kva den enkelte og samfunnet kan gjere for å betre eiga helse og folkehelsa, både psykisk og fysisk
- forklare kva sosial kompetanse vil seie, og gi døme på korleis ein sjølv kan bruke sosial kompetanse i møte med menneske som er avhengige av tilbod i oppvekst-, helse- og sosialsektoren
- gjere greie for kva som kjenneteiknar kommunikasjon som fremjar helse, trivsel og velvære, og sjølv medverke til det

Desse måla set krav til at eleven skal drøfte eigne kvalifikasjonar. Dei utfordrar eleven ved å stille spørsmål om i kva grad dei meistrar dei ferdigheitene som måla omfattar. I så måte er det ikkje nok at eleven tilegnar seg påstandskunnskap, men må bruke den kunnskap dei har til å granske seg sjølv og utvikle sjølvinnssikt. Dette krev at eleven må reflektere over sin eigen veremåte og korleis han eller ho kan utvikle kompetanse for å nå måla.

Læreplan for Vg1 helse- og sosialfag har etter mi oppfatning eit ønske om å legge til rette for heilskapleg, praksisnær yrkeskunnskap. Men som eg har gjort greie for, har ikkje læreplanen tydelege føringar for å ivareta dette. Utforminga av kompetanseområda, oppdeling i ulike fag

og vurdering av sluttkompetanse i kvart av faga legg hindringar for både ei meir praksisnær opplæring og tverrfagleg, heilskapleg utdanning.

4.5 Læreplan i prosjekt til fordjuping

Prosjekt til fordjuping var eit nytt fag ved innføringa av Kunnskapsløftet. Dette faget er felles for alle yrkesfaglege utdanningsprogram i vidaregåande skule. Det utgjer 168 årstimar på Vg1. Formålet med faget på Vg1 er: ”Å gi eleven mulighet til å prøve ut enkelte eller flere sider av aktuelle lærefag innen relevante utdanningsprogrammer, få erfaring med innhold, oppgaver og arbeidsmåter som karakteriserer de ulike yrkene innen utdanningsprogrammene, fordype seg i kompetanse mål fra læreplanene på Vg3-nivå og ta relevante fellesfag i fremmedspråk og programfag frå studieforberedende utdanningsprogram” (Utdanningsdirektoratet, 2007). Som ein ser har elevane mange valmulegheiter i dette faget, både i form av praksisnær opplæring og det å fullføre teoretiske fag med tanke på studiekompetanse.

Ved innføring av faget prosjekt til fordjuping kom det tydlegare signal om å styrke fagopplæringa på yrkesfaglege utdanningsprogram. Eit viktig formål med faget var at elevane på yrkesfaglege utdanningsprogram skulle få mulegheit til å prøve ut ulike lærefag og yrker tidleg i opplæringslaupet (Dæhlen, Hagen, & Hertzberg, 2008, p. 6). Men læreplanen opna også for at elevane kunne velje fellesfag i dette faget, og dermed satse på ein teoretisk retta utdanning.

I prinsipp for utarbeidninga av faget var det fastslege at det var skuleeigar som hadde ansvar for å utarbeide dei lokale læreplanane i faget. Det stod fritt opp til skulane å organisere desse ut i frå lokale tilpassingar. Dersom elevane valde å arbeide med aktuelle mål innan eit eller fleire programområde på Vg3, skulle dette dokumenterast på ei eiga plan som eleven fylte ut. Den lokale læreplanen skulle vere grunnlagsmateriale for denne planen. Eleven si læreplan skulle vere vedlegg til kompetansebeviset.

Som kvart av programfaga i læreplanen for Vg1 helse- og sosialfag skal også faget prosjekt til fordjuping ha sluttvurdering og eigen fagkarakter dersom elevane vel å følgje lokal læreplan og ikkje vel å nytte timane til å fullføre fleire fellesfag . *Elevene skal ha en standpunktakarakter for den delen av prosjekt til fordypning som følger lokal læreplan* (Utdanningsdirektoratet, 2007). Den lokale læreplanen skal byggje på nasjonale

kompetansemål og denne planen skal vere yrkesretta og ta utgangspunkt i Vg3 mål innan programområdet. Min kommentar i denne samanheng er, som også nemnt i læreplan for Vg1 helse- og sosialfag, risikoen for å sjå på prosjekt til fordjuping som eit isolert fag med eigne vurdering av sluttkompetanse. Skal ein få ein heilskapleg opplæring må erfaringa og kompetansen eleven har tileigna seg i løpet av skuleåret sjåast under eitt. Dette vert hindra ved å splitte faga i vurdering av sluttkompetanse.

Vg1 helse- og sosialfag er grunnutdanning for seks ulike vidare utdanningslaup på Vg2. Dei er følgjande; barne- og ungdomsarbeidarfaget, helsefagarbeidarfaget, hudpleie, fotterapi og ortopediteknikk, helseservicefaget og ambulansefaget. På Vg3 nivå er det i tillegg muleg å velje mellom utdanning innanfor fotterapi og ortopediteknikk. Innanfor helseservicefag er mulegheitene å velje Vg3 laup mellom apotekteknikk, helsesekretær og tannhelsesekretær. Det vil seie at elevane på Vg1 nivå kan velje fordjuping innanfor ni ulike yrker. Dette gjev utfordringar av ulik art. For det første set det store krav til å gjere opplæringa på Vg1 helse- og sosialfag meiningsfull og relevant for elevane. Dei har ulike interesser for tema i programfaga ut i frå kva yrkesutdanning dei ynskjer å velje. Eit anna forhold som spelar inn er korleis kompetansemåla innanfor Vg3 læreplanane er formulerte. Ein føresetnad for elevane er at desse måla er forstääelege og kan sjåast i samanheng med Vg1 læreplanen. Som eg påpeika tidlegare meinte eg at kompetansemåla på Vg1 stort sett var prega av at elevane skulle tilegne seg teoretisk kunnskap, påstandskunnskap, ved at dei skulle gjere greie for, forklare ulike tema. På Vg3 er fokus snudd om, her skal eleven kunne t.d. utføre, delta i, yte, gjennomføre og rettleie. Fokus her er å praktisere, utøve yrket og bruke den påstandskunnskap ein har tileigna seg i løpet av to år på skulen. Mitt spørsmål er kvifor ikkje kompetansemåla på Vg1 kunne formulerast som meir praksisretta opplæring, for å sikre ein byrjande heilskapleg yrkeskompetanse. Slik ein no har organisert opplæringa vert det berre dei kompetansemåla som eleven vel i faget prosjekt til fordjuping som fokuserer på både teori og praksis.

Ei utfording er å skaffe relevante praksisplassar for elevane innan for dei ulike yrka. I distriktskommunar med ein relativt snever arbeidsmarknad vil det vere urealistisk å kunne møte alle elevane sine ynskjer om praksiserfaring. I og med at elevane er unge og det krev økonomisk tilrettelegging, er det heller ikkje aktuelt å tilby elevane å reise til større sentra for å få ønska arbeidspraksis.

Då eg las Ekelund si bok om nøkkelkvalifikasjonar i arbeid innan helse- og sosialfag, såg eg at dette kunne vere ein måte å strukturere faget prosjekt til fordjuping på. Eg meiner desse ferdigheitene er sentrale innanfor alt arbeid med menneske. Elvane kunne då konkretisere kvalifikasjonane og knyte dei opp mot aktuelle kompetanse mål i i Vg3 – læreplanar, som dei ville fordjupe seg i. På denne måten ville elevane lettare sjå samanheng med deira arbeidspraksis og gjennomgang av tema på skulen. I fagleg fordjuping og diskusjon av kvalifikasjonane vill alle elevane kunne bidra med sine erfaringar. Dette til tross for at elevane hadde vald ulike yrker å fordjupe seg i. Ved å finne aktuelle kompetanse mål i dei ulike programfaga på Vg3 nivå, var mitt ønske at elevane lettare ville sjå samanheng mellom dei ulike faga og arbeidspraksis.

Som døme vil eg trekke fram eit par av nøkkelkvalifikasjonane og vise aktuelle kompetanse mål i dei ulike Vg3 læreplanane. Dette meiner eg viser at nøkkelkvalifikasjonane er sentrale for utdanningar i helse- og sosialfagleg programområde og elevane vil finne kvalifikasjonane att både i Vg1 og Vg3 planar.

Først vil eg sjå på nøkkelkvalifikasjonen samarbeidskompetanse.

I Vg3 helsearbeidarfaget vel eg ut kompetanse målet :

delta i tverrfaglig samarbeid

I Vg3 barne- og ungdomsarbeidarfaget vel eg ut kompetanse målet:

samarbeide med føresatte, kollegaer og andre samarbeidspartnere om aktiviteter og tiltak for barn og unge

I Vg3 ambulansefaget vel eg ut kompetanse målet:

samarbeide med luftambulansetjenesten og redningshelikopter under ambulanseoppdrag

I Vg3 hudpleie vel eg ut kompetanse målet:

rettleie brukarar om pleie og behandling av hud, hår og negler

I Vg3 fotterapi et vel eg ut kompetanse målet:

rettleie, kommunisere og samhandle med brukarar om føthelse

I Vg3 ortopediteknikk vel eg ut kompetanse målet:

kommunisere og samhandle med brukere i ulike livssituasjoner og med ulik kulturbakgrunn

I Vg3 apotekteknikk vel eg ut kompetanse målet:

kommunisere og samhandle med kunder, kollegaer og andre fagpersoner

I Vg3 helsesekretærfaget vel eg ut kompetansemålet:

kommunisere og samhandle med helsepersonell og pasientar i ulike livssituasjoner

I Vg3 tannhelsesekretærfaget vel eg ut kompetansemålet:

drøfte tannhelsesekretærrens rolle i det tverrfaglige samarbeidet

Mitt andre døme er å finne kompetansemål som legg vekt på etisk bevisstheit:

I Vg3 helsearbeidarfaget vel eg ut kompetansemålet:

følge gjeldende regelverk for taushetsplikt og personvern i helse- og sosialsektoren

I Vg3 barne- og ungdomsarbeidarfaget vel eg ut kompetansemålet:

følge gjeldende regelverk for taushetsplikt og personvern

I Vg3 ambulansefaget vel eg ut kompetansemålet:

drøfte etiske dilemmaer knyttet til yrkesutøvelsen

I Vg3 hudpleie vel eg ut kompetansemålet:

følgje gjeldande regelverk om teieplikt og personvern

I Vg3 fotterapi et vel eg ut kompetansemål:

følgje gjeldande regelverk om teieplikt og personvern

I Vg3 ortopediteknikk vel eg ut kompetansemålet:

drøfte etiske dilemmaer i ortopediteknikkfaget

I Vg3 apotekteknikk vel eg ut kompetansemålet:

følge gjeldende regelverk om taushetsplikt og personvern

I Vg3 helsesekretærfaget vel eg ut kompetansemålet:

følgje gjeldande regelverk om teieplikt og personvern

I Vg3 tannhelsesekretærfaget vel eg ut kompetansemålet:

følge gjeldende regelverk om taushetsplikt, personvern og yrkesetiske retningslinjer

I denne framstillinga finn eg at dei ulike Vg3 planane har mange kompetansemål med felles tema og at nøkkelkvalifikasjonane er sentrale i dei omtalte tema. Difor meiner eg at ved å legge til rette for ei opplæring med vekt på praksisnær, heilskapleg yrkeskunnskap som mål, vil nøkkelkvalifikasjonane vere til god hjelp. Elevane vil sjå samanheng mellom Vg1 og Vg3 planar ved å fordjupe seg i kompetansemål knytt til desse kvalifikasjonane. Som eg nemnte ovanfor er også kompetansemål i læreplanane for Vg3 meir handlingsretta, og krev difor praktisk opplæring. Difor meiner eg at er dette *ein veg å gå for å nå målet for Kunnskapsløftet som var å styrke elevane sitt læringsutbytte, redusere sosiale skilnadar i utdanningssystemet og gje elevar eit betre grunnlag for val av utdanning og yrke* (Dæhlen et al., 2008).

4.6 Oppsummering

I både generell læreplan og prinsipp for opplæring finn eg føringar som støtter opp om mitt utviklingsprosjekt. Dei har tydelege føringar i å legge til rette for praksisnær opplæring og at teori og praksis må utgjere ein heilskap. Dette styrkjer mi oppfatning av at auka fokus på å yrkesrette opplæringa er rett veg å gå. Vidare finn eg att nøkkelkvalifikasjonane både i dei ulike mennesketypane og i læringsplakaten. Eg opplevar også at læreplanen i Vg1 helse- og sosialfag er eit godt arbeidsdokument i mitt prosjekt.. Den peiker direkte på dei nøkkelkvalifikasjonane som eg legg vekt på og trekker dei inn i mange av kompetansemåla. Det eg saknar er ei tydlegare presisering av at denne opplæringa må vere praksisnær og knyte teori og praksis saman. Då må kompetansemåla i mykje større grad avspegle det i form av at elevane skal utføre, kunne prøve ut o.l. Då vil måla vere ein tydeleg rettesnor for ei sterkare yrkesretting av opplæringa. Likeeins meiner eg å dele yrkesopplæringa i tre programfag er uheldig, for å utvikle byrjande heilskapleg yrkeskunnskap. Oppdelinga gjer tverrfagleg opplæring vanskeleg, spesielt på grunn av at elevane sin sluttkompetansen skal dokumenterast i form av karakterar i kvart av programfaga. Dette gjeld også for faget porsjekt til fordjuping, som også skal ha ei sluttvurdering i form av ein karakter. Elles meiner eg at faget prosjekt til fordjuping legg godt til rette for mitt ønske om ei meir praksisnær og yrkesretta opplæring i Vg1 helse- og sosialfag. Mi oppfatning er at det er viktig for elevane å ha nær tilknyting til yrkeslivet. Samarbeidet med aktuelle arbeidsplassar og arbeidspraksis gjer elevane bevisste på samanhengen mellom det dei lærer på skulen og det dei møter på arbeidsplassen.

5 Prosjektet sitt forskingsdesign

5.1 Innleiing

I denne delen av oppgåva vil eg gå inn på forskingsdesign. Eg vil ta utgangspunkt i dei rådande vitskapsteoretiske retningane og grunngje mitt val av forskingstilnærming. Etter ei utgreiing om forskingstilnærminga vil eg presentere ei grovplan for prosjektet mitt . Grovplanen er strukturert ut i frå den didaktiske relasjonsmodellen. Deretter vil eg drøfte metodiske forhold, både min eigen rolle, utval av informantar og val av datainnsamling. Eg vil avslutte med ein del betraktingar rundt prosjektet sin forskingsmessige kvalitet, og nokre etiske refleksjonar.

Føringane for metodisk design ligg i problemstillinga for prosjektet :
Korleis legge til rette for utvikling av byrjande heilskapleg yrkeskunnskap
for elevar på VG1 helse- og sosialfag?

Mitt prosjekt rettar fokus mot ei gruppe elevar sin skulekvardag. Eg har teke utgangspunkt i min eigne arbeidspraksis og eg meiner at aksjonsforsking er veleigna tilnærming i denne form for vitskapleg arbeid. Dette vil eg grunngje seinare i kapittelet.

Ulike vitskapsteoretiske tilnærmingar:

Epistemologi er læra om kva kunnskap er, men det finns ulike vitskapsteoretiske retningar. Denne skilnaden kjem til uttrykk i syn på kva vitskapleg kunnskap er og korleis utvikle slik kunnskap.

Eg vil kort definere kva som ligg i omgrepa vitskap og metode. Eg har vald følgjande definisjon av kva vitskap er:

Vitenskap er systematisk og kontrollert utvikling av kunnskap om naturen , mennesket og samfunnet (Aadland, 2004, p. 55)

Krav til vitskap er at den skal ha ei spørjande holdning til verda, at den nyttar vitskaplege metodar for å studere røyndomen, og at den gjer det på ein så systematisk måte at resultata ein kjem fram til er etterprøvbare(Halvorsen, 2008, p. 25).

Metode , av det greske ordet *methodos*, tyder å følgje ein bestemt veg mot målet. Det er den handverksmessige sida av vitskapleg arbeid, og er læra om dei verktøy ein nyttar bevisst, systematisk, planmessig for å samle inn informasjon om røyndomen. Det omfattar *både å samle inn, organisere, bearbeide, analysere og tolke sosiale fakta på ein systematisk måte så andre kan kikke ein i korta* (Halvorsen, 2008, p. 20).

5.2 Ulike syn på vitskap:

Det er to hovudretningar innan vitskapsteori, ei naturvitenskapleg tilnærming; positivismen og ei humanistisk tilnærming: hermeneutikken.

5.2.1 Positivismen

Positivismen kjenneteiknast ved at den søker sikker, eller positiv kunnskap. Eit positivistisk syn på vitskap meiner at kjeldene til kunnskap er det vi menneske kan iaktta med sansane våre, observere, fakta vi innhentar, og det vi kan tenke oss fram til med hjelp av vår logiske sans. Positivismen vektlegg erfaringsmessige kjensgjerningar og vitskapleg rasjonalitet, der

kunnskapen skal kunne utprøvast empirisk og vere målbar. Forklaringane skal uttrykkast i årsak – verknad og forskaren skal vere objektiv. I positivistisk vitskapleg forsking er kvantitative data sentrale, data skal vere målbare, lette å kontrollere og objektive. Forskaren inntek ein observerande og distansert rolle i høve til forskingsområdet (Dalland, 2002, p. 50). Dette vitskapssynet har hatt ein dominerande rolle i vårt samfunn og innanfor naturvitenskapleg forsking har denne tradisjonen djupe og sterke røter. Mitt prosjekt som rettar seg mot forsking på eigen arbeidsplass, der eg innhentar data frå sosiale samanhengar, og det at eg er i nær kontakt med det eg forskar på, vil ikkje høyre inn under denne tradisjonen.

5.2.2 Hermeneutikken

Den andre hovudretninga innan vitskapsteori er hermeneutikken.

Hermeneutikk tyder fortolkingslære, det å fortolke meiningsfulle fenomen .

Den handlar om å tolke og forstå grunnlaget for menneskeleg eksistens (Dalland, 2002, p. 55). Hermeneutikken sin føregangsmann Wilhelm Dilthey sa: *"Naturen forklarer vi, sjelslivet forstår vi". Han meinte det kravde andre metodar, omgrep og teoriar for å studere menneskeleg handling, sosialt liv og kultur enn det å kartlegge naturen. Hermeneutikken sitt kunnskapsideal er knytt til mennesket som eit tenkande, handlande, villande og skapande vesen* (Aadland, 2004, p. 176).

For å forklare ei handling eller eit fenomen, må ein kunne setje seg inn i den andre personen si opplevingsverd og fortolke sosiale situasjonar. Forskaren kan berre forstå den ved sjølv å trengje inn i den aktuelle sosiale situasjonen og den andre sine opplevelingar. I hermeneutisk tradisjon er metodisk tilnærming å finne opplevelingar og meininger som ikkje let seg talfeste eller måle. Data som vert samla inn er av kvalitativ art. Spesielt deltakande observasjon, tekstanalyse og intervju er sentrale metodar. Forskaren er oppteken av å forstå eit anna menneske si oppleveling av sin situasjon, av å fortolke mennesket sine handlingar ved å fokusere på eit djupare meiningsinnhald enn det som umiddelbart er innlysande.

Mitt prosjekt som er ei forsking på korleis legge til rette for ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap i ei gruppe av mine elevar, meiner eg høyrer under denne vitskaplege tradisjonen. Mine data er korleis elevane si opplever opplæringa og kva tankar mine kollegaer og eg gjer oss i perioden dette prosjektet føregår. Metodar for å samle inn data er bruk av intervju, elevane sine loggar og refleksjonsnotat og eigne og kollegaer sine tankar om prosjektet.

Utviklinga av prosjektet vil bli påverka av dei erfaringar som aktørane gjer seg undervegs i prosessen.

5.2.3 Fenomenologien

Fenomenologien er læra om det som viser seg, det erfarte, og er nært beslektet med hermeneutikken. Vi sansar ikkje tinga slik dei er i seg sjølv, men slik dei framstår eller viser seg for oss. I denne samanheng kjem også vår føreforståing inn. Når vi møter eit menneske eller ein tekst har vi med eit sett av føresetnadane som inneheld holdningar og meininger. Gadamer som introduserte omgrepet først, meinte at det er desse føresetnadane som avgjer om vi finn mening i ein tekst eller ei handling (Aadland, 2004, p. 184).

Føreforståinga er sentral i aksjonsforsking. Det er viktig at eg som forskar er bevisst kva tankar og holdningar eg tek med meg inn i arbeidet.

Før prosjektet starta opp, hadde eg allereie gjort meg opp mange tankar og meininger om kva eg ønska å arbeide med, og eg hadde også ein del forventningar til prosjektet. Likeeins har eg med meg mange erfaringar som lærar på VG1 helse- og sosialfag i mange år. Også mine erfaringar som fysioterapeut har eg med meg i mi førefortståing. Aksjonsforsking som forskingsstrategi føreset at eg er bevisst på dei føringar eg har lagt til grunn, og har sjølvvinnslig om mi eiga føreforståing.

5.2.4 Hermeneutisk sirkel eller spiral:

Aadland skildrar den hermeneutiske spiral/sirkel som gjennom livet skrur seg vidare i ei evig veksling mellom føreforståing og tolking, teori og praksis, refleksjon og oppleving. Gjennom veksling mellom føreforståing og nye erfaringstolkingar vert ny språkforståing, oppfatning om tru og korleis verda heng saman, bygt ut. Eg samlar meg opp eit reservoar av personlege erfaringar. Dette skaper ein heilskap; holisme. Eg ser ikkje på delane, oppsplitta og isolert, men ynskjer å setje dei inn i ein større samanheng og forstå dei i lys av heilskapen (Aadland, 2004, p. 193).

5.3 Val av forskingsstrategi:

I mitt prosjekt har eg vald aksjonsforsking som forskingsstrategi. Denne strategien handlar om endring og betring av praksis og utvikling av ny kunnskap. Aksjonsforsking er ei form for praksisbasert pedagogisk forsking som vektlegg samarbeid og endringsprosessar (McNiff & Whitehead, 2006).

Definisjon av aksjonsforskning i læraryrket eller pedagogisk aksjonsforskning kan beskrivast som følgjande: Forsking som innebærer systematisk samarbeid om planlegging, gjennomføring, vurdering og kritisk analyse av utdannings-, undervisnings- og læringsprosesser. Forskingen har til hensikt å utvikle kvaliteten på utdanning, undervisning/læringsledelse og læring, samt å dokumentere ny kunnskap om slike prosesser i skole og arbeidsliv (Hiim, 2009, p. 107) .

Ut i frå denne definisjonen av aksjonsforskning meiner eg at mitt prosjekt stetter dei krav som vert stilt. Målet med mitt prosjekt er å utvikle det pedagogiske arbeidet i opplæringa på Vg1 helse- og sosialfag. Den kunnskap og dei resultat eg har kome fram til, har eg oppnådd ved å arbeide systematisk ut i frå ei grovplan og dokumentere undervegs det som skjer. Prosjektet er basert på eit nært samarbeid med mine elevar og kollegaer, som underviser i denne klassen. I tillegg har eg forankra prosjektet i leiinga, og har hatt eit tett samarbeid med arbeidslivkontakten på skulen.

I løpet av heile skuleåret har mine kollegaer, elevane og eg brukt mykje tid til refleksjon over læring og arbeid. Det har vore eit godt samarbeid i forskingsprosessen. Sjølv om skulekvardagen er hektisk til tider, har både formaliserte møter og meir uformelle samtaler vore prioritert i dette utviklingsarbeidet. Det har vore ein systematisk, sekvensiell gjennomføring av forskingsprosessen som er dokumentert i grovplanen for prosjektet. Likeeins har dokumentasjonen av utvikling av undervisning/læringsleiing og læring vore sentralt gjennom heile prosjektet. Dokumentasjonen har vore i form av loggar, refleksjonsnotat, samtaler og kvalitative intervju.

Essensen i strategien for pedagogisk aksjonsforskning er at prosjektet omhandlar eit spørsmål om korleis sentrale oppgåver kan utførast. I mitt prosjekt er problemstillinga: **Korleis legge til rette for utvikling av byrjande heilskapleg yrkeskunnskap for elevar på VG1 helse og sosialfag?** Bakgrunnen for denne problemstillinga var dei pedagogiske og praktiske utfordringane som innføringa av Kunnskapsløftet medførte. Både mine kollega og eg hadde eit sterkt ønske om å legge til rette for betre læring og meir fokus på praktisk opplæring og erfaring av handlingar. Likeeins var elevane motiverte og engasjerte i å prøve ut ulike pedagogiske verktøy. Dei ønska også å delta aktivt i avgjersleprosessar, for enkelte var det ei positivt og ukjend oppleving.

Hensikta med dette aksjonsforskins prosjektet er at eg og mine kollega som profesjonelle lærarar stiller oss opne for å reflektere over vår praksis gjennom systematisk, handlingsbasert refleksjon og at vi erfarer av kvarandre sine dokumenterte refleksjonsdøme. Like viktig er at elevane er aktive refleksjonspartnarar og at dei også lærer å reflektere over sitt arbeid og si læring. Dei er aktive med å identifisere aktuelle problem, som i dette prosjektet dreier seg om å utvikle byrjande yrkeskunnskap. Dette inneber at elevane også må vere aktive i utarbeiding og vurdering av planane for opplæringa (Hiim, 2009, p. 135).

Hensikta med forskinga er å produsere kunnskap som er nyttig og viktig for menneske i dagleglivet. For min del gjeld det at både elevar og lærarar på Vg1 helse- og sosialfag opplever at prosjektet er meiningsfullt og at dei deltek aktivt i prosessen. I arbeidet med dette prosjektet er målet å skape praktiske resultat i form av konkrete forslag til opplegg i opplæringa. I tillegg vil slike prosjekt føre med seg nye former for forståing ved å rette fokus mot sentrale overordna forhold, som eit utvida syn på kunnskap og tankar rundt didaktiske mål .

Aksjonsforsking søker praktisk kunnskap og frigjerande kunnen og kunnskapsutvikling, i form av deltakande, samarbeidande forsking. Ved å involvere dei ulike partane i utviklingsarbeidet får ein fram eit stort spekter av erfaringar og mange spennande refleksjonar (Hiim, 2009, p. 163).

Det var viktig for meg å involvere elevane og kollegaene heilt frå starten av prosjektet . Gjennom heile prosjektperioden var dei aktivt deltakande og eg opplevde at medverknadsaspektet var sentralt. Både i planleggings -, gjennomførings - og refleksjonsprosessar har fokus vore retta mot medverknad. For meg er det av stor betyding å få fram elevane sine erfaringar og kva dei har lært i prosjektet. Det er også av stor betyding kva mine kollegaer og eg sit att med av erfaringar. Både i form av eit meir reflektert syn på opplæring retta mot prosjektet, men også meir generelt å få impulsar til å utvikle profesjonell praksis. Det er også viktig å hente anna aktuelle kunnskapsresultat frå andre forskarar sine prosjekt.

5.3.1 Min rolle som forskar på eigen praksis

Det er ein del personlege eigenskapar som er viktige for å gjere gode undersøkingar . Aksjonsforsking dreiar seg om personar som undersøker si eiga erfaring saman med andre med liknande interesse. Difor må eg som forskar vere nærverande, open og empatisk, open

for folk, for verda og for ulike oppfatningar. Vidare må eg kunne setje oppfatningar i parantes og re-innramme oppfatningar og omgrep for å ikkje bli fastlåst i bestemte strukturar. Går eg inn i prosjektet med ei klar formeining om kva forventa resultat skal bli, vil dette hindre meg i å sjå andre viktige signal som kjem fram. Eg går glipp av impulsar som både påverkar vidare prosess i forskinga og innspel som utdjupar eller endrar retning av fokus. Eg må observere både det tydelege uttrykte, men også det som kjem fram i underliggende eller implisitte hensikter og normer. I dette ligg å få fram både det uttalte i form av logger, samtaler m.m. og signal som underbygger eller er motstridande i høve til data. Til slutt må eg også kunne innta metaperspektivet i ulike situasjonar. Det vil seie å kunne vurdere relevans i situasjonen, sjå alternative mulegheiter og handlingar, sjølv om eg er sterkt involvert i situasjonen (Hiim, 2009, p. 175).

.

5.3.2 Utval av informantar

Totalt 14 jenter starta på Vg1 helse og sosialfag dette skuleåret og som utgjer dei viktigaste medaktørane og informantane mine. Dei fekk grundig informasjon om prosjektet og kva tankar som låg til grunn for å setje det i gong. Då elevane var under 18 år fekk dei med informasjon heim til foreldre. For å stette formelle krav skreiv foreldra under eit skjema, der dei godtok at deira barn var med i prosjektet. Men det sentrale var elevane si oppfatning av prosjektet og at dei var motiverte for å delta i opplegget. Eg opplevde at dei både var nyfikne og positive til å delta på utviklingsarbeidet. Responsen frå mine to kollegaer som underviste i programfaga var også positiv. Dei var delaktige i prosjektet som viktige samtalepartnarar og gode og kritiske rettleiarar i tillegg til at vi gjennomførte ein del felles tverrfaglege prosjekt i løpet av prosjektperioden. Den eine av faglærarane starta også opp med eit yrkespedagogisk studie, så trur eg slike prosjekt har ringverknader.

Det er viktig at alle involverte aktørar opplever at dei ikkje blir forska på, men er deltarar og forskar med i prosjektet. Dette gjeld både for elevar og kollegaer. Det er ein fare lærar og set i gang eit prosjekt, å styre det framover slik eg har planlagt. Men det strid mot sentrale prinsipp innan aksjonsforsking. Det er svært viktig at ingen tek på seg ei dominerande rolle. Alle deltararane i prosjektet er jambyrdige og dette samarbeidet må vere i fokus gjennom heile prosjektet.

5.3.3 Grovplan for prosjektet

Eg vil ta føre med korleis eg har planlagt arbeidet med å innhente data i mitt forskingsprosjekt. Eg nyttar den didaktiske relasjonsmodellen for å skildre min framgangsmåte. Denne grovplanen legg opp til ei inndeling av arbeidet i bolkar eller sekvensar. Dette er ønskeleg for å sikre at ein stopper opp og har tid og rom for vurdering og refleksjon. Denne pausen i prosjektet vil sikre at alle deltagarane får høve til å delta i vurderinga og refleksjonen og i vidare planlegging av arbeidet.

Mål:

Dette prosjektet hadde som mål å gjere undervisninga på Vg1 helse- og sosialfag meir yrkesretta. Elevane skulle i større grad få kontakt med arbeidslivet og bli kjend med viktige særtrekk innan helse- og sosialfaglege yrke. Prosjekt til fordjuping er eit programfag som eigna seg som utgangspunkt for dette, og faget vart sentralt i utforminga av prosjektet.

Elevane skulle få høve til å bli kjend med ulike vegar å velje innanfor studieretninga. I tillegg skulle dei bli bevisste viktige kvalifikasjonar som kjenneteiknar det å arbeide innanfor dei område som dei hadde valt. Målet med prosjektet var vidare at elevane skulle ha fått ei avklaring av kva dei ville søke på til neste skuleår, bli tryggare på kva dei ønska å spesialisere seg innanfor. Det var også viktig å gje elevane høve til å vere delaktige i undervisninga, og gjere dei bevisste på både kva mulegheiter og ansvar dette innebar.

For lærarane var prosjektet eit sterkt ønske om å utarbeide og prøve ut nye måtar å yrkesrette undervisninga på. Det var trong for å setje seg grundig inn i ei ny reform, og sjå dei mulegheiter denne gav for å utvikle gode pedagogiske verktøy . Utviklingsarbeidet gav høve til å gjere skuleåret målretta og fokusere på at elevane skulle bli bevisste både sine yrkesval og personlege ferdigheter.

Elevane / lærarane sine læreføresetnader:

Elevane:

Det er ei klasse på 14 elevar og i klassen er det kun jenter. Ingen av elevane er over 18 år og 9 av elevane kjem direkte frå ungdomsskulen. 3 av elevane har gjennomført eit Vg1 løp innanfor ei anna studieretning og deretter vald helse- og sosialfag. 2 elevar tek grunnkurset over 2 år, og har i løpet av første året fullførd nokre av programfaga i tillegg til utvida arbeidspraksis. To av elevane er framandspråklege, men har budd i landet nokre år og snakkar og skriv norsk bra. Ein elev valde av personelge grunnar å slutte utdanninga på våren. Elevane er positive og utsykker ønske om å vere med i avgjerdssprosessar. Læringsmiljøet i klassa er bra, elevane er aktive munnleg og deltek ivrig i diskusjonar. Det er variasjon i

elevane sine evner og dette gjer utfordingane for å differensiere store. Enkelte treng meir tid og strevar i somme fag, spesielt i fellesfaga er det store sprik i nivå.

Lærarane:

Eg er kontaktlærar og har ansvar for to av programfaga; prosjekt til fordjuping og yrkesutøving. To andre lærarar har ansvar for kvart sitt programfag, kommunikasjon og samhandling og helsefremjande arbeid. Min bakgrunn er fysioterapeut i tillegg til studiar innafor psykologi og sosiologi. Eg har som fysioterapeut arbeidd både innafor sjukehus, kommunehelsetenesta og privat institutt. Denne arbeidserfaringa er svært viktig for meg for å kunne relatere undervisninga mi til praksisfeltet. Dei siste 20 åra har eg vore lærar ved skulen og undervist hovudsakleg på studieretning for helse- og sosialfag. I tillegg til desse klassene har eg også hatt ansvar for vidareutdanning innafor fagfeltet og kontakt med yrkesutøvarar som kjem for å få faglege spisskompetanse har vore svært lærerikt. Deira praksiserfaring har gitt meg mange viktige innspel og opplevingar som eg har brukt i skulekvardagen elles. Mine to kollegaer har anna fagleg bakgrunn, den eine er utdanna førskulelærar og har lang yrkeserfaring innan arbeid i barnehagar. Den andrefaglæraren har grunnutdanning som hjelpepleiar og deretter gjennomført yrkesfaglærarutdanning innan helse- og sosialfag. Eg ser det som ein stor fordel at vi har ulik fagbakgrunn og yrkespraksis. Det gjer mangfald i opplæringa og vi kan utfylle kvarandre med ulik arbeidserfaring. Eg opplever at vi alle har ynskje om at elevane skal ha eit godt læringsutbytte og tileigne seg viktig kompetanse. Vi er opptekne av at elevane skal oppleve å bli sett og bli høyrde. Samtidig har vi i samarbeid med elevane drøfta korleis vi ynskjer at klassemiljøet skal vere og saman utarbeidd reglar for korleis vi ynskjer å ha det i klassen. Tilbakemeldingar frå klassen er positive med omsyn til korleis dei opplever læringsmiljøet og vår kontakt med dei.

Rammer:

Fysiske forhold:

Kommunen sitt bibliotek er lokalisert i skulebygget og dermed har elevane gode mulehøiter for å hente lærestoff og få hjelp av bibliotekar til dette. Det er fleire datarom tilgjengelege for elevane og i tillegg har skulen trådlaust nettverk som elevane kan kople seg på. Elevane har basisrom som denne klassen disponerer åleine og difor kan elevane ha bøkene sine og anna utstyr lett tilgjengeleg. På alle basisrom er det tilgjengeleg datautstyr, med datamaskin og prosjektor. Skulen ligg i kommunesenteret og avstanden er kort til aktuelle plassar å besøke. Denne studieretninga har også verkstadar tilrettelagt for praktiske øvingar. Eit rom er utstyrt

som bueining med kjøkken/stove og diverse hjelpemiddel. Der er også eit stellerom og toalett med mykje teknisk utstyr.

Organisering av skuledagen: timeplan

Fellesfaga er fastsett på timeplan og kan ikkje flyttast. Årsaka til dette er at lærarane i desse faga også underviser i andre klasser. Programfaga er også timeplanfesta, men faglærarane har høve til å disponere og endre desse ut i frå kva behov vi har. Dette gjer at vi er meir fleksible i våre undervisningsopplegg og kan både legge til rette for lengre økter i eit fag, arbeidspraksis og tverrfagleg prosjekt. På timeplanen er det avsett timar til eigenstudie, der elevane får velje sjølv kva dei ynskjer å arbeide med og lærar er tilgjengeleg for rettleiing og hjelp.

Utarbeiding av planar:

I alle fag er det utarbeidd planar, og for programfaga er det utarbeidd ei plan som omfattar alle. Dette for at elevane skal ha ei oversikt over tema og korleis faga heng saman. Der er nøkkelkvalifikasjonane sentrale. Der legg ein også inn ulike oppgåver og vurderingsmåtar, etter drøfting med elevane.

I tillegg vert det utarbeidd arbeidsplanar med ein varigheit på 14 dagar. Elevane deltek i utarbeidninga av korleis tema skal gåast gjennom og korleis dei ynskjer å arbeide. Der vert alle aktivitetar lagt inn både faglege og fellesopplegg ved skulen. Elevane får då ei oversikt over kva som skal skje dei neste vekene og er aktive med i utforminga av arbeidsmåtar og vurdering.

Arbeidsplassar:

I og med at mange av dei aktuelle arbeidsområda innafor denne studieretninga er i offentleg sektor vil kommunale arbeidsplassar i stor utstrekning vere dei mest aktuelle praksisplassane. Leiinga ved skulen inngjekk ei partnarskapsavtale med kommunen skulen er lokalisert i. Dette forenklar arbeidet med å skaffe relevant arbeidspraksis for elevane, då denne avtalen opnar for samarbeid mellom den vidaregåande skulen og ulike bedrifter i kommunal sektor.

Innhald:

Det overordna er at elevane ut i frå sitt ståstad og sine ferdigheter skal sitje att med kunnskap og ferdigheter dei opplever relevante for både vidare skulegang og personleg vokster.

Plan over organisering av skuleåret:

Utgangspunktet for planen var faget prosjekt til fordjuping, bevisstgjering av yrkesval og gjennomføring av arbeidspraksis. I dette faget skal elevane utarbeide eiga læreplan, med utgangspunkt i sentral og lokal læreplan faget. Den lokale læreplanen i PTF for helse- og sosialfag legg føringar for korleis faget skal gjennomførast på denne studieretninga. I dei ulike bokane vart det gjennomgått ulike tema, og fokus spesielt på nøkkelkvalifikasjonane. Desse var knytt opp mot læreplanmål i programområdet.

Bolk 1: Veke 34-38

Bli kjend samtaler lærarar og elevar
Fokus på klassemiljø og reglar for korleis ein ynskjer å ha det i klassa
Informasjon om faga, læreplanar og årsplanar
Gå gjennom ulike vegval vidare i studiet
Innføring i dei ulike nøkkelkvalifikasjonane
Introdusere ulike læringsstilar;
Fylle ut karriereplan,
Gjennomføre rettleatings / utviklingssamtale

Bolk 2: Veke 39-44

Idémyldring om ulike arbeidstilbod/yrker innanfor studieretninga
Gjennomføre bedriftsbesøk som elevane ønske
Elevane skal skrive logg om dei ulike besøka
Arbeide med tverrfagleg problembasert oppgåve, trekke inn alle programfaga
Gjennomføre rettleatings/ utviklingssamtale

Bolk 3: Veke 45-2

Elevane skal planlegge første arbeidspraksis
Elevane skal velje ut nokre kompetanse mål innan ei læreplan på Vg3 programområde og fordjupe seg i dei
Gjennomføring av første arbeidspraksis 6 dagar
Elevane skal skrive logg i løpet av arbeidspraksis
Elevane skal skrive ei refleksjonsoppgåve frå arbeidspraksis
Elevane arbeider med tverrfagleg oppgåve i dei ulike programfaga, der dei også skal flette inn eigne erfaringar.
Gjennomføre rettleatings/ utviklingssamtale

Bolk 4: Veke 3-12

Elevane skal planlegge andre arbeidspraksis.

Elevane skal velje ut nokre kompetansemål innan ei læreplan på Vg3 programområde og fordjupe seg i dei

Gjennomføring av andre arbeidspraksis 6 dagar

Elevane skal skrive logg i løpet av arbeidspraksis

Elevane skal skrive ei refleksjonsoppgåve frå arbeidspraksis

Elevane arbeider med tverrfagleg oppgåve i dei ulike programfaga, der dei også skal flette inn eigne erfaringar.

Gjennomføre rettleatings/ utviklingssamtale

Elevane skal søkje skuleplass til neste år Vg2.

Bolk 5: 12- 18

Elevane skal gjennomføre tredje praksisperiode

Gjennomføring av andre arbeidspraksis 3 dagar

Elevane skal reflektere over nøkkelkvalifikasjonar og byrjande heilskapleg yrkeskompetanse

Gjennomføre rettleatings/ utviklingssamtale

Bolk 6: 19-25

Gjennomføre skuletur til Oslo med bedriftsbesøk

Elevane skal skrive si eiga læreplan i PTF

Gjennomføre ei oppsummeringssamtale

5.3.4 Arbeidsmåtar:

I og med elevane er ulike, både i måte å lære på og kva nivå dei har, er det viktig å differensiere og variere arbeidsmåtar. Som lærar i mange år har eg erfart at for å lukkast i opplæringa er det nødvendig å ta utgangspunkt i elevane sine eigne erfaringar og korleis dei lærer best. Dei er ekspertane på kva som gjev dei best utbytte og kva som motiverer. Men samstundes er det viktig å tydeleg på kva innsats som vert kravd både av elev og lærar, for å få godt læringsutbytte og ei fagleg vurdering.

Mappemetodikk:

Gjennom heile året skulle elevane samle sine ulike arbeid i ein perm som dokumentasjon. I denne permen skulle også notat om eigne planar og refleksjonar i høve til ulike mål ligge. Faglærarane sine tilbakemeldingar og drøftingar mellom faglærar og elev skulle også vere ein del av innhaldet. Denne permen skulle elevane ha med seg i utviklings/ rettleiingssamtaler. Den er til god hjelp i oppsummering av korleis eleven opplever si eiga faglege utvikling og erfaringar med arbeidslivet. For eleven skulle dette verte eit reiskap for å sjå si eiga utvikling og ut i frå tidlegare erfaringar gjere nye vegval.

Praksiserfaring:

Denne arbeidsmåten er sentral i å yrkesrette undervisninga innafor yrkesfaglege utdanningsprogram. Elevane skulle sjølve få sjølve velje kva arbeidspraksis dei ønska, så langt det let seg gjere å avtale utplassering på aktuelle arbeidsplassar. Dei skulle også velje om dei vil spesialisere seg innanfor eit programområde på Vg3 eller om dei ynskte ein breiare yrkeserfaring og prøve ut fleire utdanningslaup. Det skulle også leggast til rette for verkstad på skulen, der elevane kan utvikle kompetanse i utføring av ulike prosedyrar og arbeidsteknikkar.

Utviklings og rettleiingssamtale:

I starten av skuleåret skulle det gjennomførast ei bli kjend samtale der elev og kontaktlærar drøfta tankar og forventningar til skuleåret. Det er viktig å få fram både kva tankar eleven gjer seg om korleis ho best tileigner seg lærestoff og korleis vurdere læringspå best muleg måte.

I kvart bok skulle kontaktlærar gjennomføre ei individuell elevsamtale, der begge partar skulle vere førebuide og det vart avsett tid til samtala. I tillegg skulle det i undervisninga vere avsett tid til eigenstudie, tilrettelagt for individuelle rettleiingar eller rettleiing i grupper.

Undervisning:

Elevane skulle sjølve få kome med framlegg om korleis gjennomgå ulike lærestoff og korleis dei ønska å arbeide. Ein skulle legge opp til variasjon i skulekvardagen, der ein nytta både teoretisk gjennomgang, individuelt arbeid, pararbeid og gruppearbeid/prosjektarbeid, praktiske læringsituasjonar, felles diskusjonar i klassa, oppgåveløysing knytt opp mot problembasert læringspå, rollespel og bruk av pedagogisk sol. Det sentrale skulle vere at elevane opplevde å delta i avgjersler. Dei skulle delta aktivt i arbeidet med lærestoffet og oppleve ein varierande og utfordrande skulekvardag.

5.3.5 Vurdering:

For elevane er det viktig å bli bevisst vidare læring og utvikling, der dei ved eigne erfaringar og refleksjon skal bli meir trygg på sine eigen kompetanse. Dette skulle kom fram i loggar og refleksjonsnotat. Dei skulle også vurderast ut i frå måloppnåing i dei ulike kompetansemåla, og dette skulle gjennomførast både ved skriftlege prøver, innleveringsoppgåver, gruppeoppgåver, munnlege framlegg og praktiske oppgåver. Tilbakemelding på desse arbeida skulle gjevast i form av karakterar med skriftleg eller munnleg utdjuping og forklaring. I desse tilbakemeldingane var det viktig å få fram kva som var utviklingspotensiale hos elevane og kva elevane burde arbeide meir med.

5.4 Dokumentasjon/ datainnsamling i prosjektet

Problemstillinga i prosjektet; **Korleis legge til rette for utvikling av byrjande heilskapleg yrkeskunnskap for elevar på VG1 helse og sosialfag**, er styrande for val av metode for innsamling av data. Det er kvalitative data, det vil seie ikkje målbare eigenskapar som fortel om deltakarane sine opplevingar og kjensler, som er sentrale datakjelder. Dei metodane som er brukt for å samle inn relevante data er elevar sin loggar og refleksjonsoppgåver, individuelle evalueringssamtaler og intervju med elevane.

5.4.1 Loggar og refleksjonsoppgåver:

For kvar bokt skreiv elevane loggar og oppsummerande refleksjonsoppgåve. Dette gav eit godt grunnlag for ei systematisk vurdering av kva som hadde skjedd og kva opplevingar elevane sat att med. Det var også vere styrande for korleis ein skulle gå vidare i prosjektet. Både elevane og eg skreiv loggar i løpet av prosjektperioden. Eg bad ikkje mine kollegaer om å skrive logg. Dette fordi dei hadde ein krevjande arbeidssituasjon og for meg var det viktigast at dei bidrog med gode samtaler, innspel og refleksjonar i våre møter.

Loggar og refleksjonsoppgåver er godt eigna som reiskap for datainnsamling i aksjonsforsking. Det å skrive logg er ein bevisstgjeringsprosess. Det er aktuelle hendingar som kvar enkelt har observert og kva tankar og opplevingar ein har gjort seg, som er i fokus. Som grunnlag for loggar frå arbeidspraksis har elevane i forkant av utplasseringa vald ut eit par aktuelle kompetansemål. Desse kompetansemåla er knytt til eit eller fleire av nøkkelkvalifikasjonane. Utforminga av loggane til elevane er delt i tre, først å skrive meir

konkret om kva ein har gjort, deretter beskrive korleis ein opplever det. Til slutt ei oppsummering av kva erfaringar dei sit att med, der hovudfokus er på nøkkelkvalifikasjonane. Mine eigneloggar er viktig for å kunne dokumentere for meg sjølv dei erfaringar og tankar eg har gjort meg undervegs i prosjektet. Dei hjelper meg til å tenke gjennom og reflektere over kva som skjer . Det er oppsummeringar og vidare vegval gjennom heile prosjektet. Problemstillinga i prosjektet er førande og det sentrale er fokuset på nøkkelkvalifikasjonar og å styrke praksisretta opplæring knytt til faget prosjekt til fordjupning og programfaga. Mitt overordna fokus er at elevane får utvikle ein byrjande yrkeskunnskap.

Elvane sine refleksjonsoppgåver vil også vere viktig dokumentasjon. Notata frå loggane dannar basis for refleksjonsoppgåva. I denne oppgåva får elevane utdjupe sine erfaringar og skrive dei i meir forteljande form, ut i frå sin måte å formulere seg på. Oppgåva vert ei oppsummering og ei utdjuping av kva dei sit att med av erfaring frå arbeidspraksis. Her vil dei også kunne målbere tankar om kva dei ynskjer å rette fokus mot vidare. I analyse av desse data i løpet av skuleåret, vil eg også fokusere på om elevane opplever utvikling og forståing mot ei byrjande heilskapleg yrkeskunnskap.

Både loggar og refleksjonsoppgåver gjev eit godt grunnlag for utviklings/rettleiingsamtalene. Dei får målbere sine synspunkt om korleis dei opplever prosjektet både i loggane og refleksjonsoppgåvene. Likeeins er dei viktig dokumentasjon for å skildre prosessane i ettertid.

5.4.2 Rettleiings/utviklingssamtaler

I etterkant av kvar bolk vil det vere individuelle rettleiings/utviklingssamtaler, der vi reflekter over kvar enkelt elev sine erfaringar og faglege utvikling. Utgangspunktet for samtalene er loggar og arbeidet med refleksjonsoppgåvene. Rettleiings/utviklingssamtalene vert gjennomført etter kvar bolk. I samtalene er det fokus på elevane sine opplevingar, korleis dei ser på seg sjølve i forhold til dei sentrale nøkkelkvalifikasjonar, om dei opplever opplæringa som relevant for dei og korleis dei generelt opplever sin skulekvardag. Føremålet med samtalene er å lytte på elevane og bidra med innspel i deira refleksjon. Målet er at elevane sjølve skal bli mest muleg bevisste si eiga utvikling og læreprosess. Det er også viktig at elevane kjem til orde og kan ta opp tankar som ikkje så lett let seg formulere i eit skriftleg notat. Mine erfaringar er at elevar opplever å bli høyrd og teken på alvor slike i slike samtaler. Samtalene er uformelle men samtidig målretta i form av klare tema som blir

teke opp. Det er den gode dialogen og det å møte eleven på ein likeverdig måte som er mitt fokus i samtalen.

5.4.3 Kvalitative intervju med elevane

I gjennomføringa av intervjeta med elevane er det eit *primært mål å få del i den andre sin livsverden, samtidig som ein held sin eigen livsverden ute av fokus som irrelevant* (Hiim, 2009, p. 44) .

Etter at elevane hadde avslutta sin andre arbeidspraksis gjennomførte eg eit gruppeintervju med klassa, der vi reflekterte over erfaringar dei hadde gjort seg løpet av den denne praksisperioden. Vi sat i ein ring i klasserommet og eg starta med å forklare kort kva tankar eg hadde om intervjuet. Elevane fekk kome med kommentarar og ytringar utan nokon bestemte føringar. Intervjuet var meint som ei uformell oppsummering og erfaringsutveksling mellom elevane og meg som lærar. Det vart teke opp på band og etterpå transkribert.

Etter avslutta prosjekt gjennomførte eg eit oppsummerande intervju med tre elevar. Også dette var eit ustukturert intervju med ein intervjuguide som rettesnor for gjennomføringa. I utveljinga av informantar ønska eg å møte elevar som hadde lyst å fortelje om sine opplevingar, si livsverden. Difor inviterte eg elevane til å delta, så dei som hadde lyst til å vere med, skulle melde seg. Det var tre elevar som responderte og desse vart då mine intervupersonar. Det første intervjuet var eit ein test, der eg ville trenere på å vere intervjuar, gjennomgå tema og vurdere om eg måtte endre på intervjuguiden. Det var viktig å få fram korleis elvene opplevde situasjonen og om tema var relevante. Deretter gjennomførte eg intervju med dei to andre elvane og brukte også denne gang ein bandopptakar. Eg la vekt på god informasjon i forkant og gjennomførte sjølve intervjuet i ei trygg ramme. Rommet vi sat i var godt lydskjerma, elevane fekk litt mat og drikke og eg la vekt på at samtala skulle ha ein mest muleg uformell, avslappa form. Eg var genuint interessert i elevane sine tankar om prosjektet vi hadde gjennomført dette skuleåret.

5.5 Presentasjon og analyse av data

Prosesssen er strukturert etter den didaktiske relasjonsmodellen, med inndeling i bolkar. Ut i frå kvar bok er det ei oppsummering med analyse og refleksjon, deretter ny planlegging i førekant av neste bok. Eg vil ha denne strukturen med meg i gjennomgang av materialet. Data vil bli presentert i kronologisk rekkefølgje, slik at eg startar med planlegging og oppstart

av skuleåret og føl elevane gjennom skuleåret til avslutninga. Då meiner eg at presentasjonen vil få fram kva som har skjedd i løpet av dette året, på ein god måte.

Problemstilinga med forskingsspørsmåla vil også vere sentral i analyse av materialet. Eg vil med ope sinn la elevane, mine kollegaer og mine eigne refleksjonar tale. Eg vil forsøke å trekke ut sitat og kommentarar frå materialet på ein slik måte at eg på best muleg måte tek i vare heilskapen. Den hermeneutiske forståingsmetoden dreier seg om: *At enhver forståelse begynner med en "forutforståelse", en helhetsoppfatning som så revideres i møtet med detaljerne eller delene som er gjenstand for forståelsen. Detaljene forstås i lys av helheten som så revideres i møtet med detaljerne eller delene i det som er gjenstand for forståelsen* (Hiim & Hippe, 1998, p. 16). Med utgangspunkt i mi eiga føreforståing / heilskapsoppfatning, vil eg saman med elevar og kollegaer få ny innsikt og forståing som verkar inn på og endrar heilskapen. I kvar bok vil vi få ny innsikt og forståing som vi oppsummerar og reflekterer over og som vil føre prosjektet vidare. Dette er ein prosess som aldri tek slutt, og føregår i ein sirkulær prosess. Forståing og kunnskap kan alltid utviklast vidare.

5.5.1 Utvikling av byrjande heilskapleg yrkeskompetanse:

I analysen vil eg la tekstane få fram korleis elevane målber ein byrjande heilskapleg yrkeskompetanse. Eg vil lese tekstane som baserer seg på loggar, refleksjonsoppgåver og notat frå utviklings / rettleiingssamtaler som er blitt gjennomført i løpet av prosjektperioden. Eg vil også ta med i analysen eit oppsummerande intervju eg gjennomførte med to elevar. I tillegg vil eg trekke inn eigne refleksjonar og samtaler eg hadde med mine kollega.

5.5.2 Bevisstgjering av nøkkelkvalifikasjonar:

I mitt prosjekt har eg lagt vekt på nøkkelkvalifikasjonar som eit verktøy for at elevane skal få ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap. Dette vil også vere analysereiskap i gjennomgangen av dei ulike bokane i prosjektet. Ved å gå gjennom materialet frå elevane og finne sitat og kommentarar om sine opplevingar, vil dette vere med å illustrere deira oppleving av einbyrjande heilskapleg yrkeskunnskap.

5.5.3 Stemma til deltarane

For å få ei levande forteljing, har eg vald å nytte sitat frå samtaler, loggar og elevarbeid. Enten siterer eg direkte frå teksten eller så eg vel å presentere ei meir samanfatta oppsummering av uttaler, utan at meiningsa og innhald vert endra. Eg vil etter beste evne velje ut data av materialet som rettar seg mot problemstillinga. Det er eit stort datamateriale, så det må bli eit utsnitt av det. Det må kome tydeleg fram i teksten kvifor eg vel å presentere eit sitat, og kva eg ser etter.

5.5.4 Tolkingskontekst

Analyse og drøfting etter kvar bok er med utgangspunkt i Kvale sine tre tolkingskontekstar (Kvale, 1997) .

Den første kollar han sjølvforståing, det er å få fram det som personane sjølve seier i form av sitat eller meir fortættet form. Eg beskriver kva som skjer i bolken, og tek med siterte og detaljerte situasjonsskildringar. Deretter vil eg trekke inn eigen refleksjonar om kva som skjedde i perioden i form av referat og samandrag av utsegn og observasjonar. Dette er nivå to. Til slutt vil eg trekke inn teorien i refleksjonane, som vurdering i lys av erfaring og yrkesteori. Dette er nivå tre der det vert nytta ei teoretiske ramme ved tolking av uttalene. Teoriane vil bli eit bidrag til å kaste lys over dei praktiske problemstillingane og utfordringane. Utfordringa vert å få fram sentrale endringspunkt, det at prosessen tek ny retning (Hiim & Hippe, 2001) .

5.5.5 Hermeneutisk struktur og dei hermeneutiske prinsipp for innhenting og tolking av informasjon.

Den hermeneutiske tolking handlar, som eg tok føre meg i starten av kapittelet , om å tolke og forstå menneskeleg eksistens. I dette prosjektet har eg lagt vekt på loggar, elevoppgåver, refleksjons/rettleiingssamtale, intervju og samale med kollega. Dei skal gje eit grunnlag for ei systematisk didaktisk vurdering. Winter har utarbeidd seks prinsipp som angår tolking av data i aksjonsretta forsking og yrkespedagogisk utviklingsforskning. Disse prinsippa er viktige fordi dei kan seie meir om korleis denne informasjonen kan tolkast og nyttast(Hiim & Hippe, 2001). Kjernen i dei seks punkta som han trekker fram, dreier seg om å skape grunnlag for kritikk og endring av profesjonell utøving ut frå subjektive synspunkt hos deltarane ,

(Hiim, 2009, p. 44).

Refleksiv kritikk:

Dette punktet inneberer at ein fokuser på ulike opplevingar og tolkingar av den sosiale og den profesjonelle røyndomen og på grunnlaget for desse ulikskapane. Hensikta med refleksiv kritikk er å reflektere over ulike tolkingar samt å få fram eit mangfaldig og nyansert syn på røyndomen (Hiim, 2009, p. 45). I mi tolkinga av elevane sine data, må eg på best muleg måte få fram deira dimensjonar av deira opplevingar. Korleis opplever elevane å ha fått ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap? Har nøkkelkvalifikasjonane opna for ein vidare forståing av kva det å arbeide innanfor helse- og sosialfag? Har elevane utbytte av å få erfaring frå arbeidspraksis? Det er viktig at eg har eit ope sinn og let deira tankar kome til uttrykk. Det er viktig at elevane får gje uttrykk for sine meininger i ulike samanhengar og at dei opplever å bli lytta til. Eg vil også forsøke å få fram årsaker som kan ligge bak dei ulike opplevingane som elevane gjev uttrykk for. Heile tida må eg vere bevisst min eigen føreforståing og korleis dette kan påverke min tolking.

Dialektisk kritikk:

Dette prinsippet inneberer ein refleksjon over samanhengen mellom fenomen og system sin samanheng og endringsmulegheit (Hiim, 2009, p. 45). Ved å setje i gang eit utviklingsprosjekt der ein legg mykje vekt på i elevmedverknad og opnar for mange ulike didaktiske grep, vil dette påverke elevane si innstilling og motivasjon. Dei er klar over prosjektet si problemstilling og mitt mål. Dei vil få ekstra fokus og merksemd i løpet av året. Dette vil også prege oss andre som er aktørar i dette arbeidet, både mine kollegaer og meg. Dette vil vere faktorar som kan bidra til ein positiv læringseffekt. Det er viktig å ha med dette fokuset når ein skal gjennomføre ei tolking av materialet.

Samarbeid

Den handlar om at alle deltagarane må bidra med sine erfaringar og opplevingar, og alle må bli høyrt. Alle dei ulike opplevingane, synspunkta og erfaringane hos deltagarane i prosjektet skaper eit felles ressursgrunnlag for forståing og endring (Hiim, 2009, p. 45). Difor er det viktig å ha eit opent, aksepterande klima og god kommunikasjon for at alle kjem fram med sitt bodskap. Det er også viktig å få fram ulike synspunkt og motsetningar. Dei kan bidra til endring og utvikling. Elevane må oppleve at dei vert teken på alvor og at dei kan vere ærlege og seie si mening.

Risiko:

Forskaren sit ikkje inne med den endelege problemstillinga, endeleg retning og rammer for svar (Hiim, 2009, p. 45). Elevane og kollegaer er aktive deltagarar i prosessen, og skal vere med å bestemme kva retning prosessen tek. Det kan vere at elevane ikkje får den arbeidspraksis dei ynskjer, dei kan få negative opplevingar i arbeidspraksis og elevane kan gi uttrykk for at arbeidsmåtar ikkje stettar deira behov. Mine arbeidskollega kan oppleve prosjektet som arbeidskrevjande eller av andre grunnar signaliserer at deira medverknad vert meir avgrensa enn ønskeleg er. Desse ulike faktorane kan føre til at prosjektet vil ta ei ny retning. Dette må eg vere open for og ha vilje til å sjå på dette som ei utfordring og inspirasjon til vidare utvikling. Prosjektet må i utgangspunktet vere ope for å tilpasse seg slike endringar, og difor må ikkje strukturen heller vere for stram og detaljert.

Pluralistisk struktur:

En dialektisk, refleksiv, samarbeidande prosess treng ikkje å ende med konsensus i forhold til dei spørsmål som vert reist, korkje undervegs eller til slutt (Hiim, 2009, p. 45). Eg må sjå etter ulikskapar, motsetningar og nye mulegheiter for å opne for alternative handlingsformer og oppnå endring og utvikling. Elevane si oppleving av måtar å arbeide på og korleis dei opplever arbeidspraksis må kome til uttrykk. Det kan kome fram ulike erfaringar og det er viktig at elevane sine både positive og negative opplevingar kjem til uttrykk. Dette medfører at alle opplever det er trygt å uttrykke sine eigne meningar.

Teori – praksis – transformasjon:

Det siste prinsippet uttrykker at handling og forståing – eller praksis og teori – framstår som komplementære sider ved ein endringsprosess (Hiim, 2009, p. 45). Praksis spør teorien og teorien spør praksis i ein gjensidig prosess. Eg har i kapittel 2 gjort greie for min teoretiske føreforståing for utvikling av byrjande heilskapleg yrkeskunnskap og bruk av nøkkelkvalifikasjonar. Dette er den teoretiske grunngjevinga for det pedagogiske utviklingsarbeidet. Eg vil i presentasjon av data trekke inn teorien og sjå data i forhold til den pedagogiske forståinga. Erfaringar frå prosjektet vil kunne bidra til ny forståing av teorien og til utvikling av ny kunnskap og teori.

5.5.6 Reliabilitet og validitet:

Eg vil også kort gjere greie for omgrepa reliabilitet og validitet, som er sentrale innanfor all forsking.

Validitet tyder gyldigheit, det vil seie kor relevante data er i høve til problemstillinga. I kvalitativ forsking er det ei open tilnærming til dette, då ein nyttar tekstdata til analyse. Då må ein vere sakleg og påliteleg i si datainnsamling og analyse av den. Ein må bruke ulike metodar for å innhente data, la informantane sjølve ta stilling til kor valide dei presenterte data er (Halvorsen, 2008, p. 72). Eg har lagt vekt på dialog med elevane ved innsamling av loggar, refleksjonsoppgåver, samtaler og intervju. Det er viktig at dei får uttrykke seg på ein slik måte at deira tankar og erfaringar kjem fram på ein best muleg måte. Dei uttrykker seg på ulike måtar, både i form av skriftlege arbeid, men også munnleg i form av samtale og intervju. Det er også viktig at elevane opplever ei trygg og ei god atmosfære. Då vil dei lettare også gje uttrykk for kritiske kommentarar, som eit teikn på at ulike oppfatningar kjem fram. Alle må bli høyrde og oppleve at dei vert tekne på alvor.

Reliabilitet tyder pålitelegheit. I forsking vil det seie om gjentekne målinger med same måleinstrument vil gje det same resultat. Det er å gje andre forskarar høve til å gå gjennom det innsamla materialet og eventuelt gjenta undersøkinga. Resultata skal vere truverdige ved tilnærningsmåte, innsamling, tolking og rapportering og vere refleksiv der forskar erkjenner og er opne på at personlege interesser og verdiar influerer på heile prosessen). Resultata skal også vere bekreftbare, det vil seie overførbare til andre situasjonar eller stadar (Halvorsen, 2008, p. 68) Dette er vanskeleg å imøtekome i eit slikt prosjekt. I aksjonsforskning vil det ikkje vere ein sanning om det som skjer, utvikling kan ikkje føreseiast og prosjektet kan heller ikkje gjentakast i ein annan kontekst med nye deltakrar. Det som er sentralt er at alle synspunkt, handlingar og hendingar som er relevante i høve til problemstillinga verkeleg kjem fram. Likeeins må utvikling og endringar som skjer i løpet av prosjektet bli synleggjort (Hiim, 2009, p. 45). I gjennomgang av materialet er det viktig å få fram ulike synspunkt og synleggjere motstridande meininger. Ein fare er å leite etter resultat som støtter eins eige syn. Nokre av mine kollegaer vil lese ein del av materialet og vurdere mine tolkingar av resultata. I tilegg vil enkelte av elevane lese gjennom sine skrivne notat og transkriberte intervju og kome med tilbakemeldingar.

5.6 Oppsummering

I dette kapittelet har eg gjort greie for korleis prosjektet er tenkt gjennomført i løpet av skuleåret. Eg har tek føre meg val av forskingstilnæring og sett opp ei grovplan for korleis eg ser føre seg framdrifta av prosjektet. Mange sentrale forhold knytt til forskinga er også blitt drøfta, både val av innsamling av data, krav til analyse og drøfting av dei er blitt belyst.

6 Gjennomføring av prosjektet for å legge til rette for byrjande yrkeskunnskap

6.1 Innleiing

Eg vil i denne delen av oppgåva gjere greie for prosjektet mine elevar , kollegaer og eg gjennomførte skuleåret 2008/09. Problemstillinga i oppgåva mi var; **Korleis legge til rette utvikling av byrjande yrkeskunnskap for elevar på VG1 helse og sosialfag?**

Eg hadde følgjande forskingsspørsmål knytt til problemformuleringa:

Korleis kan fokus på nøkkelkvalifikasjonar bidra til at opplæringa på Vg1 helse- og sosialfag legg til rette for utvikling av byrjande yrkeskunnskap? Med utgangspunkt i Torill Ekelund sitt arbeid har eg lagt vekt på følgjande kvalifikasjonar: Etisk bevisstheit, samarbeidskompetanse, kommunikasjonsferdigheit, omsorg og empati. I tillegg har eg vald å fokusere på det å utvikle sjølvinnnsikt og sjølvrefleksjon i dette prosjektet.

Korleis kan faget prosjekt til fordjuping vere medverkande til at opplæringa legg til rette for utvikling av byrjande yrkeskunnskap? Kunnskapsløftet innførte dette faget på alle yrkesfaglege programområde og eg oppfattar at dette er eit signal frå sentralt hold om å styrke praksisretta opplæring.

Utgangspunktet for prosjektet var som eg tidlegare har gjort greie for, mi føreforståing av at opplæringa på Vg1 helse- og sosialfag var teoretisk, med vekt på påstandskunnskap og lite praktisk retta. Mitt ønske er at elevane skal få utvikle ein byrjande forståing av yrkeskunnskap innan helse- og sosialfag. Difor meiner eg fokus må endrast til meir praksisretta opplæring. Det er viktig for meg at elevane blir bevisste sentrale kvalifikasjonar for å bli dyktige yrkesutøvar i denne sektoren. Eg tur og elevane blir tryggare og får eit betre utgangspunkt for kva dei skal satse på vidare i utdanningslaupet. Dei skal oppleve auka tryggleik i val av Vg2 programfagområde, og bli meir bevisst kva område dei ynskjer å arbeide innanfor i framtida.

Etter innføringa av reform 94 opplevde eg at VG1 helse- og sosialfag si læreplan la vekt på bokleg kunnskap og opplæringa vart prega av mykje påstandskunnskap. Eg meiner Kunnskapsløftet signaliserte ei endring i denne utviklinga ved å innføre faget prosjekt til fordjuping. Den spesifikke læreplanen for denne yrkesretninga gav ikkje same signal etter mi oppfatning. Kompetanseområda meiner eg legg for mykje vekt på bokleg kunnskap. Men

saman med rammene og innhaldet i opplæringa må ein også utvikle eigna arbeidsreiskap.

Elevane sine arbeidsmåtar og etter kvart erfaringar må gjenspegle deira forståing og bevisstgjering av kva yrkeskunnskap går ut på.

Eg ser også på om nøkkelkvalifikasjonar kan vere ei hjelp til å gjere opplæringa meir tverrfagleg. Ved å fokusere på sentrale ferdigheiter som kjenneteiknar yrke i helse- og sosialsektoren kan ein utdjupe og konkretisere kompetansemåla i dei ulike programfaga. Kompetansemåla i dei ulike faga gjenspeglar ferdigheitene.

Eg har vald å fortelje om prosjektet frå start til avslutning på skuleåret i kronologisk rekkefølgje for å fram refleksjonar og vegval vi gjorde undervegs. På denne måten ynskjer eg fram elevane sine erfaringar og refleksjonar rundt byrjande heilskapleg yrkeskunnskap.

Analyse og drøfting etter kvar bolk er med utgangspunkt i Kvale sine nivå:

Først vil eg beskrive kva som skjedde i bolken, og ta med siterte og detaljerte situasjonsskildringar. Deretter vil eg reflektere over kva som skjedde i perioden i form av referat og samandrag av utsegn og observasjonar. Eg vil trekke inn teorien i refleksjonane som vurdering i lys av erfaring og yrkesteorি. *Utfordringa blir å få frem sentrale endringspunkter, det vil si forhold som fører til at prosessen tar nye retningar.* (Hiim & Hippe, 2001).

Eg har etter beste evne, sett meg inn i dei tankar og refleksjonar som har kome fram. Det har eg gjort meg eit ope sinn med ønske om å få fram både gode erfaringar og kritiske kommentarar. Det er elevane, mine kollegaer og mine eigne tankar gjennom eit år med utviklingsarbeid som eg oppsummerar. Eg har vald ut i frå problemformuleringa å legge mest vekt på elevane sine stemmer. Mitt hovudfokus er: Opplever elevane at opplæringa har hjelpt dei på veg til å utvikle ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap?

6.2 Bolk 1: Veke 34-38: Ein spennande start på skuleåret

Vi var tre faglærarar med ansvar for opplæringa i programfaga på Vg1 helse- og sosialfag.

Vi møttest veka før skulestart for å legge litt planar for året. Eg informerte om prosjektet og mine kollegaer viste stor interesse for det. Begge var einige i at yrkesretting av opplæringa var viktig. Vi måtte ikkje gløyme at elevane hadde valt eit yrkesfagleg programområde. Den beste måten å motivere elevane på var at dei fekk bli kjende med det arbeidsområdet dei ønska å utdanne seg innanfor. Difor synest dei det var positivt å fokusere meir på

arbeidspraksis og elevaktive, praktiske arbeidsformer i opplæringa. Vi hadde alle ein del års erfaring som lærarar og delte oppfatninga om at mange elevar vart umotiverte av mykje teoretisk gjennomgang av lærestoff. Som ein av mine kollegaer sa: *Dei skal no ut i praktiske yrke*. Likeeins meinte dei at nøkkelkvalifikasjonane stod for sentrale, grunnleggande kjenneteikn for helse- og sosialfagleg yrkeskunnskap. ”*Dette er heilt grunnleggande ferdigheiter for meg som yrkesutøvar, alle som skal arbeide med menneske må kunne dette*” uttrykte ein av kollegaene mine. Eg fekk nokre gode samarbeidspartnarar og viktige kritiske medaktørar frå starten av på prosjektet.

Vi tre faglærarane fekk ansvar for undervisning og vurdering i kvart vårt fag. Eg hadde ansvar for faget prosjekt til fordjuping og programfaget yrkesutøving. Med fagstyrte læreplanar i staden for funksjonsbaserte læreplanar vert skulekvardagen ofte organisert slik. Men denne inndelinga i fag legg hindringar i vegen for tverrfagleg opplæring. Kvar enkelt faglærar vert oppteken av sitt fag og arbeider gjerne isolert ut frå dei kompetanse mål som faget omfattar. Krav om at kvart programfag skal vurderast med eigen standpunkt-karakter forsterkar dette. Men vi ville prøve å legge til rette for ei meir tverrfagleg og heilskapleg opplæring, så langt timeplan og praktiske forhold tillet det. Vi ynskte også auka fokus på meir problembasert læring, det vil seie å ta utgangspunkt i praktiske, yrkesrelevante situasjonsskildringar og problem knytt opp mot dei.

6.2.1 Bli kjent med nøkkelkvalifikasjonar som utgangspunkt

Dette året møtte 14 jenter til skulestart, alle hadde søkt Vg1 helse- og sosialfag som første val og dei var motiverte for å starte på yrkesopplæringa. Ved skulestart fekk elevane mykje informasjon om skulekvardagen. Dei fekk også ei innføring i prosjektet og dei tankar eg hadde gjort meg. Elevane fekk med eit informasjonsbrev heim. Både dei og foreldra gav skriftleg samtykke til at elevane deltok i utviklingsprosjektet og at loggar, refleksjonsoppgåver, vurderingsskjema, notat frå utviklingssamtale og eigenvurdering vart nytta som dokumentasjon. Eg fortalte elevane at mitt fokus var å forske i lag med dei, ikkje på dei. Dei var etter mi meining dei mest sentrale personane i prosjektet, deira tankar og erfaringar ville få stor betyding for utviklingsprosessen.

Klassemiljø:

I starten av skuleåret ønska vi å legge til rette for eit godt og trygt læringsmiljø i klassa. Vi starta med at elevane intervjuja kvarandre og deretter presenterte kvarandre for resten av

klassa. Deretter hadde vi idémylding om korleis vi ønska å ha det i klassa. Vi drøfta korleis vi skulle snakke til og om kvarandre, få til godt samarbeid, og vise omsorg og bry oss om kvarandre. I andre veka av skuleåret fekk elevane i oppgåve å klippe ut ein blome med store kronblad , i papp. Midt i blomen skreiv elvane namnet sitt og litt om seg sjølv, kva dei likte eller kva som kjenneteikna dei. Blomen skulle ha like mange kronblad som det var medelevar i klassa. Etter at oppgåva var ferdig hadde kvar elev ein blome med nokre korte helsingar frå alle medelevane. Desse helsingane skulle uttrykke noko positivt om denne eleven. Også i denne øvinga vart nøkkelkvalifikasjonane trekta fram. Elevane skreiv om seg sjølv: *"Eg er glad i å danse og ler ofte"*. *"Eit smil gjer meg glad"*. *"Eg er litt impulsiv og kan seie mykje rart av og til"*. Dei viste litt av seg sjølve og tankar dei hadde om seg sjølv. Omsorg og samarbeidsevne viste dei ved å skrive noko positivt om sine medelevar. Døme på dette var: *"Eg vil gjerne arbeide saman med deg."* *"Eg vil gje deg eit smil, viss du ser trist ut."* *"Eg gledar meg til å bli betre kjend med deg"*. Elevane las opp kva som stod i blomen og den vart deretter hengt opp som pynt på veggen, synleg for alle. Ved seinare drøfting av nøkkelkvalifikasjonar og kva elevane la i dei, brukte vi også blomane som døme.

Arbeidsmåtar og arbeidsplanar:

Vi spurde elevane korleis dei lærte best. Dei fleste la vekt på variasjon i opplæringa, og mange ønska meir praktisk undervisning og mindre formidling av lærestoff. Vi bad elevane kome med forslag til arbeidsmåtar vi skulle nytte i undervisninga og likeeins korleis dei ville vurderast for å vise kompetanse i læreplanmåla. Mange av elevane ønska ein kombinasjon av gjennomgang av tema og deretter praktiske øvingar . Den praktiske delen kunne vere i form av rollespel, utføre ei arbeidsoppgåve på verkstad eller arbeide med problembaserte oppgåver. Som ein elev uttalte: *"Det er kjekt å få gjere noko praktisk, ikkje berre sitje å høyre på det læraren seier framme på tavla"*. Alle elevane var positive til å få prøve seg i arbeidslivet og synes dette virka spennande. Planlegging av arbeidspraksis starta allereie no. Elevane skulle sjølve velje kvar dei ville utplasserast. Det einaste hinderet var at arbeidstilbodet ikkje var i nærmiljøet eller at praksisplassar ikkje tok i mot elevar. Vi introduserte også bruk av mappemetodikk og gjorde greie for kvifor vi meinte dette kunne vere eit godt reiskap. I løpet av eit skuleår ville elevane samle seg mykje fagleg arbeid. Ved å ha plassere materialet i ein perm vart det enklare for eleven å ha oversikt over arbeidet sitt. Ikke alle elevane hadde eigen PC, så vi valde ei fysisk mappe i form av ein perm. Ved hjelp av skiljeark fekk dei plassert sine notat og oppgåver på ein ryddig måte. Mappa skulle ha plass til både individuelle arbeid og gruppearbeid , eigenvurderingar, loggar,

refleksjonsoppgåver, tilbakemeldingar frå lærar og oppsummeringar i retteleiings/utviklingssamtaler. Vi drøfta også bruk av problembaserte, tverrfaglege oppgåver i form av situasjonsskildringar, som eit eigna verktøy. Desse oppgåvene skulle ta utgangspunkt i røyndomsnære situasjonar og elevane skulle bruke både eigne erfaringar og hente inn kunnskap i arbeidet. Også andre arbeidsmåtar som rollespel, den pedagogiske sol og bruk av tankekart vart trekt fram som egna arbeidsmåtar. Det var viktig å få fram at elevane sjølve var aktive i val av ulike arbeidsmåtar og gje tilbakemeldingar om korleis dei ville organisere opplæringa. For at elevane skulle ha god oversikt over dei ulike aktivitetane som føregjekk på skulen, vart det laga ei felles arbeidsplan for alle faga. Den inneheld mål og tema for perioden, kva arbeidsmåtar ein skulle nytte i gjennomgang av tema og korleis elevane sin kompetanse skulle vurderast. Planen gikk over to veker, og elevar og lærarar skulle saman utarbeide den.

6.2.2 Å bli kjend med kompetansemål i læreplanane

I siste del av bolken starta vi også med eit gruppearbeid der elevane skulle gjere seg kjend med programområdet helse- og sosialfag. Dei skulle setje seg inn i kompetansemåla i læreplanen for Vg1 helse- og sosialfag. Vi gikk gjennom nøkkelkvalifikasjonane og drøfta dei i lys av kompetansemål i læreplanen for Vg1. Tanken var at elevane skulle få ei byrjande forståing av sentrale kjenneteikn ved yrke innan helse- og sosialfag. Elevane skulle også gjere seg kjend med dei ulike utdanningsvegane innanfor helse- og sosialfag, både på Vg2 og Vg3 nivå. Dei fekk velje ut ei læreplan innan eit programområde på Vg3 som dei seinare kanskje ville prøve ut i arbeidspraksis, som t.d. helsefagarbeidar eller barne- og ungdomsarbeidar. Til slutt fekk dei høve til å gjennomføre ein interessenstest på nettet. Målet var å gje elvane ei kort innføring i programområdet. Dei sat i grupper og arbeidde med oppgåvene og fekk rettleiing underveis. Elevane arbeidde godt i gruppene og hadde mange spørsmål i løpet av prosessen. Men dei gav uttrykk for frustrasjon. *"Skal vi verkeleg lære alt dette?"* Dei synes det var mange vanskelege formuleringar i læreplanane og det var omgrep dei ikkje kjende til. Ein elev sa det ganske treffande: *"Eg veit ikkje heilt om eg skjønner noko som helst av desse måla, eg"*. Det var mykje nytt å setje seg inn i og dei opplevde også at gjennomgangen vart veldig teoretisk. Problemet var at elevane ikkje hadde erfaring frå arbeidspraksis og ikkje var fortrulege med kjenneteikn for yrkesutøvinga. Kompetansemåla vart derfor berre teoretiske omgrep. Vi oppsummerte gruppearbeidet i klassa og elevane la fram kva dei hadde tenkt. Det dei synes var mest spennande var å gjennomføre interessenstesten og etterpå diskutere resultata med dei andre gruppemedlemmane.

6.2.3 Bli kjend samtalé

Denne samtalén gjennomførte eg i slutten av bolken. Utgangspunktet for den var elevane sine eigen refleksjonar om skulekvardagen og kva ønske dei hadde både for dette skuleåret og for framtida. Eg ønska også å få fram om dei hadde vanskar av noko slag og korleis vi kunne legge til rette for god læring for kvar enkelt elev. I samtalá fortalte elevane også om kvifor dei hadde valt dette programområdet og deira planar framover. I førekant av samtalá skreiv elevane eit lite refleksjonsnotat rundt desse tema. Samtalá gav meg høve til å bli betre kjend med kvar elev og sjå dei som enkeltpersonar . Enkelte av dei var stille og beskjedne og følte seg ikkje like trygge på å snakke så mykje i klassa enno. Som ein elev sa: *"Eg tør ikke snakke høgt når det er mange eg ikkje kjenner så godt som høyrer på"* . Dei fekk fortelje om både sine sterke og svake sider og om dei hadde behov for ekstra tiltak. Enkelte hadde behov for ekstra tilrettelegging i form av meir tid til gjennomgang av lærstoff og bruk av hjelpemiddel. I samtalá tok vi også opp kva tankar dei gjorde seg om framtida og kva utdanningsveg dei kunne tenke å gå. Dei fleste elevane var usikre på kva dei ville bli, men dei meinte dei hadde vald rett utdanningsprogram. Av dei fjorten elevane var det seks som ynskte å arbeide med barn og ungdom, enten i barnehage eller skule. To av dei var hadde også tenkt på arbeid med barn og ungdom med spesielle vanskar ,og vurderte også arbeid innanfor barnevern eller rusomsorg. Ein av elevane skreiv følgjande: *Eg har lyst å ha barn og ungdom på garden eg skal overta, sånn at dei kan jobbe gjennom problema sine med dyr.* Fire av elevane gav uttrykk for at dei ville velje ei utdanning innan helsefagleg arbeidsområde, enten som helsefagarbeidar eller ta studiekompetanse og bli sjukepleier. Som ei jente sa: *Eg har alltid likt å vere saman med gamle menneske. Det er dei eg har lyst å arbeide med.* Dei resterande fire elevane held fleire vegar opne, både innanfor arbeid med barn og ungdom, utdanning innanfor helsefag, hudpleie og fotpleie. Denne kartlegginga av praksisønske var eit godt utgangspunkt for vidare planlegging og kontakt med praksisfeltet. Eg opplevde at grunnlaget for at elevane skulle utvikle ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap låg godt til rette, då dei meinte dei hadde valt rett utdanningsveg og var motiverte for vidare læring og utvikling.

6.2.4 Refleksjonar rundt starten av skuleåret:

I denne bolken var det å bli kjende med kvarandre det sentrale, samtidig som vi introduserte ulike arbeidsmåtar. Kartlegging av elevane sine interesser og det å starte bevisstgjeringa av

deira yrkesval var også i fokus. Korleis har denne bolken lagt til rette for ei byrjande utvikling av heilskapleg yrkeskunnskap?

Klassemiljø:

Både mine kollegaer og eg synes skuleåret hadde fått ein god start. Elevane gav uttrykk for at dei var motiverte og engasjerte. Føresetnadane for læring var gode. Elevane hadde Vg1 helse- og sosialfag som første val på søknaden til vidaregåande opplæring og dei var tydelege på at denne utdanningsvegen ønska dei å gå. Elevar som ser yrket i andre enden av opplæringa, vil ofte vere meir motiverte for læring (Hiim & Hippe, 2001). Klassemiljøet opplevdes trygt, elevane var blitt kjende både med kvarandre og oss lærarane. Dette var eit godt grunnlag for vidare utvikling. Trivsel og tryggleik er føresetnader for læring. Det er viktig for elevane å oppleve at dei vert sett, akseptert og respektert. Det å utvikle sosiale relasjonar og fellesskapsskultur i klassen, vil få positiv betyding for elevane si oppleveling av samarbeid og mulegheit for å lære av kvarandre gjennom skuleåret (Hiim & Hippe, 2001). I deira presentasjon av seg sjølve og korleis fungere saman i eit fellesskap, fekk vi fram nøkkelkvalifikasjonane på ein konkret og tydeleg måte. Det vart ikkje berre påstandskunnskap som definisjonar i ei lærebok, men også konkret handlings-, forståings- og kjensleaspektet vart trekt inn i dette arbeidet.

Eit godt sosialt miljø vil legge til rette for arbeidsmåtar der samarbeid og meiningsutveksling er ein føresetnad. Både ved verkstadarbeid og problembasert læring samarbeider elevane og utvekslar tankar og opplevelingar med kvarandre. Også elles i skulekvardagen er det viktig med eit trygt og inkluderande miljø for personleg vokster. Eg opplevde også at prosjektet var godt forankra både hos elevar, kollegaer og leiing. Som i alt utviklingsarbeid er det viktig at alle deltagarar er trygge og kjenner til premissane.

Arbeidsmåtar og elevmedverknad:

Elevane synes det var spennande å bli kjend med og få prøve ut ulike arbeidsmåtar. Det var viktig at elevane sjølve var aktive i val av arbeidsmåtar, for at dei skulle oppleve skulekvardagen som meiningsfull. I gjennomgang av dei ulike pedagogiske verktøyå var målet å gjere elevane meir bevisste på val av arbeidsmåtar seinare i opplæringa. Både elevane og eg var ikkje så godt kjend med systematisk bruk av mappe, så dette vart ei utprøving og ein veg å gå saman.

Gruppearbeid om læreplanar:

I gjennomgangen av læreplanane sine kompetansemål opplevde eg at undervisninga vart for teoretisk retta. Intensjonen var å legge til rette for ei opplæring som retta seg mot byrjande heilskapleg yrkeskunnskap ved å sjå programfaga under eitt. Men elevane gav uttrykk for at det vart mykje vanskelege ord, påstandskunnskap, og dei såg ikkje samanhangen. Elevane hadde ikkje føresetnader for å konkretisere kompetansemåla og drøfte dei ut i frå eigne erfaringar. Læreplanen si inndeling i tre programfag gjorde det vanskeleg å sjå heilskap i opplæringa. *Et hovedproblem er at undervisningen som foregår i skolen er at den er abstrakt, virkelighetsfjern og presentert på fagets premisser. Dette kan føre til at lærestoffet i liten grad engasjerer elevene og dermed ikke blir en del av deres personlige kunnskap* (Hiim & Hippe, 2001). Elevane trong meir praktisk kunnskap for at måla skulle bli meiningsfulle. *Praktiske og teoretiske aspekt ved yrkeskunnskap blir oppfatta som en uløseleg helskap* (Hiim og Hippe, 2001). Dei erfaringane vi gjorde oss i arbeidet med kompetansemåla og nøkkelkvalifikasjonane illustrerte dette godt. Som oppsummering var vi einige om at elevane skulle hatt meir praktisk erfaring før gjennomgang av læreplanane. Då ville dei hatt høve til å sett samanheng mellom kompetansemåla og yrkesutøvinga. *Intensjonen er at studentar og elever frå starten av den skolebaserte utdanninga skal tilegne sege en begynnende funksjonell yrkeskunnskap, og at de helt frå starten av innstille seg på å lære av, problematisere og utvikle yrkespraksis* (Hiim & Hippe, 2001). Vi vart einige om å gå vidare i arbeidet med måla i læreplanane, når elevane byrja med utplassering.

Bli kjend samtal:

Ei slik samtale vil legge grunnlag for samarbeid og tryggleik, difor meiner eg det er viktig å prioritere dette arbeidet. Som det er framheva i prinsipp for opplæring: *Opplæringa skal oppmuntre elevane ved blant anna å gjere klart kva læringsmåla er, og legge til rette for varierte og målretta aktivitetar. Elevane skal få, men også sjølv kunne velje oppgåver, som både utfordrar og gir høve til utforsking, åleine eller saman med andre. Vurdering og rettleiing skal vere med på å styrke motivasjonen for vidare læring* (Utdanningsdirektoratet, 2006b). I samtala fekk eg dele elevane sine tankar for skuleåret. Mange av elevane hadde også klare meininger om framtidig yrke. I samtala fekk elevane reflekterte over sine val og grunngje dei. Ved å stille opne spørsmål og lytte, konkretiserte elevane meir kva deira mål gjekk ut på. Dette gjorde det enklare for eleven å vurdere korleis nå måla, og sjå si eiga utvikling seinare i laupet.

På slutten av bolken hadde vi ei oppsummering der vi vart einige om å fokusere meir på arbeidspraksis og legge meir til rette for utvikling av byrjande yrkeskunnskap i neste periode. Elevane ytra ønska å kome i kontakt med arbeidslivet for å få erfaring med ulike yrke og arbeidsoppgåver.

6.3 Bolk 2: Veke 39-44 Å bli kjent med ulike yrker og arbeidsplassar

I denne bolken av skuleåret arbeidde elevane mykje med å bli kjend med ulike yrke og arbeidsplassar. Vi trekte inn nøkkelkvalifikasjonane og drøfta aktuelle kompetansemål i programfaga opp mot dei. Elevane ønska meir praktisk erfaring frå yrkeslivet og dette vart prioritert. Samstundes ønska vi faglærarane å samarbeide i opplæringa i programfaga og ville legge til rette for ei tverrfagleg problembasert oppgåve. Vi ønska at elevane skulle oppleve at kompetansemåla i programfaga utgjorde ein heilskap og var grunnlag for å utvikle byrjande heilskapleg yrkeskunnskap..

Førebuing til praksisbesøk:

Vi er avhengig av godt samarbeid med praksisfeltet for at elevane skal få kome ut i arbeidspraksis. Difor var det viktig å førebu møta med bedriftene på ein god måte. Vi diskuterte i samla klasse kva som var viktig å vere bevisst i møtet med ein framtidig arbeidsplass. Vi tok utgangspunkt i nøkkelkvalifikasjonane; kommunikasjonsevne, samarbeidskompetanse, etisk bevisstheit, omsorg og empati og sjølvinnskjot/sjølvrefleksjon. Eg stilte opne spørsmål om kva som var viktig å tenke på i høve til dei. Elevane kom med innspel og vi sette alle nøkkelorda inn i ei pedagogiske sol. Eg trekte også fram mine eigen erfaringar frå yrkeslivet for å illustrere med døme og gjere tema meir levande for elevane. Etisk bevisstheit var utgangspunkt for å diskutere grunnleggande kunnskap om teieplikt, og kor viktig det var å ikkje gå vidare med informasjon som var sensitiv. Kommunikasjonsevne konkretiserte vi ved å drøfte kva elevane la i høvisk framferd. Det vart trekt fram både det å vise interesse og omsorg for dei yrkesutøvarane og brukarar vi møtte på praksisbesøka. Likeeins diskuterte vi korleis vi skulle kommunisere, mellom anna å stille spørsmål på ein tydeleg og grei måte og vise at vi sette pris på å få kome på besøk. Også det å vise samarbeidsevne drøfta vi. På praksisbesøka var det viktig å lytte til det som vi fekk fortalt og delta på aktivitetar som praksisplassen hadde lagt opp til. Sjølvrefleksjon var at elevane skulle bli bevisst kva tankar dei gjorde seg omkring besøket. Derfor skulle dei skrive logg for

kvart besøk. Elevane var ikkje kjende med loggskriving, og trengte ei innføring i denne arbeidsmåten.

6.3.1 Oversikt over aktuelle arbeidsplassar innan programområde helse- og sosialfag

Vi starta arbeidet i denne bolken med eit gruppearbeid som gjekk over ein dag. Elevane fekk i oppgåve å teikne eit kart over kommunesenteret på ein stor plakat. Alle bedrifter/arbeidsplassar som kunne vere aktuelle å besøke skulle plasserast der. Det var både skular, barnehagar, sjukeheimar, helsesenter, tannlegekontor, sosialkontor, hudpleiesalongar, arbeidssenter og ambulansestasjon og alt av arbeidsplassar som dette programområdet representerte.

I tillegg skreiv elevane opp kva ulike yrkesgrupper som arbeidde i bedriftene. Til dømes arbeidde det både lege, sjukepleiar, helsefagarbeidar, fotpleiar, logoped, fysioterapeut og ergoterapeut på omsorgssenteret . Vi valde å teikne opp kommunesenteret i nabokommunen også, då fem av elevane budde der. For dei var det viktig å sjå kva mulegheiter dei hadde for å få arbeidserfaring i sitt nærmiljø. Ved å illustrere og konkretisere dei ulike arbeidsplassane og yrka, fekk elevane ei oversikt over kva mulegheiter dei hadde i val av arbeidspraksis. Innan barnehage og skule hadde elevane bra oversikt over både yrkesgrupper og arbeidsoppgåver, noko som gjerne kan skrive seg frå deira erfaring/ kjennskap til desse institusjonane som tidlegare elevar. Innanfor helse- og sosialfaglege yrke og arbeidsplassar var kunnskapen meir avgrensa. Elevane fekk sjå at denne sektoren hadde fleire yrkesval enn dei var klar over. Nokre elevar gav uttrykk for at dei fekk betre oversikt over ulike yrke og val av arbeidsplassar, ved å visualisere det i form av ein plakat. Dessutan var det kjekt å gjere noko praktisk saman og alle var engasjerte i arbeidet. For dei elevane som nylig var flytta til kommunen blei dette også ei hjelpe å bli kjend i området.

6.3.2 Bedriftsbesøk med loggskriving

Elevane sette opp ei prioriteringsliste over kva institusjonar og bedrifter dei ville besøke. Elevane valde ut sju bedrifter dei ville besøke. Det var omsorgssenteret, ein barnehage, eit arbeidssenter for psykisk utviklingshemma, ambulansestasjonen i kommunen, eit tannlegekontor, helsestasjonen og ein hudpleiesalong. I utgangspunktet hadde ikkje hudpleiesalongen høve til å ta i mot elevane. Men då eg som faglærar bestilte ein time med hudpleie, fekk eg ta med meg fjorten elevar på behandlinga.

Før kvart besøk førebudde elevane nokre spørsmål. Tema dei kunne spørje om gjaldt arbeidsoppgåver, brukargrupper, utdanning, yrker og anna dei ønska å få svar på. Elevane skulle også stille spørsmål om nøkkelkvalifikasjonane; etisk bevisstheit, kommunikasjonsferdigheiter, samarbeidsevne, omsorg og empati og sjølvinnssikt/sjølvrefleksjon var sentrale tema på arbeidsplassen. Det vart sett av ein skuledag til kvart praksisbesøka og timane var lagt til faget prosjekt til fordjuping. Elevane fekk tid til førebuing, gjennomføring og etterarbeid med utfylling av logg. På slutten av dagen oppsummerte vi i samla klasse kva tankar vi sat att med etter besøket.

Vårt første besøk var på omsorgssenteret i kommunen. Nokre av elevane uttrykte litt skepsis før besøket, då dei hadde hørt mykje om eldre menneske og sjukdom. Men som ein av elevane skreiv etter besøket; *Eg har forandra mi meining om omsorgssenteret. Det er ikkje ein trist og stille plass, som eg trudde.* To av elevane vart meir trygge på at slike arbeidsoppgåver ynskte dei, medan tre elevar gav tydeleg uttrykk for at dette var ein uaktuell arbeidsplass. Resten av klassa opplevde besøket som positivt og meinte det var lærerikt, men dei var usikre om det var her dei ville arbeide.

Neste besøk var i barnehage, og der opplevde fem av elevane at dette var eit svært aktuell arbeidsplass i framtida. Men det var også to elevar som synes dette ikkje gav meirsmak. Ei skreiv at; *Eg kunne ikkje tenkt meg å jobbe i ein barnehage, synes det er så slitsamt.* Dei andre elevane var litt meir avventande og meinte dei ville prøve ut denne arbeidsplassen i arbeidspraksis for å bli meir sikker.

Det tredje besøket var på eit arbeidssenter for psykisk utviklingshemma. Fem av elevar sat att med inntrykket av at arbeidsoppgåvene i denne del av sektoren var uaktuelle for dei. Like mange elevar sat att med positive erfaringar og besøket hadde opna for ein nytt aktuelt arbeidsområde. Resten av elevane meinte besøket var lærerikt og kjekt, men kanskje denne arbeidsplassen ikkje var førstevalet for dei.

Deretter stod besøk på ein hudpleiesalong for tur. Hudpleiaren som informerte oss og illustrerte nokon av arbeidsoppgåvene, var veldig engasjert og interessant å høre på. Av dei tolv elevane som var med på besøket synes sju at dette både var kjekt og spennande og eit yrke dei kunne tenkt seg. Dette til tross for at dei fekk fortalt at å starte ein salong kravde mykje arbeid og store investeringar i lokale og utstyr. Dei resterande fem elevane var like klare på at dette ikkje var ein aktuell yrkesveg å gå.

Då vi sette opp lista over praksisbesøk var det mange som ville vite meir om ulike yrker og arbeidsoppåver innan tannhelsetenesta. Etter besøket var ti av elevane samde i at det verka

vere ein kjekk arbeidsplass, men dette var ikkje noko dei ønska å gå vidare innan. Berre ein elev uttalte at ho hadde lyst å bli tannhelsesekretær.

Likeeins var besøket på ambulansestasjonen for mange ein spennande oppleving, men også her var mange usikre på om dei klarte å takle dei utfordringar som møter ein ambulansefagarbeidar i sitt daglege yrke. Ein av elevane skreiv; *Eg blir fort lei meg og sånn, dersom nokon dør og slikt, når eg ser ei ulykke, blir eg redd og lei meg.* Ein av elevane skreiv følgjande om sjølvinnssikt/sjølvrefleksjon etter besøk på ambulansestasjonen:

Sjølvinnssikt/refleksjon er veldig viktig i dette yrket. Det er kanskje viktigare enn i noko anna yrke. Ein må bearbeide vonde opplevingar, halde seg oppdatert og ein må kunne ting, jobbe for å bli betre. Denne refleksjonen ho har gjort seg her, synes eg seier mykje om kva ho legg i denne kvalifikasjonen.

Det siste besøket var på helsestasjonen i kommunen. Tre av elevane meinte dette var ein aktuell arbeidsplass. Besøket hadde styrka deira oppfatning om at arbeidsoppgåvene og utfordringane dei møtte her passa veldig godt for dei. Ein elev meinte slike kontorjobbar ikkje var for henne. *Då føler eg meg som eit dyr i bur,* skreiv ho. Dei åtte andre elevane synes opplevde besøket som positivt, men kanskje ikkje heilt kva dei hadde tenkt seg.

Yrkesutøvarane vi møtte gav mykje gode tilbakemeldingar om deira tankar rundt nøkkelkvalifikasjonane. I høve til etisk bevisstheit, var mange tydlege på kor viktig teieplikta var: *"Vi må heile tida tenke på å kva vi kan fortelje og ikkje. Pasientane må vere trygge på at vi ikkje fortel vidare det dei har fortalt oss".* Likeeins la dei vekt på kommunikasjon: "Ei viktig arbeidsoppgåve er å informere og snakke med andre, difor er kommunikasjon ein stor del av jobben. Dersom du ikkje klarer det vil du ikkje klare å utføre jobben din som du skal". Dette er eit døme som elevane fekk frå eit praksisbesøk. Når det gjaldt sjølvinnssikt og sjølvrefleksjon, svarte mange yrkesutøvarar at dei måtte vere bevisste " sine sterke og svake sider og bli flinkare til det du ikkje meistrar så godt". Samarbeidsevne vart illustrert med kommentarar som: Å samarbeide i barnehagen er rett og slett at vi diskutere og gjer ting saman. Det å dele erfaringar er ofte veldig nyttig". Ein annan kommentar var: Det er viktig å samarbeide med dei du jobbar i lag med og dei du skal hjelpe". Sjølv om det var korte besøk og elevane berre fekk eit lite glimt av dei ulike praksisplassane, fekk dei gjere seg litt kjende i praksisfeltet. Det viste breidda i yrkesval og gav dei ei oversikt over mulege utdanningsvegar. Vi fokuserte på nøkkelkvalifikasjonane ved besøka, for at elevane skulle få gode praktiske døme frå ulike yrkesutøvarar og kva tankar dei gjorde seg.

6.3.3 Arbeid med tverrfagleg oppgåve:

Etter bedriftsbesøka var det forslag om å arbeide med ei tverrfagleg problembasert oppgåve. Elevane fekk arbeide med oppgåva i skuletida og fekk heile tida rettleiing og hjelp av oss faglærarar. Dei valde sjølv korleis dei ville arbeide, av og til i grupper og av og til individuelt. Vi tok utgangspunkt i ein case som var kjend for elevane, for å gjere det lettare for dei å involvere seg i problema, trekke fram konkrete døme og sjå samanhengar. Tema for oppgåva var ei ung jente, Anni, sin kvardag og nokre situasjonar ho opplevde som vanskelege. Mellom anna skulle ho søke på vidaregåande skule og var usikker på kva ho skulle velje. Ho trengde råd og rettleiing om programområdet for helse- og sosialfag kunne vere aktuelt. Ho skulle også ta til i ein sommarjobb der ho skulle arbeide med funksjonshemma, og var usikker på kva som venta henne. Elevane skulle ut i frå sine erfaringar så langt, gje henne gode råd. Oppgåva trekte også inn problem i familien hennar og korleis løyse desse. Likeeins omfatta oppgåva aktuelle problem knytt til ernæring og personleg hygiene. Utgagnspunktet var å beskrive mange kjende situasjonar for elevane våre. Ein elev gav følgjande råd for val av vidare opplæring: *Når du skal velje kva du vil bli, er det viktig å tenkje på kva du trivst med. Du må finne ut kva som gir deg noko tilbake i det arbeidet du gjer. Om du vel helse og sosialfag må du vere glad i menneske. Du bør like å arbeide mykje. For å arbeide i denne sektoren er det viktig at du bryr deg og kan ta omsyn.*

Elevane kom med mange gode råd til Anikke sitt møte med arbeidslivet: Når du kjem på jobb er det viktig å vere høfleg, innstilt på det du skal gjere, handhelse på arbeidskollegaer og vise interesse for jobben. Det er viktig å møte presis på arbeid og ikkje kome for seint. Det er veldig viktig at du skriv under teieplikta fordi du skal jobbe med andre menneske. Då skal du ikkje snakke om dei personane på fritida. Ein annan elev trekker fram følgjande: Dei første dagane i jobben må du bli kjend med pasientane og få dei til å stole på deg. Du bør ha reine klede, ikkje for mykje sminke, snakke skikkeleg og ikkje bruke masse sleng ord, vere hyggeleg, vise at du bryr deg og vere presis. Sjølv om elevane ikkje enno hadde fått så mykje erfaring verken med programområdet helse- og sosialfag eller arbeidspraksis, hadde dei mange gjort seg opp mange tankar om desse tema. I oppsummeringa gav elevane utsyn for at det var lærerikt, men travelt å jobbe med ei så stor oppgåve. Dei synes temaet var veldig aktuelt og for mange var det enkelt å finne konkrete døme.

6.3.4 Utviklings/rettleiningssamtale etter bedriftsbesøka

Som oppsummering av bolken hadde eg ei samtale med kvar elev om kva erfaringar dei hadde gjort seg. Elevane hadde med notat og refleksjonar i mappa si og vi gikk gjennom tankar og opplevingar så langt. Elevane hadde fått meir innsikt i ulike yrke og arbeidsplassar. Mange av elevane opplevde at denne gjennomgangen var ei hjelp når dei skulle velje sin første arbeidspraksis, medan andre gav uttrykk for litt fortviling; *Eg trudde eg hadde bestemt meg for å arbeide i ein barnehage, men no fekk eg lyst å prøve meir også. Det virka spennande både på arbeidssenteret og omsorgssenteret.* Atter andre synes nokre besøk var lærerike, medan andre ikkje var av interesse.

For meg var det viktig å trekke fram deira kommentarar om dei ulike nøkkelkvalifikasjonane og om dei hadde gjort seg nokre tankar om kva yrkeskunnskap som var viktig i yrkesutøvinga innan helse- og sosialfag. Eg synes ein elev skildrar godt det som kom fram i samtalene med følgjande sitat: *Vg I helse og sosial er vi veldig kjekk linje. Du arbeider med menneske og er nødt til å like å jobbe med mennesker, og ha respekt for alle mulige mennesker, sjølv om dei har anna religion, hudfarge og forskjellige mennesker, du er nødt til å kommunisere med andre menneske, og leve deg inn i deira situasjon for å kunne arbeide med dei, du må snakke med dei om laust og fast. Du er nødt til å møte personar på ein høfleg måte, vise omtanke og du må føle deg trygg på det du gjer.* Dette sitatet meiner eg viser ein byrjande forståing for både nøkkelkvalifikasjonar og heilskapleg yrkeskunnskap. Elevane la fram tankar om kva dei la i nøkkelkvalifikasjonane, og mange synes eksempla dei hadde fått frå ulike yrkesutøvarar gav dei meir forståing av kva dei omhandla.

Det kom tydeleg fram var at dei synest praksisretta opplæring var kjempekjekt. Ei av elevane var tydeleg: *Kor tid er neste praksis?* Alle elevane fortalte at dei trivest godt på skulen og i klassa. Dei synes opplæringa var variert med både praktiske arbeidsoppgåver, gruppearbeid og skriftelege oppgåver. Men ein del av elevane som synes det var vanskeleg å uttrykke seg skriftleg, og opplevde den tverrfaglege oppgåva som stor og krevjande. Mange av elevane gav også uttrykk for at det var viktig for dei å ha struktur i skulekvardagen, gode arbeidsplanar, oversikt over aktivitetar og vite kva som vart forventa av dei. Dei såg fram til meir kontakt med arbeidslivet og gav uttrykk for at det var viktig at dei sjølve fekk bestemme kvar dei ville vere i praksis.

Ein elev oppsummerte sine tankar på følgjande måte: Når du går på helse og sosial, får du vere i praksis i staden for så mykje teoretisk. Når ein har praksis møter ein mange nye

menneske, og ein lærer medan ein arbeider. Ein tenkjer ikkje så utruleg mykje på at ein er i praksis, men at ein er på jobb. Noko som føltes godt.

Desse sitata meiner eg viser at prosjektet har kome godt i gang og at elevane meiner dette både er lærerikt og interessant. Også i den individuelle samtalet opplevde eg at elevane kom vidare i å utvikle ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap.

6.3.5 Refleksjon etter bedriftsbesøk og tverrfagleg oppgåve:

I denne bolken av prosjektet var fokuset planlegging, gjennomføring og oppsummering av bedriftsbesøk og gjennomføring av tverrfagleg problembasert oppgåve .

Førebuing til praksisbesøk:

Det var eit samarbeid mellom elevane og oss faglærarar, der vi som faglærarar med ulik yrkesbakgrunn kunne fortelje om vårt kjennskap til praksisfeltet. Ut i frå varierande yrkesbakgrunn og arbeidspraksis hadde vi kompetanse innan ulike fagfelt og kunne på denne måten utfylle kvarandre. Ved å fokusere på de nøkkelkvalifikasjonane allereie ved dei første besøka, fekk elevane innsikt i ulike fagpersonar sine tankar om kvalifikasjonane og kva det betyding det hadde for dei. Vi meinte at elevane ville bli meir bevisste på nøkkelkvalifikasjonane, ved å stille spørsmål om dei og gjerne få gode, praktiske døme frå ulike yrkesutøvarar.

Praksisbesøk:

For kvart besøk skreiv elevane logg der dei skulle fortelje litt om sine opplevelingar av besøket. På besøk på arbeidsplassar som elevane var interesserte i, var loggane meir innhaldsrike og omfattande. Derimot var det få kommentarar ved dei besøka som elevane i utgangspunktet ikkje meinte var aktuelle arbeidsplassar. Enkelte elevar var ikkje interesserte i alle besøka, dei hadde bestemt for kva som var deira interesse. Eit spørsmål ein må stille seg er om elevane heller burde få møtt den arbeidsplassen dei ønska og fått meir erfaring i ettertid om andre yrke. Ei byrjande heilskapleg yrkeskunnskap er ikkje å få litt kunnskap om alt, men heller får fordjupe seg i det ein ynskjer å gå vidare med. Elevane har fått sitt første kjennskap til framtidige arbeidsplassar og fått møte representantar innan ulike yrkesfag. Her fekk dei møte ekspertar innan sine fagfelt og også gjort korte observasjonar av deira yrkesmessige ferdigheiter. Dei fekk nokre inntrykk av kva ein yrkesutøvar må ha av kunnskap. Det er starten på ein byrjande yrkeskunnskap; som må vere strukturert rundt sjølve yrkesutøvinga.

Som i førre bok var besøket ein del av ein prosess, der både førebuing, gjennomføring og etterarbeid og oppsummering var sentrale element. Dei skreiv logg for å ivareta sine opplevingar og desse var gode å ta med seg i rettleiingssamtala. Elevane gjorde seg refleksjonar både undervegs ved besøket og etterpå når dei saman oppsummerte besøka. Det at elevane skriv logg gjev dei trening i å beskrive praksis og det kvalifiserer elevane til å bruke faglege uttrykk på ein aktiv måte (Hiim & Hippe, 2001). Mange elevar synes det var vanskeleg å setje ord på deira erfaringar. Men det er viktig å utfordre elevane til å utvikle denne del av læringsarbeidet. Dette arbeidet er viktig og må leggast vekt på.

Elevane ga tilbakemeldingar på at dei hadde fått mange inntrykk og lært mykje av besøka. Det å oppsøke praksisfeltet i staden for å lese om ulike utdanningsval i bøker, gav dei mykje meir innsikt i temaet. Dei forstod også meir betydinga av dei ulike nøkkelkvalifikasjonane når ulike arbeidstakrar i praksisfeltet fortalte om sine tankar rundt dei. Som påpeika tidlegare: *Praktiske og teoretiske aspekt ved yrkeskunnskap blir oppfatta som en uløseleg helskap* (Hiim & Hippe, 2001). Sjølv om besøka var korte fekk dei erfaringeskunnskap og vart meir fortrulege med ulike yrker og arbeidsplassar.

Men ein erfaring som er viktig å drøfte er meir differensiert opplæring i høve til bedriftsbesøka. Dei elevane som hadde gjort sine val om praksisplass før besøka, opplevde at enkelte av besøka var uinteressante og uaktuelle som læringsarena. I læreplan for prosjekt til fordjuping står det: *Prosjekt til fordypning skal gi elevene mulighet til å prøve ut enkelte eller flere sider av aktuelle lærefag innen relevante utdanningsprogrammer, få erfaring med innhold, oppgaver og arbeidsmåter som karakteriserer de ulike yrkene innen utdanningsprogrammene* (Utdanningsdirektoratet, 2007). Læreplanen legg opp til at elevane skal gjere seg kjend med dei ulike utdanningsprogramma. For helse- og sosialfag omfattar dette ni ulike fagutdanningar. Eg meiner det er viktig å drøfte om elevane som har bestemt seg tidleg i skuleåret, heller burde fått starta med arbeidspraksis i denne bolken. For dei var ikkje gjennomgangen så interessant. For dei elvane som trengte meir informasjon og bli trygg på val av utplassering, kunne ulike besøk heller vere til hjelp. Dette er tankar som eg vil ta med meg vidare i mitt pedagogiske arbeid.

Tverrfagleg oppgåve.

Vi faglærarar synes det var spennande å legge til rette for den tverrfagleg oppgåva. Det å få samarbeide og utfylle kvarandre i høve til undervisninga, gjev både oss og elevane meir

forståing for at faga utgjer ein heilskap. Men inndeling i programfag i læreplanen for Vg1 helse- og sosialfag, skapar vanskar for å legge til rette for ei tverrfagleg opplæring. Spesielt når det er fleire faglærarar som er involvert. Sjølv om oppgåva inneheld kompetanseomål frå dei ulike programfaga, vert både elevar og lærarar styrt av fagleg inndeling og ikkje minst vurdering av måloppnåing. Kvart fag sin standpunktcharakter er styrande, ikkje berre for sluttvurderinga, men også for prosessen i løpet av året. Dette medfører at både lærarar og elevar i større grad fokuserer på faget sine mål, for å kunne vurdere eleven sin måloppnåing. *Felles programfag er strukturert i tre programfag. Programfaga utfyller kvarandre og må sjåast i samanheng. Elevane skal ha ein standpunktcharakter i kvart av programfaga.* (Utdanningsdirektoratet, 2006a). Desse to målsetjingane i læreplanen opplever eg som motstridande. Skal ein sikre ei opplæring der programfaga opplevast som ein heilskap, meiner eg det må gjenspegle seg i sluttvurderinga også. Då vil elevane få ei heilskapleg vurdering av si måloppnåing.

Refleksjons/rettleiingsamtale:

Det var nyttig og viktig å ha ei individuell samtale med kvar elev, der dei fekk gje uttrykk for sine tankar. Det skapte meir fortrulegheit og elevane opplevde dei vart tekne vare på. Det var deira refleksjonar som vart løfta fram. Dei fekk setje ord på tankar, stille spørsmål og fekk tilbakemeldingar på refleksjonar dei hadde gjort seg. Ingen spørsmål var for banale eller uinteressante til å ta opp. Elevane gav uttrykk for gode opplevelingar med meir praktisk opplæring i form av bedriftsbesøk og å få arbeide med ei tverrfagleg oppgåve . Dette er i tråd med mi teoretiske plattform, som legg vekt på at yrkeskunnskap må vere strukturert omkring sjølve yrkesutøvinga (Hiim & Hippe, 2001). Som i førre bolk skreiv elevane logg under besøket og noterte tankar og inntrykk dei gjorde seg. Etter besøket følgde eg opp med ei felles oppsummering og ei individuell rettleiingssamtale, der elevane fekk reflektere over kva dei hadde erfart . Både elevar og faglærarar var involverte i arbeidet, og kom med innspel på korleis gjennomføre opplegget. For å drive aksjonsretta arbeid er det eit sentrale krav å involvere alle deltakarane i utviklingsarbeidet.

Som oppsummering av bolken bestemte vi oss for å ha meir fokus på arbeidspraksis og yrkesretting av opplæringa ut i frå individuelle interesser i neste bolk.

Elevar og lærarar samarbeidde vidare framdrift i prosjektet og alle elevane gav uttrykk for at dei ønska meir arbeidspraksis. Dette var hovudfokus for neste bolk.

6.4 Bok 3: Veke 44-2 Den første arbeidspraksis og spennande erfaring med arbeidslivet

I dette bolken var elevane sin første arbeidspraksis i fokus. Det er viktig med god planlegging, slik at elevane var best muleg budde. God informasjon og tydelege avtaler med dei ulike praksisplassane var også nødvendig å få på plass.

Førebuing av første arbeidspraksis:

Dette var eit felles prosjekt som medførte at vi faglærarane jobba ein del tverrfagleg. Vi var einige å legge vekt på korleis førebu elevane på best muleg måte til sitt første praksisbesøk. Vi drøfta med elevane kva dei trengde å bli meir trygge på. Tema vi kom fram til som viktige var etisk bevisstheit, og spesielt kor viktig det var å holde teieplikta. Å ivareta god personleg hygiene og lære prosedyrar for å hindre smitte var også viktig. Likeeins vart det trekt fram det å kommunisere med ulike brukargrupper. I desse praktiske yrka er det også viktig å tenke på ergonomi og unngå uheldige belastningar. Difor var dette temaet også gått gjennom.

Elevane var opptekne av teieplikta og som førebuing til praksis repeterte vi hovudtrekka. For å gjere dei bevisst på alvoret, skreiv alle elevane under eit teiepliktskjema. Ein kopi av dette sende eg til praksisplassane.

Elevane var interessert i å lære om ergonomi og arbeidsteknikkar. Vi brukte verkstaden for gjennomgå ulike arbeidssituasjonar som kunne vere fysisk anstrengande. Dei fekk også prøve ulike hjelpemiddel for å lette ein tung arbeidsoperasjon. Det var mykje moro og stort engasjement denne dagen. Elevane synes det var moro arbeide med praktiske oppgåver og lære korleis dei skulle bruke kroppen rett.

Dei hadde også økter der dei fekk praktisk øve på stell og hygieniske tiltak og rutinar i arbeid med menneske. Dei fekk reie senger og utføre enklare stell som tannpuss på kvarandre. I denne opplæringa la min kollega vekt på elevane sin personlege hygiene, og gav dei mange gode praktiske råd.

Elevane trena på praksisnære situasjonar med aktuelle brukargrupper i form av rollespel. Her fekk dei trekke inn kunnskap om ulike kommunikasjonsteknikkar og korleis sikre god kommunikasjon. Enkelte elevar synes det var vanskeleg med rollespel og vegra seg for å vere med på framføring. Dette måtte ein akseptere.

6.4.1 Arbeidspraksis med loggskriving

I slutten av oktober bestemte elevane seg for kvar dei ville vere i praksis. Deretter tok eg kontakt med praksisplassane for å høre om dei kunne få ei utplassering der. Dei fleste fekk

sitt første ønske oppfylt. Ein av elevane ønska å få arbeidspraksis på ein hudpleiesalong, men dette let seg ikkje gjere. Men eleven uttrykte glede over å få prøve å arbeide i ein barneskule, så motivasjon og engasjement var heldigvis på plass. Deretter sende eg eit brev med takk for positivt svar, litt informasjon om kva elevane skulle lære, kva dei kunne bidra med og litt generell informasjon om arbeidstid, dagar m.m. I brevet låg også ein kopi av teiepliktskjema som eleven hadde fylt ut på skulen, eit lite vurderingsskjema som kontaktperson på arbeidsplassen skulle fylle ut og ei kontrakt for utplassering som både elev, faglærar og rettleiar på arbeidsplassen skulle skrive under på. Det formelle preget gjorde at elevane opplevde denne arbeidspraksisen som forpliktande og dei hadde ansvar for å oppfylle sin del av denne kontrakten.

På timeplanen var gjennomføring av praksis lagt til faget prosjekt til fordjuping. I læreplanen for faget står det at elevane skal førebu seg til praksis ved å velje ut og konkretiserer nokre kompetansemål frå Vg3 læreplanar innan helse- og sosialfag. Dette synes elevane var vanskeleg. Det vart enklare når eg bad dei å velje mål med utgangspunkt i nøkkelkvalifikasjonane. Desse tema var etter kvart kjende for dei og kompetansemåla vart enklare å konkretisere til enkle læringsmål. Arbeidspraksisen varte i to veker med tre dagar kvar veke, og elevane skulle observere og delta aktivt ut i frå sine føresetnadar. Nokre av elevane hadde bestemt seg for val av arbeidspraksis i løpet av dei første vekene på skulen. Andre var blitt meir usikre og hadde mange ønske å velje mellom. Tre elevar valde omsorgssenteret, åtte elevar ville prøve barnehage, ein elev valde barneskule, ein elev valde eit arbeidssenter for menneske med psykisk utviklingshemming og ein elev fekk arbeidspraksis på helsestasjonen i kommunen.

På slutten av kvar dag skulle elevane skrive logg. Den skulle beskrive kva dei hadde gjort og tankar og refleksjonar rundt denne dagen. Dei skulle også trekke inn hendingar frå praksis som skildra nøkkelkvalifikasjonane.

Dei fleste av elevane var godt nøgde med arbeidspraksisen. Dei som var utplassert i barnehage og skule fortalte om arbeidsoppgåver som omfatta både å leike med borna, passe på dei, lage til mat og mate de minste, og skifte bleier. Ein elev skriv om sin første erfaring i barnehagen: *I starten ville eg mest vere ilag med kollegane mine for å sjå korleis dei gjorde dei forskjellige oppgåvene, så eg kunne sjå litt korleis eg kunne ha gjort det. Eg var med ein kollega og skifte bleier, og eg følte eg kunne gjere det same etter på. Noko eg tykte var*

spennande. Eg synast kanskje det var litt skummelt med det same, for eg kjende ikkje ungen så veldig godt. Men etter at eg har vore ilag med dei et stund, synast eg det gjekk kjempe fint, og eg var til og med aleine og skifta bleier på ungane. Mange av elevane beskrev kor viktig det var å ha meistarar som kunne vise dei korleis arbeidsoppgåvene skulle utførast.

Ei anna jente skriv følgjande om si erfaring: I dag har eg tatt med meg 8 ungar som er ca 2 år, Vi har laga farsdagskort og måla dei på hendene, så dei fekk handtrykk på kortet. Eg måtte hjelpe dei og vaske vekk måling på hendene, så her måtte eg vere tålmodig så dei ikkje stakk i frå meg. Men dei var flinke å høyre etter når eg sa forskjellige ting til dei. Eg brukte ei roleg stemme og eit språk dei forstod. Ho har reflektert over korleis ho skal vere ein trygg voksen person og kor viktig det er at ho tenker over korleis ho kommuniserer med barna.

Ein elev hadde erfart at det å arbeide i barnehage ikkje berre var å leike med barna og sjå etter dei. Ho skreiv at ho hadde lært at arbeidet bestod av mykje meir. Spesielt la eleven vekt på kor viktig samarbeid og planlegging var: *Eg var med å planla ein god del ilag med dei eg jobba med, der vi diskuterte kva mat ungane skulle få ete, og korleis vi ville sette opp dagane. Noko som va kjekt, der eg kunne velje litt fritt. Men dei kom også til meg å spurde om forskjellig ting eg kunne gjere, og det var planlegging på deira si side. Aktivitetar var det også mykje av. Var ute å gjekk turar, sprang ilag med dei, reia og leika diverse leikar.*

Ein av elevane som var utplassert på omsorgssenteret skreiv om sine opplevingar med ein pasient: Ein av dagane var eg med å stelte og mata ein person som var blind, og når eg mata og stelte han så var det veldig viktig å seie i frå om akkurat det du gjor. Elles vart brukaren så redd og usikker at han skreik veldig høgt. Ho synes at det var ei spennande og litt skremmande erfaring, men ho såg kor viktig det var å skape tryggleik og tillit hos pasientar.

Elevane fekk vere med å stelle pasientar, mate dei og hjelpe dei på do. I tillegg fekk dei følgje pasientane på sosiale arrangement og ta dei med seg på tur. Ein elev oppsummerte med følgjande : Eg synst det var kjempekjekt på sjukeheimen, det var mykje som var spennande der. Å jobbe med eldre menneske som trengte vår hjelp var ein fin følelse at eg faktisk hjelpte nokon som trengte det. Det var kjekkare for kvar dag som gjekk, for eg kom meir inn i systemet og blei meir kjend med brukarane, slik at eg kunne snakke med dei. Dei første dagane turte eg ikkje å snakke så mykje med brukarane, men det gjekk betre etter kvart.

Alle elevane skreiv om etisk bevisstheit og det å holde teieplikta. I arbeidspraksis fekk dei både sjå og høyre mykje, og dei var poengterte kor viktig det var å ikkje snakke om dette i privat samanheng. Som ein elev formulerte det: *Teieplikta er svært viktig, at ein ikkje seier vidare til kven som helst at den og den personen hadde eit uhell og ikkje klarte å komme seg*

på toalettet for eksempel. Også kommunikasjonsferdigheiter la dei vekt på. Ein elev hadde gjort seg følgjande refleksjon: Når eg var på kvisten var kommunikasjon spesielt viktig. Der er brukarane oppgåande og klarar seg ein del sjølv. Nokon har kanskje ikkje så mange pårørande og besökande, difor er det viktig at dei som jobbar på denne avdelinga snakkar og kommuniserar. Når eg hadde tid, sette eg meg inn på rommet til brukarar og prata og heldt praten i gong. Dersom ein person er døv, må ein likevel prøve å få kontakt på ein måte slik at personen skjønnar kva ein prøvar å formidle Ein elev skreiv om det å samarbeide, då med andre yrkesutøvarar; Mellom anna såg eg at ein brukar hadde därleg rullestol og ikkje sat godt i stolen, det er då ein ergoterapeut si oppgåve å legge til rette der. Eg kunne informere ergoterapeuten om at brukaren sat vondt og ikkje hadde det godt. Denne eleven illustrerte med sin korte refleksjon behovet for å ha eit godt samarbeid til brukaren sitt beste. Ein elev uttrykker tankar om omsorg og empati på følgjande måte: Det er viktig å vise omsorg og empati for elevane og barna. Ein må leve seg inn i deira situasjon om det er noko dei har problem med. Og ein må gi dei trøst viss det er noko som dei treng. Med dei i barnehagen er det veldig viktig at ein har denne evna for å vise omsorg og empati sidan dei er så små og ikkje forstår alt. Eg synest ho uttrykte på ein god måte sin forståing av denne nøkkelkvalifikasjonen.

Ut i frå loggane som elevane skreiv gav dei uttrykk for at arbeidspraksis hadde vore gjevande og dei sat att med mange gode erfaringar. Alle hadde følt seg velkomne, men ein elev var skuffa over organiseringa av opplegget i sin arbeidspraksis: *Eg var i barnehagen og det var ikkje kvar dag dei hadde eit opplegg til meg, så det synest eg kunne vore betre. Var litt kjedeleg for meg å berre gå å vase rundt, bli slengt frå plass til plass.*

6.4.2 PBL oppgåve om kultur og religion:

I skulekvardagen er det viktig å legge til rette for at elevane får opplæring ut i frå føresetnadar og interesser. I undervisinga er det lett for at ein går gjennom tema på ein generell måte og dermed vert opplæringa lite konkret og tydeleg for elevane.

I arbeidet med ulike kulturar og korleis bli kjend med dei, valde vi å lage eit tverrfagleg prosjekt. Vi tok utgangspunkt i ulike religionar og laga ei gruppeoppgåve der elevane skulle finne informasjon om kva som kjenneteikna dei ulike religionane ut i frå livsstil og tradisjon. Det gjaldt mellom anna mattradisjon, klesstil, kjønnsroller. I tillegg skulle elevane trekke inn korleis dei som yrkesutøvarar ville møte personar med anna kulturell med bakgrunn. Elevane

valde sjølve kva arbeidssituasjon dei ville beskrive. Dei som hadde vore i barnehagen kunne velje å beskrive korleis dei ville møte barn og foreldre med ein annan kulturell bakgrunn.

Elevane som hadde valt helsefagleg fordjuping, kunne drøfte korleis møte pasientar og deira pårørande. Ved å differensiere ut i frå arbeidserfaring kunne elevane rette opplæringa mot sine interesser og bruke erfaringar frå praksis.

Arbeidet skulle leggast fram for resten av klassa og elevane valde sjølve på kva slags måte.

Mange som hadde vore i praksis i barnehagen hadde gjort seg ein del erfaringar med barn med annan kulturell bakgrunn. Dei elevane som valde å fordjupe seg i høve til pasientar, hadde ikkje same praktisk erfaring. Men då trekte dei inn erfaring i får daglelivet i staden.

6.4.3 Kva seier refleksjonsoppgåva og utviklingssamtala om byrjande heilskapleg yrkeskunnskap:

Etter avslutta arbeidspraksis kom elevane tilbake til skulen og dei var fulle av inntrykk og hadde mykje å fortelje. Etterarbeidet av arbeidspraksis bestod i ei refleksjonsoppgåve der dei skulle setje ord på kva erfaringar dei hadde gjort seg. Medan elevane arbeidde med oppgåva gjennomførte eg ei rettleatings/utviklingssamtale med kvar elev. Eg var interessert i å få vite kva erfaringar dei sat att med så langt, og tankar vidare. Det sentrale var å stimulere elevane til å reflekter over opplevingar i praksis. Det er viktig for elevane å få fortalt om sine opplevingar og eventuelt få ta opp forhold som dei trengde å bearbeide.

Enkelte elevar fortalte om korleis dei opplevde seg sjølve og sin innsats i høve til det yrket dei skulle prøve ut: Eg har i denne praksisperioden fått gjort mange ulike arbeidsoppgåver, eg fekk opplæring undervegs, og til slutt gjorde eg stort sett det meste sjølv og blei sjølvstendig. Mellom anna det med å tørke brukarane etter do besøk og kle av og på brukarar, men slike ting er ein vanesak, og eg følte eg fekk det til. V. sa til meg då ho kom inn til meg ein gong eg skulle følgje ein brukar og skifte bleie at eg var veldig flink og var modig som gjorde dette utan noko som helst slags luring på kva eg skulle gjere. Dette var første gong eg gjorde det, og ho tykte eg var modig som gjekk rett på arbeidet. Ein lærer ikkje av å aldri prøve.

Ein annan elev fortalte om hennar opplevingar og korleis dette hadde påverka henne: Eg lærte meg å vere trygg på meg sjølv innan dette yrket og denne sektoren, har sett sider der eg ikkje heilt har oppdaga enda, som verka positivt på meg. Eg vart mykje meir sjølvskikker på det eg dreiv på med. Eg har lært utruleg mykje med å lytte til ungane om det dei har å fortelje meg, og vere ein bra rollemodell og vere ein person der eg virka interessant for ungane.

Ein elev uttrykte som oppsummering etter denne arbeidspraksisen: Det var veldig fint at eg fekk lov å prøve meg i dette yrket i praksis, slik at eg kunne få litt innspel i korleis yrket er, og eg likte meg kjempegodt i barnehagen dei dagane eg var der.

Ein annan elev hadde følgjande konklusjon: Når eg no er ferdig med praksisperioden min, føler eg at eg er blitt tryggare på meg sjølv når det gjeld det med arbeidet innan denne sektoren. Sidan det truleg er med eldre eg vil jobbe med seinare, har det vore veldig greitt å ha fått prøve ut yrket i praksis. Dette yrket er absolutt aktuelt for meg seinare.

Dei fleste elevane trekte også fram konkrete arbeidsoppgåver som døme på at dei såg på læring på skulen og arbeidspraksis som ein heilskap. Ein elev som forklarte om korleis ivareta hygiene og vere bevisst det å ha reine hender i arbeid med pasientar, uttalte: *Hadde vi ikkje hatt om det på skulen hadde eg ikkje visst så mykje om smittespreiing.* Ein av elevane uttrykte det slik: *Teori og praksis heng saman, til saman blir dei komplette. Før vi fer ut i praksis har vi lært ein heil del teori om ulike ting, og vi skal bruke dei tinga vi har lært. Eg synes at det er veldig bra å ha teori om ulike ting før vi hoppar ut i noko. Du treng å lære, og kanskje du til og med kan hjelpe andre.*

Men eleven skreiv i loggen: Sjølv må eg prøve ting for å lære det, det er ikkje hjelp i å sjå på andre som gjer ting hundre gongar utan å gjere det sjølv, det er erfaring som gjer at ein blir flinkare. Ho ser sjølv korleis ho best tileignar seg kunnskap og viser det også i praksis.

Ein elev som var på omsorgssenteret hadde gjort ei viktig erfaring; Eg likte meg veldig godt i dette yrket, men er redd eg ikkje har rygg til det pga mange tunge løft og slikt.

Enkelte elevar reflekterte også over opplevingar dei reagerte på. Ein elev hadde i arbeidspraksis opplevd at personalet ikkje kommuniserte på ein god måte: *Eg reagerte kanskje litt på korleis enkelte vaksne snakkar til ungane. Eg følte kanskje at dei var litt for strenge, men det må til det også! Dei kan jo ikkje gjere slik som dei vil, men dei kunne ha sagt det på ein annan måte, kanskje.* Ho synes dette var litt vanskeleg å forholde seg til og det var viktig å bearbeide inntrykket .

Ut i frå desse sitata opplever eg at elevane både såg samanheng mellom teori og praksis, kor viktig det var å kjenne til sentrale kvalifikasjonar og det å få praktisk erfaring for å utvikle byrjande heilskapleg yrkeskunnskap. Elevane skildra også korleis dei møtte praksisfellesskapet og kva dei opplevde i møte med medarbeidarar. Dei skildra både observasjon av yrkesutøvarane som rollemodellar og kva tilbakemelding dei fekk frå dei i praksisfeltet.

6.4.4 Refleksjonar etter første praksis:

I denne bolken hadde vi hatt fokus på elevane sitt første besøk i praksis. Vi førebudde elevane på møtet med arbeidslivet. Dei fleste fekk utplassering på den praksisplassen dei ønska, berre ein av elevane måtte velje noko anna. Vi stilte oss følgjande spørsmål. Korleis opplevde dei praksis, var dette ein start på ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap? Opplevde elevane at kvalifikasjonane var sentrale i arbeidet?

Førebuing til praksis:

Målet med førebuinga til arbeidspraksis var å gjere elevane tryggare og få ein viss fagleg basis. Dette påpeikar også Delrapport 1 som omhandlar evaluering av prosjekt til fordyping. Resultata viser at etter kvart som elevane får ein viss fagleg basis og trygghet på eigne ferdigheiter, er også meir budde og opne for dei forventningar og krav som møter dei i arbeidslivet (Dæhlen et al., 2008). Dette kjem også fram i refleksjonane som elevane gjorde seg. Som den eleven som skreiv at det var godt å ha teori med seg før ein hoppar ut i det. Likeeins ho som forstod at kunnskap om smittespreiing var viktige i å utføre arbeidet på ein god måte. Vi faglærarane samarbeidde om førebuinga og ved å trekke inn kompetanseomål frå dei ulike faga, fekk vi også vist at programfaga utgjer ein heilskap i den yrkesfaglege utdanninga.

Arbeidspraksis:

Både loggar og skildringar i refleksjonsoppgåva etter arbeidspraksis gav tilbakemelding om at elevane opplevde denne delen av prosjektet som meiningsfullt og lærerikt. *Hensikta med utplasseringa er å gje mulighet for yrkeserfaring som kan gi grunnleg for begreps- og teoriutvikling og refleksjons over praksis* (Hiim & Hippe, 2001). Faget prosjekt til fordjuping gav gode muligheter for å legge til rette for arbeidspraksis og gav støtte til mitt ønske om meir yrkesretting av opplæringa på Vg1 helse- og sosialfag. Elevane opplevde at dei vart godt mottekte og fekk mange interessante arbeidsoppgåve. Berre ein elev oppsummerte med at praksis var därleg organisert.

Denne første praksisperioden var med å utvikle elevane sin eigen praktiske yrkestheori (PYT). . Heilt i frå starten av ei yrkeskarriere der det viktig å legge til rette for at kvar enkelt yrkesutøvar blir meir bevisst sin praktiske yrkestheori (Lauvås & Handal, 2000). Å få gjere sine erfaringar i praksisfeltet førte til at elevane såg samanheng mellom praktisk arbeid P1, kunnskap dei tilegnar seg P2, og viktige verdiar i utføringa av yrket i form av

nøkkelkvalifikasjonar, P3. Mange av elevane hadde levande skildringar av sitt møte med praksisfeltet. Eleven som var med og stelte ein blind pasient fekk oppleve kor viktig det var å ivareta personen ut i frå eit heilskapleg menneskesyn. Den praktiske utføringa måtte involvere kunnskap om korleis denne pasienten opplevde sin situasjon og trekke inn viktige menneskelege verdiar . Det er gjennom involvering og samhandling at meining vert skapt. Den kunnskapen som vert skapt i sosiale situasjoner knytt til ei verksemid kan ikkje vere verdifri (Lauvås & Handal, 2000). Likeeins trekte elevane fram viktige sider i utgreiinga om nøkkelkvalifikasjonar. Dei såg både kor viktig det var at teieplikta vart ivaretaken fordi dei fekk informasjon og opplevde mykje som dei ikkje burde fortelje andre. Eleven som fortalte om kor viktig det var å ta seg tid til å prate med pasientane, uttrykte ei byrjande forståing for kva det ligg i å arbeide med menneske. Dette meiner eg viste ei byrjande utviking av heilskapleg yrkeskunnskap. Ho ser at dei er einsame og at hennar arbeidsoppgåve ikkje berre er å hjelpe med praktiske oppgåver, men også ivareta dei andre behova til pasientane. Erfaringane i praksis har gjort kunnskapen hennar meir fortruleg, då ho ser pasientane sine behov i ein større samanheng.

I praksis fekk dei sjå erfarte kyndige fagfolk utføre mange arbeidsoppgåver i løpet av arbeidsdagen. Elevane fekk rettleiing i korleis utføre sine oppgåver ved å observere og spørje yrkesutøvarane i praksisfeltet. Som den eleven som kommenterte at ho først ville sjå kva dei andre gjorde, før ho skulle utføre oppgåver sjølv. Dette er i tråd med tankane i meisterlære. Elevane er noviser som treng ein kyndig person til å rettleie seg, og ved å følgje yrkesutøvarane fekk dei konkrete erfaringar som dei tok med seg vidare. På dei fleste praksisplassane var det mange yrkesutøvarar som var rollemodellar; det vil seie at elevane fekk impulsar og observerte ulike yrkesutøvarar sin måte å løyse arbeidsoppgåver. Dette er det som Kvale og Nielsen kalla for situert læring. Dette gjev eit større mangfald, men erfarer ulike måtar å løyse praktiske oppgåver på. Men dersom det er svært ulik praksis kan det også skape forvirring for ein usikker elev. Som den eleven som opplevde at enkelte vaksne snakka for strengt til barna.

Rettleiings/refleksjonssamtaler:

Rettleiingssamtalene gav høve til å utdjupe dei erfaringane elevane hadde gjort seg. Dei fekk setje ord på sine opplevelingar og drøfta eigne reaksjonar. I prinsipp for opplæringa står det i kapittelet for motivasjon for læring: *Vurdering og rettleiing skal vere med på å styrke motivasjonen for vidare læring. Læringsstrategiar er framgangsmåtar elevane bruker for å*

organisere si eiga læring. Dette er strategiar for å planlegge, gjennomføre og vurdere eige arbeid for å nå nasjonalt fastsette kompetansemål. Det inneber også refleksjon over nyvunnen kunnskap og bruk av den i nye situasjonar (Utdanningsdirektoratet, 2006b). Dette er med å styrkjer den betyding det er å gje elevane høve til å ha samtaler og drøfte sine erfaringar.

Mange hadde fått bekrefta at deira val av arbeidspraksis var rett og dette var ein start på deira yrkesutdanning. Som dei sitata eg viste til ovanfor, så hadde dei erfart at dette var yrke dei ønska å utdanne seg i.

I samtalene fekk også elevane trekke fram både gode og mindre gode opplevingar. Det er viktig at eleven har ein plass der dei får bearbeide opplevingar som ikkje er like positive. For eleven som synest det vart litt kjedeleg i barnehagen, var det godt å få fortalt om det og sett ord på følelsane sine. *Det er viktig å hjelpe den enkelte til å trekke forbindelseslinjen mellom verdier og teoretisk kunnskap til den praktiske hverdagen, ikke i sin allminnelighet, men i tilknytning til den enkeltes tenkning om og handling i en konkret situasjon* (Lauvås & Handal, 2000, p. 179).

For meg som lærar var det viktig å få dele dei tankane og erfaringane elevane hadde gjort. Det var ikkje muleg å følgje opp alle elevane i praksis til ei kvar tid, så det var avgjerande at elevane fekk fortelje om sine opplevingar. Å utvikle god kontakt og gjere elevane trygge var også sentralt med tanke på utviklinga av prosjektet. Elevane måtte oppleve at deira meningar var like viktige som lærarane sine.

PBL oppgåve :

Ved å arbeide med PBL oppgåver der situasjonsskildringane er kjende for eleven frå arbeidspraksis, får elevane høve til å trekke inn den kunnskap dei har tileigna seg i utplasseringa.

I delrapport om prosjekt til fordjuping er eit av momenta i oppsummeringa at det er problem å få utnytta den læring elevane gjer seg i arbeidspraksis og trekke den inn i skulen. Det å sjå samanheng mellom lærerstoffet på skulen og praksisbasert læring er i stor grad gjort til eit ansvar for den enkelte elev. Elevane si erfaring og kompetanse frå praksisperiodane kan i betydelig grad trekkast aktivt inn som ein ressurs i undervisninga på skulen (Dæhlen et al., 2008).

I PBL oppgåva tok elevane med seg erfaringar og praktiske døme frå praksis. Ved å knyte opplæringa i skulen til elevane sine interesser og val av framtidig yrke, vil dei også i større grad velje fordjuping i kompetansemåla ut i frå sine interesser. Vg1 helse- og sosialfag skal

føre mot ni ulike fagutdanningar med ulik krav til kompetanse og fordjuping. Eg meiner at nøkkelkvalifikasjonane er ei hjelp til å sjå heilskap, då dei utgjer ein felles ramme for yrka. Men ved å legge til rette for arbeidsformer der elevane får fordjupe seg i sine interesser og praktiske erfaringar i høve til kompetansemåla, meiner eg opplæringa blir meir meiningsfull for den enkelte elev.

Elevaktive læringsmåtar:

I gjennomgang av tema kom elevane med stadige kommentarar om at dette hadde dei sett eller gjort i praksis. *Det er viktig at øvelsene gjenspeiler sentrale yrkeskunnskaper* (Hiim & Hippe, 2001, p. 202).

Vi lærarane opplevde at elevane trakk sine erfaringar frå arbeidspraksis inn i opplæringa på skulen. Diskusjonane i gjennomgang av tema vart meir elevstyrte, dei supplerte med gode døme. Elevane såg også nytten av å lære ein del praktiske prosedyrar og arbeidsteknikkar. Både eg og mine kollega opplevde at undervisninga på skulen opplevde vart meir variert og interessant. Men samtidig opplevde vi at inndelinga i programfag førte til at vi arbeidde med kompetansemål i kvar våre fag. Det å legge meir til rette for tverrfaglege praksisnære oppgåver er nødvendig for at opplæringa skal ivareta ei utvikling av byrjande heilskapleg yrkeskunnskap. Læreplanen si inndeling i tre programfag gjer dette arbeidet vanskelegare. Vi opplevde også at elevane vart meir trygge og engasjerte i elevaktive leringssituasjonar. Rollespel vart meir levande for no kunne elvane setje det inn i ein praktisk kvardag, verkstadarbeid ved gjennomgang av prosedyrar og øving i praktiske situasjonar synes elevane også vart meir interessant. Gjennom erfaringane frå arbeidspraksis hadde dei sett nytten av å tilegne seg gode rutinar. Kunnskapen elevane hadde tilegna seg var ikkje berre påstandskunnskap, dei hadde fått erfaring og prøvd ut sine praktiske ferdigheter .

Arbeidspraksis gav elevane eit innblikk i arbeidsoppgåver og dei fekk utvikle praksiskunnskap og fortrulegheitskunnskap. Det var spennande å følgje elevane i deira veksling mellom det dei lærte av teori og korleis dei omsette det i praktisk overføring.

I løpet av utplasseringa besøkte eg alle elevane. *God utplassering krever grundig planlegging og oppfølging og et nært samarbeid mellom skole og arbeidsplassen* (Hiim & Hippe, 2001, p. 178). Tilbakemeldingane frå på praksisplassane var gode, elevane var flinke og dei fekk etter kvart prøve ulike arbeidsoppgåver. Det er viktig å ha ei nær kontakt og godt samarbeid med praksisfeltet.

I oppsummeringa av bolken gav elevane utsyn for at dei hadde hatt godt læringsutbytte av praksis og ønska ein ny periode i neste bok. Det byrja å nærme seg søknad til neste skuleår og elevane ville prøve ut praksis meir før dei endeleg bestemte seg.

6.5 *Bok 4: Vake 3-12 Ny arbeidspraksis og nye mulegheiter*

Etter oppsummering av førre bok gav alle elevane utsyn for at dei ønskte ein ny arbeidspraksis i denne perioden. Utpllasseringa hadde vore lærerik og det gav meirsmak. På dette tidspunkt nærma det seg at elevane skulle søkje om skuleplass for neste år. Difor var mange elevar interessert i å få meir arbeidserfaring frå yrker dei kunne tenke seg å velje. Den erfaringa dei fekk no ville vere til hjelp i val av Vg2 programområde for neste skuleår.

6.5.1

6.5.2 *Arbeidspraksis med loggskriving*

Førebu til arbeidspraksis var som sist. Dei skulle velje ut to eller tre kompetanse mål frå det aktuelle utdanningsprogrammet på Vg3, med utgangspunkt i ein eller fleire av nøkkelkvalifikasjonane. Elevane fekk velje kva arbeidspraksis dei ønska, om dei ville prøve ut nye yrker og arbeidsplassar, eller innan same som sist. Tre av elevane valde arbeidspraksis same arbeidsplass, medan dei andre valde å prøve ut nye arbeidsplassar. Nokre av elevane valde praksis innanfor same læreplan i Vg3, men med andre brukargrupper. Lengd på praksisperioden var den same som for første utpllassering, seks dagar over to veker.

Også i denne arbeidspraksisen skulle elevane skrive logg dagleg og etter avslutta arbeidspraksis skulle dette materialet oppsummerast i ei refleksjonsoppgåve. Av dei fjorten elevane var det fire som valde barnehage. Tre av elevane ønska å få erfaring frå arbeid med eldre på omsorgssenteret. To elevar ville prøve ut arbeidspraksis i barneskulen og ein elev fekk prøve korleis arbeidsdagen til ein fotterapeut er. Dessverre lukkast det heller ikkje denne gongen å få praksisplass til den eleven som ønska hudpleie. Fire elevar ville arbeide innan omsorg for funksjonshemma og fekk plass på eit arbeidssenter for funksjonshemma i tillegg til å delta i heimebaserte tenester for denne gruppa.

Dei tre elevane som valde same praksis som førre gang fekk bekrefta at dette var rett veg å gå for dei. Dei andre som prøvde ut nye arbeidsplassar, var erfaringane delte. To av elevane fann ut at deira val i denne perioden var feil. Ein elev som skulle vere utplassert på skulen opplevde arbeidspraksis som vanskeleg og valde å avbryte utpllasseringa

Ein av dei fortalte følgjande om sine opplevingar: Arbeidsoppgåvene eg fikk var ulike frå kven som var på jobb men det gjekk for det meste i det same heile tida. Det eg likte best var å være sosiale med dei. Være med på bingo, andakt, turar og snakke med dei. Men det å hjelpe dei på toalett og til sengs og andre små ting var ikkje noko gale det heller, men eg følte at eg kunne gjere noko gale sidan eg ikkje er kjent og heller ikkje visste kva dei var vande med.

Kvar dag følgde eg 1 eller fleire brukarar på toalettet og så i seng. Nokre gongar måtte eg bytte bleie og andre gongar til og med undertøyet og buksa. Brukarane var svært samarbeidsvillige og sa i frå om alt ikkje var slik som det skulle, om bleia låg ekkelt eller om dei låg ekkelt i senga noko eg syns var til god hjelp sidan eg var litt usikker. Eg var og med på å vaske ned to rom til to nye brukarar som skulle komme i løpet av tida eg var der. Eg fikk lære korleis ein skal legge på ei sjukeseng og hjalp til med og legge på plass kleda til brukarane. Om morgonen var eg som regel med på å lage frukost og dekke på og av. Ein av dagane las eg dikt for dei av Jakob Sande noko eg trur dei likte svært godt. Noko dei aller fleste av dei likte var at eg snakka med dei, dei spor om alt mulig rart og eg svarte så godt eg kunne. Det virka som ein kjekk arbeidsplass med kjekke kollegar og brukara. Men eg trur ikkje dette er vegen eg kjem til å gå, det blir litt for kjedelig trur eg. Når der heile tida er faste rutinar om kva som skal skjer og kva ein skal gjere. Og eg er meir interessert i å jobbe med barn og ungdom enn med gamle og sjuke. Ho samanlikna denne arbeidspraksisen med sin førre utplassering og ho gjorde seg viktige erfaringar. Den tok ho med seg vidare i val av utdanningsveg.

Ein annan elev sat att med eit mykje erfaring frå utplasseringa og fekk fram kva ho hadde lært i praksis. Ho hadde som mange av dei andre elevane oppdaga fleire mulege utdanningsvegar. I den andre praksisperioden har eg hatt det utrulig morosamt på skulen. Det er noko heilt anna enn det å vere i barnehagen, ungane er meir modne og meir sjølvstendige. Dei kan hjelpe seg sjølve enda meir enn barnehagebarn gjer. Arbeidsoppgåvene mine på T. skule var :

Eg hjelpte ungane med leksene sin på SFO. Dei oppgåvene dei ikkje fekk til hjelpte eg dei med å finne det riktige svaret. Eg passa på at ungane ikkje sprang ut i veien da vi gjekk tur til sandbakk.

Eg passa også på at ungane ikkje gjekk ut på isen ute med Sandbakk. Då det vart forandring på timeplanen da H. vart sjuk skulle R.- M. ta over timen. Ho fekk elevane til å rekne på nokre rekneark, mens eg skulle fortsette med noko som ho hadde gjort førre time som ho ikkje hadde blitt ferdig med. Eg sat meg bakerst i klasserommet og hadde nokre ord som hadde dei bokstavane dei har lært. Dei elevane som kom bak til meg skulle sjå kor mange ord

dei klarte å lese heilt aleine. Det var 4 elevar som ikkje hadde fått gjort dette førre time. Eg observerte i timane, og eg såg korleis R.- M. snakka med elevane og korleis ho handterte elevane når dei var urolige. Eg passa på at alle ungane kom opp til spjelkebu når vi var på skitur for eg var den som gjekk bakerst. Eg leika med ungane, og i friminutta spelte eg fotball med nokre guitar.

Eg laga fart til nokre jenter på huskene. Det var kjekt å vere med ungane ute når dei var ute å leika ilag. Eg dekka av bordet på SFO.

Ein elev skildrar både korleis ivareta korleis ivareta ei

I teorien lærte eg at det er viktig at ein jobbar forsvarleg med brukarane samtidig som ein passar på si eiga arbeidsstilling. Feil bruk av kroppen kan gjere at ein får belastningslidingar og slitasje på musklar og ulike ledd. Eg hjelpte og ein brukar saman med ei anna og flytta seg, er ikkje det berre å ta i ein person og flytte han/ho som noko anna. Ein må tenke litt over korleis ein sjølve og tenke litt på korleis dei ville ha flytta seg dersom dei hadde gjort litt sjølv. Det er viktig at brukarane får vere med når dei skal flytte på seg. Dei eg jobbar saman med fortalte meg litt om kva som er viktig når ein skal flytte ein anna person. Ein må stå nært inntil dei ein skal flytte og stå litt frå kvarandre med beina. Det er viktig at ein ikkje brukar så mykje ryggen. Eg brukte ikkje noko spesielt utstyr til det eg gjorde, men tykte eg hadde god nytte av ergonomien vi har lært i teorien i praksis.

Nøkkelsamfunnsvitenskapar:

I etterkant av arbeidspraksis skulle elevane tenke over praksis og skrive ei refleksjonsoppgåve og som ved førre arbeidspraksis gjennomførte eg rettleiingssamtaler underveis. . Elevane som hadde vald same praksis som sist fekk bekrefta at dette var det dei ønska å utdanne seg innan.

Eg har teke med ein kommentar som ein av elevane gav uttrykk for: Mykje av arbeidet på slike plassar som omsorgssenteret består av mykje samarbeid. (Tverrfagleg samarbeid). Det er viktig å samarbeide mot eit felles mål for å yte best resultat og for å få best mogeleg flyt i arbeidet ein gjer. Det som må til i eit samarbeid er ; kommunikasjon, vere ei hjelpende hand, tilrettelegge for andre og gjere arbeidsoppgåvane man får utdelt, slik at resultatet blir det man forventa. Det å vise omsorg er også veldig viktig, og du utfører best omsorg dersom du kommuniserer og lyttar til kva pasienten vil. I dette utdraget tolkar eg eleven sitt utsagn som ein vidare forståing av nokre av kvalifikasjonane. Ho uttrykker her at dei utgjer ein heilskap, og ser dei i eit vidare perspektiv.

Refleksjonsoppgåve /rettleiingssamtale:

Alle elevane såg på denne arbeidspraksisen som lærerik. Dei hadde valt sjølve kvar dei ville vere og fått prøvd nye spennande oppgåver. Ein av elevane skriv som oppsummering på å sjå teori og praksis heng saman og sin arbeidspraksis på følgjande måte:

Eg synes det har vore veldig bra at vi har lært ein del på skulen før vi for ut i praksis, for da var vi litt meir sikker på kva alt gjekk ut på. Men man lærer det mykje betre når man har fått prøvd det ut elles ikkje, viss man ikkje prøver ut litt av det så kan det bli mykje vanskelegare å lære det.

Ein annan elev oppsummerar på følgjande måte: Så alt i alt har teorien mykje å seie for praksisen, tykkje eg. Og eg er glad for at vi har fått lære så mykje som vi har gjort. Både på skulen og på praksisplassen. Teori er alltid nyttig å ha med seg vidare.

Elevane fortalte om korleis dei opplevde å lære av dyktige fagfolk i praksisfellesskapet. Dei observerte og prøvde ut etter kvart som dei fekk meir erfaring. Som ein elev uttrykte det: *Eg gjorde dei same oppgåvene som ein helsefagarbeidar. Men eg brukte også mykje av tida mi på å sjå korleis dei gjorde dei forskjellige tinga, og eg gjorde det som dei gjorde etter at eg hadde sett litt på.*

6.5.3 Refleksjon etter andre arbeidspraksis:

Arbeidspraksis:

Eg opplevde at elevane også ved denne utplasseringa var engasjerte og ivrige. Berre ein av elevane fekk ikkje oppfylt sitt praksisønske. Vi diskuterte om det var muleg å få til eit alternativt opplegg for henne. Men ho valde utplassering der ho hadde vore i den første arbeidspraksis. Ved å ikkje få prøve ut sine ønske og interesser, vil motivasjon og engasjement bli svekka. Men vi klarte ikkje finne noko god løysing på det.

Dei to elevane som opplevde at arbeidet i denne praksisperioden ikkje var aktuelt for dei, gjorde seg viktige erfaringar. No var dei tryggare på val vidare i yrkesutdanninga.

Erfaringane med ulike arbeidsområde kan forhindre at elevane gjer feilval og seinare vil avbryte utdanninga si.

Elvane gav uttrykk for at yrkesutøvarane var viktige lærermestrar og dei var gode rollemodellar for dei. I arbeidspraksis er det sentralt å lære og sjå av yrkesutøvarane som er profesjonelle, det som kallast meisterlære. Når elevane som noviser får følgje dyktige yrkesutøvarar tileignar dei seg både påstandskunnskap og taus kunnskap, som både er fortrulegheits- ferdigheits- og praktisk kunnskap. I denne arbeidspraksis uttrykte elevane ein

forståing for kor viktig denne måten å lære på var. Eit døme er eleven som fortalte om korleis ho observerte ein lærar sin væremåte overfor elevane i klasserommet.

Arbeidspraksis var både ein viktig læringsarena og avveksling frå skulekvardagen. Ved å veksle mellom teoretisk gjennomgang av lærestoff og praktisk utøving, fekk elevane høve til å sjå dei i lys av kvarandre. I programfaga brukte elevane ein del av tida til å førebu neste arbeidspraksis og vi arbeidde vidare med nøkkelkvalifikasjonar. Elevane ville øve på praktiske arbeidsoppgåver for å utvikle sine ferdigheiter. Praksis er ein relasjon mellom ein ytre røyndom og vår tenking om den. *Praksis er vår tenking om – og vår handling i denne røyndomen* (Lauvås & Handal, 2000, p. 107) .

I loggane kom det fram at elevane såg samanhengen mellom den teori dei lærer og den praktiske erfaringa dei får i løpet av arbeidspraksis. Det er viktig at dei reflekterer rundt dei praktiske og teoretiske aspekta ved yrkeskunnskapen og dei oppfattar dei som ein uløyseleg heilskap(Hiim & Hippe, 2001).

Elevane hadde no gjennomført to utplasseringsperiodar og det hadde vore gode erfaringar for dei å ta med seg. Deira tankar og refleksjonar gjenspegla ein byrjande utvikling av heilskapleg yrkeskunnskap. Dei såg nytten av å ha både teoretisk kunnskap og praktisk erfaring i ei yrkesutøving. I denne arbeidspraksisperioden skrev elevane meir utførleg om kva dei la i kompetansemål på Vg3. I desse måla er handlingsaspektet mykje meir framtredande enn dei tilsvarande kompetansemåla i læreplanen på Vg1. Dette drøfta eg i kapittel 4 om styringsdokument. Elevane gjorde meir greie for kva dei gjorde og forklarte kvifor dei gjorde det. Dei trekte i større grad inn både handlings-, forståings- og kjensleaspektet i sine refleksjonsoppgåver etter andre arbeidspraksis.

Arbeidsmåtar :

Etter kvar arbeidspraksis endra elevane gradvis holdning. Dei forstod betre samanhengen mellom teori og praksis, og grunngjeving for kvifor prosedyrane var viktige å ivareta i dei ulike yrka . Elevane ønska å trenе meir på praktiske arbeidsoppgåver for å bli enda meir profesjonelle og trygge på framgangsmåtar. Ein av mine kollegaer oppsummerte i denne bolken dei positive erfaringar med at elevane var ute i arbeidspraksis. Ho opplevde at undervisninga vart meir levande og elevane hadde mange gode bidrag for å eksemplifisere i gjennomgang av tema. Elevane var tryggare i å lage og vise rollespel, fordi dei hadde gjort

mange praktiske erfaringar med brukarar og yrkesutøvarar. Tidlegare var elevane meir tilbakehaldne i rollespel. Dei hadde vanskar med å leve seg inn i aktuelle situasjonar. *No har dei mange erfaringar frå arbeidspraksis, som dei brukar som eksempel og dei er mykje tryggare i å spele rollar framfor resten av klassa.* Den andre faglæraren opplevde at elevane var meir positive i gjennomgang av ulike prosedyrar. Ho hadde i forkant av praksisperiodane gått gjennom viktige prosedyrar, m.a. personleg hygiene og stell av brukarar. Før første arbeidspraksis var elevane som ho sa; *litt umotiverte og uinteresserte i å lære prosedyrar.* Ho meinte at dei ikkje såg den direkte nytten av denne opplæringa.

Retteleiings/refleksjonssamtale

Som tidlegare nemnt er det å reflektere over det ein utfører av handlingar og setje det inn i oversiktlege rammer. Det er både refleksjon i handling ved å skrive logg og refleksjon over handling, ved å oppsummere sine erfaringar i ei refleksjonsoppgåve. Den ville så danne grunnlag for ein ny retteleiingssamtale. I retteleiing/utviklingssamtalen tok vi opp korleis elevane opplevde samanheng med det dei lærte på skulen og det dei lærte i praksis. Eg undra meg på om var opplæringa på skulen nok yrkesretta? Ut i frå praksistrekanten er det viktig at både teori/ kunnskap, handling og det filosofiske, meta-teoretiske utgjer ein heilskap. Elevane gav gode tilbakemeldingar.. *Kunnskapen sin tause dimensjon kjem til syn i det vi gjer, i døme på meiningsfull omgang med tinga og bruk av omgrep og reglar* (Hiim & Hippe, 2001, p. 78).

Læring som skjer ved deltaking ved deltakelse i forskjellige situasjoner i hverdagslivet snarere enn bare lærer- elevrelasjon. Læring er knyttet til utviklingen av personlige forutsetninger for å delta i forskjellige, bestemte handlekontekster i den samfunnsmessige praksis (Nielsen, 1999, p. 242).

Vi drøfta korleis neste bolk skulle planleggast og enkelte elevar var usikre på om dei ville ha ein ny arbeidspraksis. Dei hadde bestemt seg for kva Vg2 program dei ville velje. Elevane foreslo å besøke institusjonar som ikkje fantes i nærmiljøet. Andre ville ha meir praksis og ønska ein ny utplassering. Vi bestemte saman at i denne bolken vart det ein kortare periode med utplassering og så skulle vi planlegge ein studietur til Oslo for å besøke Rikshospitalet og A-hus.

6.6 Bolk 5 Veke 12-18: Å få vere nyfiken og prøve ut draumar

På bakgrunn av erfaringar og oppsummeringar frå førre periode, hadde vi i denne bolken fokus på ein kortare arbeidspraksis. Vi var einige om å redusere den siste arbeidspraksisen til tre dagar. Elevane ønska ein studietur til Oslo for å besøke A-hus og Rikshospitalet. Dei hadde søkt skuleplass for komande skuleår, og var ikkje så fokuserte på å få prøve ut praksis med tanke på vidare skulegang.

En av dei fjorten elevane valde å slutte i denne perioden. Ho synes opplæringa hadde vore gjevande, men ut i frå erfaringane frå arbeidspraksis opplevde ho at dette kanskje ikkje var rett veg likevel. Difor vart løysinga å avslutte skuleåret føre tida og ho fekk hospitere innan eit anna aktuelt programområde resten av året.

Som i dei førre utplasseringane fekk elevane velje sjølve kvar dei ville vere i praksis. Det var mange spennande val, ei valde arbeidspraksis med ein frisør som også dreiv med litt hudpleie, tre andre elevar ønska arbeidspraksis på fysikalske institutt. Tre elevar ville prøve eit nytt arbeidsområde og dei resterande sju elevane ville ha utplassering der dei hadde vore før.

6.6.1

6.6.2 Avsluttande arbeidspraksis med føring av logg og refleksjonsoppgåve og rettleiingssamtale

Vi vart einige om at dei denne gongen skulle elevane skrive søknad med CV til arbeidsplassen, og dei som ønska det skulle sjølve ta kontakt med arbeidsplassen dei ville ha praksis. Mange av elevane synes dette var veldig lærerikt, og dei ville bruke søknaden når dei skulle söke sommarjobb. Det dei synes var vanskelegast var å fortelje om sine positive sider, men ved å knyte sjå på tilbakemeldingane dei hadde fått frå arbeidspraksisperiodane vart det enklare. Dei skulle også fylle ut CV og mange synes det var flott å kunne vise til alle erfaringane dei hadde fått i utplasseringane.

Som før skulle dei førebu seg til arbeidspraksis ved å finne aktuelle Vg3 mål knytt til nøkkelkvalifikasjonar som dei skulle fordjupe seg spesielt i.

Dei tre dagane elevane var utplasserte skreiv dei logg om sine erfaringar. Ein elev skreiv følgjande: I friminuttet sveiva eg tau slik at dei som ville kunne hoppe. Når vi kom inn igjen åt elevane nista si, det var prøve ordning på skulen at det er mange som er svoltne tidleg på dagen og dei åt derfor maten sin då. Eg og åt maten min saman med dei slik at eg kunne leike

spark på boks saman med dei ut i friminuttet. Det var veldig populært at eg var er saman med dei. Det vart litt kangling og eg måtte prøve å løyse konfliktane. Når vi kom inn igjen snakka vi om det å vere uvenner, deretter gjekk vi tur ut i skogen får å sjå om det var kome bær på blåbærlyngen.

Å løyse konflikter må ein vere litt streng, samtidig som ein snakkar rolig med dei og prøve å ordne det. Det er viktig å gjere dette på ein rettferdig måte. For eksempel dersom elevane leikar spark på boks og det blir krangling om kven som skal telle og vere den som står. Ein må då seie kven som skal få stå, ein som ikkje har stått før kanskje?

Ho fortel på ein enkel måte korleis ho taklar arbeidsoppgåver ho er sett til og får fram at er bevisst sin rolle som yrkesutøvar.

Ein elev som valde same arbeidspraksis som sist gjorde seg nye erfaringar:

Eg fekk repeterere mykje av det eg såg sist gang eg var det og noko nytt, blant anna så var eg med på dusjing. Det var veldig spennande. Ho eg var ilag med den dagen byrja med å vekke ho og spør om småting som om brukaren hadde sove godt osv. Når vi omsider fekk brukaren inn i dusjen etter ei stund gjekk dusjinga ganske fort.

Eleven fortel her om si læring i korleis nærme seg ein pasient på ein god måte.

6.6.3 Oppsummering av elevane sine tankar om nøkkelkvalifikasjonar

På slutten av denne bolken ønska eg ei oppsummering av tankar og refleksjonar elevane gjorde seg om nøkkelkvalifikasjonane vi hadde fokusert på. Som elles i skuleåret var elevane aktivt deltagande i val av arbeidsmåte. Dei ønska å bruke den pedagogiske sol som læringsmetode. Elevane delte seg i mindre grupper og kvar gruppe sette ned nokre stikkord på kva dei la i dei ulike nøkkelkvalifikasjonane. Deretter samla alle seg i klassa og vi gikk gjennom kva gruppene hadde kome fram til. Resultatet vart visualisert ved å teikne ei sol på tavla. Kvar gruppe gikk fram og skreiv opp stikkorda i tur og orden. Elvane var engasjerte og til slutt hadde sola fått mange strålar. Deretter gikk vi gjennom kommentarane frå gruppene og elevane kom med utfyllande kommentarar. Mange hadde gode døme frå arbeidspraksis, men også døme frå skulekvardagen og personlege refleksjonar som dei delte med sine medelevar og meg. Elevane melde tilbake at gjennomgangen hadde vore lærerik. Dei synes det var kjekt å dele sine erfaringar med andre. Eg er overbevist om at dei gode, konkrete døma som elevane formidla om nøkkelkvalifikasjonane var meir lærerikt og gav betre forståing for dei, enn ei teoretiske utgreiing ville gjort. Eg tok bilde av dei pedagogiske solene og har vald å ta dei med i oppgåva som eit døme på ei god arbeidsøkt i prosjektet.

Følgjande stikkord sette elevane opp om kva dei la i samarbeidskompetanse:



Som ein ser har elevane fått fram mange konkrete stikkord som; Det å hjelpe kvarandre, ta ansvar, snakke i lag, gjere det beste ut av situasjonen, tillit, fordele arbeidsoppgåver på ein god måte. Dette er erfaringar som skriv seg både frå arbeidspraksis og erfaringar elles. Som sagt vart stikkorda utdjupa og diskuterte, og elevane fekk fortelje kva dei la i dei. Eg har vald å ta med nokre kommentar som eg meiner utfyller litt kva elevane la i denne kompetansen. Mange hadde arbeidd med ulike yrkesgrupper og sett kor viktig det var at ulike fagprofesjonar samarbeidde. Eg har vald å ta med ein kommentar om dette:

Tverrfagleg samarbeid har vi lært om på skulen, men du skjønna det ikkje heilt med ein gong, eg skjønte det mest når eg hadde vore ut i praksis og sett på korleis det eigentleg fungera.

Tverrfagleg samarbeid er veldig viktig slik at pasienten/brukaren får den hjelpa den treng og at arbeidarane på den staden klare å hjelpe denne brukaren, der kan dei og bruke tverrfagleg samarbeid, til å hjelpe kvarandre.

Eleven hadde fått innsikt i kor viktig samarbeid var for å utføre arbeidet sitt på ein god måte.

Ein annan trekte fram si erfaring frå arbeidspraksis på denne måte:

Det er viktig med god kommunikasjon seg i mellom slik at det blir eit godt samarbeid. I arbeid saman med eldre og psykisk utviklingshemma er det viktig å samarbeide med dei ein jobbar saman med, men det er like viktig å samarbeide med pasienten og pårørande.

Ein elev forklarte kva ho la i samarbeid ved å trekke fram erfaringa ho hadde gjort seg i arbeidspraksis:

Dersom ein lærer driv ein time med å få ein elev til å konsentrere seg, då er det viktig at en følgjer opp slik at den eleven blir følgd opp og kan etter kvart lære seg å konsentrere seg ut i frå seine føresetnadar. Dersom ein lærar seier at alle elevane treng å ha på seg inne sko, så

kjem neste lærar å seier at det ikkje er nødvendig med inne sko hjelper det jo ikkje. Det blir ikkje følgd opp. Det er viktig at dersom ein ønskjer å få ei endring på noko at ein set inn tiltak. At ein gjev beskjed til alle lærarane, slik at det blir følgd opp.

Alle desse døma viste refleksjonar rundt det å samarbeide. Elevane fekk dele sine opplevingar med kvarandre og dei ulike erfaringane dei hadde gjort seg i praksis.

Dette bildet viser kva elevane la i kvalifikasjonen evne til empati og omsorg.



Elevane hadde mange konkrete forslag til kva dei la i dette omgrepet. Også her synes eg dei var tydelege og trekte fram t.d. det å vere høfleg, bry seg om andre, respektere, vere hjelsam, setje seg inn i andre sin situasjon og lytte til andre.

Vi stoppa opp og elevane konkretiserte desse stikkorda som var komne fram med utfyllande tankar og refleksjonar. Dette gjorde dei ved å trekke fram døme frå praksis. Nokre av kommentarane som kom fram var: *Empati og omsorg er å vise evne med å sette seg inn i barnet sin situasjon, lytte, vise omsorg og trøste dei. Det er også viktig at vi vaksne går føre som gode rollemodellar. Vi må være veldig til stade for barna og ha tid til kvart enkelt barn.* *Det er viktig å kommunisere/ sjå kvart enkelt barn.* Ein annan hadde følgjande kommentar: *Ein verdi for meg er å gjere andre glad og fornøgde, både å gjere vener glade, familie og andre, også i praksis opplevde eg at det å gjere nokon glade og spreie glede er ein verdi i seg sjølv.* Ein elev uttrykte seg slik: *Noko av det som er naturleg for meg er å vise omsorg, vise medmenneskelegheit, kjærleik, empati, samarbeide med kollegaene mine og dei eg jobbar for. Omsorg og empati er viktig å vise for andre, slik at dei kan føle seg trygge, og at dei har nokon å henvende seg til dersom dei føle seg einsame, mobba eller diskriminert.*

Slik oppsummerte elevane sine tankar om nøkkelkvalifikasjonen kommunikasjonsevne:



Som ein ser har elevane sett opp mange stikkord som mellom anna å uttrykke seg konkret, snakke tydleg, tilpasse språket, lytte, kroppsspråk og akseptere ulike meininger

Elevane utdjupa dette med kommentarar:

Eg tykkjer kommunikasjonen er utrulin viktig i verdilærting. Det er jo nettopp det at vi skal jobbe med folk, og da burde ein vere flinke til å kommunisere i arbeidslivet, familien og venner og at det er viktig å bruke sinnet og kroppen til at ein ser at ein vil kome fram her i livet.

Eg har lært mykje om korleis ein skal kommunisere med menneske. Både synshemma, hørselshemma, eldre, ungar og funksjonshemma på skulen. Det har vore veldig lærerikt og godt å ha med seg i praksis.

Det er lurt at man kommuniserer med barna og at dei blir så trygge at dei kan stole på deg og spør om ting. Og at det er viktig og lytte og tilpasse kommunikasjonen med den du snakkar med.

I oppsummeringa av kva elevane tenkte rundt etisk bevisstheit hadde dei disse stikkorda:



Gruppene skreiv opp forhold som teieplikt, yrkesetikk og det å skilje mellom rett og gale. Også det å beskytte pasienten la dei vekt på.

I diskusjonen hadde elevane meir utfyllande kommentarar:

Eg har lært ein del meir om etisk bevisstheit. Der var det ting eg ikkje viste frå før, men lært no. Både på skulen og i praksis. Eg synest at det er veldig viktig med teieplikt og personvern! Det er ikkje noko kjekt å bli hengt ut, og at andre folk får høyre ting om deg som du ikkje er klar over at dei veit. Etisk bevisstheit er noko som eg kjem til å trenge i mine seinare dagar, og det er veldig mykje nyttig der som eg har lært meg!

Teieplikt, dette har vi skreve under på, det går på at eg ikkje har lov til å fortelje ting eg får høyre i yrke, eg har ikkje lov å sei for eksempel dei som går i barnehagen, eller kva problem dei har med familie og i heimen. Eg sjølv meiner dette er eit kjempe viktig regel, for at både foreldre og brukarar/pasientar/barn skal kunne stole på meg som ein tilsett. Det er også viktig at arbeidsgjевaren, at eg ikkje fortel det vidare, fordi da veit dei at dei kan stole på meg og for at viss eg bryt den so kan dette føre til at eg blir oppsagt.

Det er ikkje noko kjekt å gå til for eksempel helsesøster med eit personlig problem og når du kjem på skulen dagen etterpå veit alle om problemet ditt.

Til slutt oppsummerte vi kva dei la i nøkkelkvalifikasjonen sjølvrefleksjon og sjølvinnssikt



Momenta dei hadde trekt inn var mellom anna det å lære seg sjølv å kjenne, tenke gjennom korleis ein er på jobb, lytte til seg sjølv og kva kan ein gjere betre.

Enkelte elevar utdjupa dette med kommentarar som: Det er å kjenne deg sjølv fullt ut og seie i frå dersom det er noko du veit du ikkje taklar, og setje grenser for deg sjølv

Eg føler no at eg har meir kompetanse til ulike ting. Eg er sjølvsagt ikkje utlærd. Der har eg framleis ein lang veg å gå! Men eg føler at eg veit meir om ulike ting, og veit korleis eg kan handtere ulike ting på ein god måte.

6.6.4 Refleksjon over siste arbeidspraksis:

I denne bolken var elevane ute ein kortare periode i arbeidspraksis. I tillegg reiste vi på studietur og fekk besøke to store institusjonar. Der fekk elevane innsyn i arbeidsområde med høg grad av spesialisering og innsyn i yrker med mange spennande utfordringar. Vi opplevde at det å ha god tid til refleksjon som svært positivt. Elevane fekk dele sine erfaringar og fortelje om opplevelingar som hadde gjort inntrykk. Ved å reflektere over kva dei hadde lært, sette dei erfaringane inn i eit metaperspektiv, der dei ser ut over dei enkelte erfaringane og oppsummerar sine tankar .

Vi erfarte at gjennomgangen av nøkkelkvalifikasjonane gav ei ny og bedre forståing av yrkesutøvinga. Det vart illustrert ut i få dei mange døme som elevane trekte fram. Eg meiner det bør leggast enda meir vekt på denne form for elevaktive prosessar. Då kan dei formidle lærings- og kunnskapsutvikling ut i frå all erfaring dei har frå praksis. Dette kan dei

samanfatte med den kunnskap dei har om emnet. Læringa tek plass i eit meir normativt, overordna perspektiv, slik som Lauvås illustrerer det i praksistrekanten. I gjennomgangen av kvalifikasjonane trekte elevane fram konkrete døme og fekk bruke sine erfaringar frå praksis. Det å trekke læring frå praksis inn i skulen er sentralt i yrkesutdanninga. Eg minner om kva eg legg i definisjonen på heilskapleg yrkeskunnskap: *Praktiske og teoretiske aspekt ved yrkeskunnskapen blir oppfattet som en uløseleg helhet, noe som innebærer at lærings, kunnskapsutvikling og forskning må ta utgangspunkt i praktisk yrkesutøvelse* (Hiim & Hippe, 2001). Mange hadde gode døme frå arbeidspraksis, men også døme frå skulekvardagen og personlege refleksjonar. Som tidlegare nemnt er det viktig i større grad å reflektere over dei erfaringane elevane har frå arbeidspraksis og utnytte dei i opplæringa på skulen. Det å legge til rette for opplæring slik som gjennomgang av nøkkelkvalifikasjonane, meiner eg er eit steg mot eit utvida kunnskapssyn. Det kan sjåast som *en prosess som stadig utvikler seg i et spenningsforhold mellom praktiske utfordringer, refleksjoner over gjennomføring og utvidelse av forståelsen* (Hiim & Hippe, 2001) Elevane hadde i praksis møtt situasjonar der dei vart bevisst kvalifikasjonane. Deretter reflekterte dei både saman med medelevar og lærarar sine erfaringar og tankar. På denne måten får elevane høve til å sjå heilskapen og at teori og praksis utgjer eit heile. Eg opplevde at dei gode, konkrete døma som elevane formidla om nøkkelkvalifikasjonane var lærerikt og gav ei god forståing for dei og for sentrale forhold i yrkeskunnskapen.

Vi erfarte også at vegval vidare og søknad om skuleplass til neste år er ei viktig motivasjonskjelde for utpassering. Det er viktig å prioritere praksis i god tid før søknad til neste skuleår, spesielt med tanke på dei som er i villreie og treng rettleiing i form av praksiserfaring.

Etter at dei hadde vald dette, var ikkje fokuset på å få nye praksiserfaringar så sterkt. Difor er det viktig å kome i gang med arbeidspraksis tidleg i skuleåret, for at elevane skal oppleve det meir relevant og formålsteneleg. *Godt tilrettelagt yrkespraksis som starter på et tidlig tidspunkt, foregår relativt hyppig og har et betydelig omfang, kan anses for å være vesentlig i skolebasert yrkes- og profesjonsutdanning* (Hiim & Hippe, 2001, p. 192).

Vi avslutta med ei oppsummering der vi vart einige om at siste bolken skulle ha fokus på oppsummering og sjå tilbake på elevane si utvikling i løpet av året.

6.7 Bolk 6: Veke 19-25 Oppsummering av skuleåret og lukke til på vegen

6.7.1

Skuleåret nærma seg slutten og det var tid for avsluttande refleksjonar og oppsummering av prosjektet. Elevane arbeidde i denne perioden med si eiga læreplan i prosjekt til fordjuping. Den vart lagt ved vitnemålet og skulle vise kva kompetanse elevane hadde nådd i utvalde mål i læreplanar i Vg3. Bakgrunnsmaterial for eleven si læreplan var erfaringar dei hadde gjort seg i arbeidspraksis, og praktisk og teoretisk kunnskap elevane hadde tilegna seg på skulen. Mitt fokus i denne avsluttande bolken var kva erfaringar elevane sat att med om byrjande heilskapleg yrkeskunnskap og om dei såg dei ulike programfaga i ein heilskap. Korleis opplevde dei si eiga utvikling og læring? I denne bolken var det eksamensavvikling i fellesfag og fastsetjing av sluttcharakter i programfaga. Dette prega også arbeidet i bolken.

6.7.2 Eleven si læreplan i PTF og ei avsluttande

utviklings/rettleiingssamtale:

Eg gjennomførte ei oppsummeringssamtale i forbindelse med at elevane skulle utarbeide si eiga læreplan i faget prosjekt til fordjuping. Her var det rom for refleksjonar om kva som hadde skjedd i løpet av skuleåret og kva dei sat att med av inntrykk. Dei skulle tenke over både kva dei hadde erfart i skulekvardagen og i arbeidspraksis. Elevane si mappe hadde fått eit betydeleg omfang i løpet av skuleåret og den var til god hjelp i oppsummeringa. Ein elev gjer seg følgjande tankar om dette skuleåret: *Eg sit igjen med mange forskjellige tankar, mest positive tankar. Eg har lært mykje, og eg har kanskje lært meir om enkelte enn andre ting. Til dømes teieplikt har vore mykje omdiskutert i denne perioden og at det er viktig at vi kan ein del om dette, for det har mykje med vårt jobb tema å gjere. Eg synast det har vore veldig kjekt å drive på med dette, og at vi og mine medelevar har vore så heldige at vi har fått prøve oss ut i praksis, altså ut i det store arbeidslivet, som vi ein dag i seinare tid vil ende opp i. Det har vore veldig lærerikt og eg tykkjer det er bra at vi får både læring og rettleiing. Når ein har vore ute i praksis, har eg lært å bli mykje meir trygg på meg sjølv og det har vore store fordelar å fått sjansen til å møte andre yrkesutøvarar og fått prata og fått rettleiing om ting vi lurer på innan dei forskjellige yrka. Både utdanningsmessig og generelt. Eg synast alt fungerte veldig bra. Eg følte eg kunne vore der å hjelpe til om det var noko, og eg hadde empati. Men eg synast det kanskje av og til kunne vere vanskeleg å kommunisere med dei eldre, og kanskje av og til vanskelig å vite kva ein skulle gjere med kvar enkelt.*

Men alt i alt fungerte dette veldig bra. Det har gjort sånn at eg har fått meir kunnskap og blitt tryggare i arbeidet. Vi har også fått vore med å planlegge og bestemt kva vi vil gjere.

Opplegget har fungert veldig bra. Eg synast også at eg har jobba med læringsmåla.

Ein annan elev konkluderte i si læreplan med følgjande:

Ja kunnskapen og erfaringa har påverka meg til å være meir sikker på kva utdanning eg vil ta og kva eg vil bli. Og eg har no funne ut at barnehage er arbeidsplassen for meg.

Samanhengen mellom det eg har lært i praksis og det eg har lært i arbeidslivet er at ein lærer det same, men det er ein mykje større verdi for meg å bruke det eg har lært i teorien i praksis. Men eg tykkjer det er viktig å føle meg trygg og tek difor med meg lærdomen eg har frå teorien ut i praksis. Det eg gjer i praksis og det eg har lært i prosjekt til fordjuping faget har vore positivt for min del, dei erfaringane eg har hatt er nyttige og ta med seg vidare i livet og i arbeidslivet og livet elles. Ein har fått litt andre syn på ting i arbeidslivet enn det eg har fått i teorien, mykje blir det same, men ein lærer og mykje når eg ute i praksis.

Sjølv om det i løpet av året var fokus på å legge til rette for ei heilskapleg yrkesutdanning og gjennomgang av kompetansemåla i programfaga som ein heilskap,

Mange av elevane oppsummerte med at dei hadde lært mykje i faget prosjekt til fordjuping. Likeeins hadde dei lært om sentrale forhold i dei ulike programfaga.

6.7.3 Oppsummerande intervju på slutten av skuleåret

Som oppsummering av utviklingsprosjektet valde eg å gjennomføre eit ustrukturert djupneintervju med tre elevar for å tilbakemelding på kva erfaringar dei hadde gjort seg. Eg ønska å få svar på korleis dei opplevde fokuset på nøkkelkvalifikasjonar og om dei sat att med ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap. Eg inviterte alle elevane til på vere med på eit intervju og det var tre som sa seg interesserte. Den første eleven eg intervjuia, var eit prøveintervju. Eg ville undersøke om spørsmåla i intervjuguiden var forståelege og relevante for mi problemstilling. Eg ville også prøve ut intervjustituasjonen og få tilbakemelding på min rolle som intervjuar. Eleven fekk kommentere intervjuguiden og elles korleis ho opplevde situasjonen. Intervjuia vart gjennomført i skuletida og eg hadde avtalt i god tid med elevane kva tid dei skulle finne stad. Eg prøvde å skape ei mest muleg avslappa stemning rundt sjølve intervjuet. Eg hadde til rådvelde eit godt skjerma rom på skulen, så ingen fekk forstyrre oss i

samtala. Vi hadde litt mat og drikke og starta intervjuet litt uformelt. Etter kvart gav eg dei nokre stikkord om kva eg var interessert i, men let dei snakke mest muleg fritt.

Eg var interessert i å få vite korleis dei opplevde gjennomføringa av praksis: Det var no veldig greitt eigentleg, fekk litt generelt først, vi fekk litt sånn sett generelt, sånn at vi fekk velje ut kva vi ville prøve, og fekk litt tankar om kva vi ikkje ville velje. Eg fekk iallfall sett innom av det eg var interessert i, det syns eg var heilt ok med tre praksisperiodar, det blir ikkje for mykje praksis

Eg spurde om nøkkelkvalifikasjonar og kva tankar dei hadde om det. Begge såg betydinga av å legge vekt på dei i yrkespraksis. Den eine intervjupersonen forklarte at dette hadde hjelpt henne til å sjå faga som ein heilskap. Ho sa: *Eg ser at alle faga heng i hop. Det med nøkkelkvalifikasjonar ligg i kvart fag, vi har både lært om det i yrke, helse og kommunikasjon.* Den andre eleven beskrev levande kva tankar ho hadde om kvalifikasjonane: *Eg hadde dei bak i hovudet når eg var på praksisplassar, på kvar plass tenkte eg gjennom før eg gjorde noko drastisk eller noko sånn, kva skal eg gjere her , kva bør eg gjere ,kva er rett å gjere her , men eg hadde dei surrande rundt i haudet og når eg ikkje hadde henta dei ooopp.... så ja det har vore bra.*

Eg var interessert i å få vite om deira tankar i høve til framtidig yrke og om dette året hadde vore ei støtte og dei hadde fått ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap.

Ja eg har mykje meir kunnskap enn før eg byrja på denne linja, blitt meir bevisst ,har hatt ein jobb før, men har brukt teieplikt i praksis, brukt det med kommunikasjonsferdigheiter og samarbeid i praksis, blitt meir bevisst på kva eg gjer sjølv, mine eigen tankar , det med sjølvinnssikt. før var eg meir usikker, vi hadde ikkje vore ut i praksis og prøvd og sett og , sett kva eg likte og ikkje likte. Eleven opplever at erfaringane dette året har gitt henne hjelp til å velje utdanningsveg vidare .

Den andre eleven hadde vore bestemt gjennom heile året og arbeid med barn i barnehage.

Men det var før ho gjorde nye erfaringar: *Etter at eg hadde vært på arbeidssenteret, så har eg bestemt meg å hatt det som yrke, viss det ikkje går så bra på barne og ungdom, så kan eg gå vidare på helsefagarbeidar eller noko og så kunne eg ha byrja som helsefagarbeidar og det hadde vore heilt ok for meg, det hadde ikkje vore slik at eg grua meg kvar gong eg skal på jobb, eg hadde faktisk glede meg til å gå på jobb kvar dag og hatt det kjekt , ja.* Ho hadde fått utvida mulegheiter for yrkesval, og sett at det var fleire alternativ å velje for henne.

Den eine eleven trekte også fram arbeidet med loggar og refleksjonsnotat:

Veldig spennande spesielt det med eigenvurdering, kva er verdi for meg, kva er verdi for meg i arbeidslivet, og kva er verdi for meg på fritida, fekk skrive litt om korleis eg følte eg nådde målet, interessant å sjå tilbake på kva eg har lært, kva eg kunne lært meir om.

Ja det var greitt å skrive rapportar utifrå det ein hadde gjort sjølv, i staden for skrive rapportar å berre lære å skrive rapport, synes det var greitt at vi vart samtidig bevisst på kva vi hadde gjort i arbeidslivet, fekk vi liksom skrive det i rapporten.

Begge elevane var nøgde med skuleåret, dei synes dei hadde lært mykje. Men den eine eleven ville gjerne hatt meir praksis, som ho sa: *Ja vi lærer jo det same som det vi prøver ut i praksis, berre at ein har litt anna syn på det, lettare å lære i praksis, men ein lærer det same.*

6.7.4 Refleksjonar på slutten av skuleåret:

Vi opplevde denne bolken som ei god tid for ettertanke og refleksjon. Det var viktig at elevane fekk tid til oppsummering av kva dei hadde lært og at vi som lærarar fekk høve til å ta del i deira tankar. *Refleksjon i en læringsammenheng er en fellesbetegnelse for intellektuelle og følesesmessige aktiviteter som individet engasjerer seg i for å utforske sine erfaringar, slik at de fører til ny forståelse og innsikt* (Bjerknes & Bjørk, 1994, p. 148) I arbeidet med eiga læreplan og avsluttande samtaler var mappa eit godt verktøy for elevane. Der hadde dei samla både oppgåver, notat, refleksjonar og tilbakemeldingar. Mappa gav dei eit godt bilde av deira utvikling i løpet av skuleåret. Å bruke mappe som eit verktøy i opplæringa var til god hjelp både i samtaler med elevane og deira vurdering av eiga læring.

I arbeidet med eleven si læreplan i prosjekt til fordjupning fekk dei oppsummere og trekke fram det dei la vekt mest vekt på, med fokus på arbeidspraksis. Denne læreplanen i tillegg til arbeid med praksisrelaterte oppgåver skal resultere i ein standpunktakarakter. Dette faget skal som dei andre programfaga i helse- og sosialfag ha eigen karakter dersom eleven føl lokal læreplan og nyttar arbeidspraksis. *Elevene skal ha en standpunktakarakter for den delen av prosjekt til fordypning som følger lokal læreplan* (Utdanningsdirektoratet, 2007).

Elevane var tydlege i si vurdering av læringsutbyttet. Dei sat att med gode erfaringar. Deira skildringar av erfaringar i ulike yrker og utgreiing om erfaringar knytt til nøkkelkvalifikasjonar var spennande å sjå. Dei opplevde at dette året hadde hjelpt dei vidare

på vegen mot eit framtidig yrke. *Et utvidet kunnskapsbegrep innebærer at kunnskap like mye kan betraktes i et prosessperspektiv, at det er snakk om en prosess som stadig utvikler seg i et spenningsforhold mellom praktiske utfordringer, refleksjoner over gjennomføring og utvidelse av forståelsen* (Hiim & Hippe, 2001, p. 29). Som døma eg trekte fram, fortel elevane om kor viktig arbeidspraksis er, det å lære av ulike yrkesutøvarar og få prøve ut det dei lærer på skulen i praktiske situasjoner. Elevane skildra på ein god måte betydinga av å bli bevisst nøkkelkvalifikasjonane. Dei såg kor viktig desse verdiane hadde i arbeidet, og korleis bevisstgjering av dei saman med handling og kunnskap, utgjorde ein heilskap. Elevane hadde starta på å utvikle ein praktisk yrkestheori. Som den eine eleven i intervjuet sa, så opplevde ho at kvalifikasjonane var til hjelp for å sjå at dei ulike programfaga utgjorde ein heilskap. Læreplanane både i programfaga og prosjekt til fordjuping er fagretta og deler tema i yrkesopplæringa inn i båsar. Det fører til og vert ei utfordring for å gjere opplæringa tverrfagleg. Dei har fått prøve ut yrke og arbeidsoppgåver dei er interessert i og opplevd at denne erfaringa har bidrege til å bevisstgjere dei om val av vidare veg i utdanningslaupet. *Opplevelsen av hensikt og mening med innhaldet i utdanninga er sjølve grunnlaget for lærelyst og motivasjon, og overordna all verdens pedagogiske metodikkar og motivasjonsteknikkar* (Hiim & Hippe, 2001, p. 192). Dei positive tilbakemeldingane frå elevane om opplæringa styrker dette. Elevane vart motiverte ved å delta i planlegginga av opplæringa, velje kva dei ønska i arbeidspraksis og arbeidsmåtar i gjennomgang av tema.

6.8 Oppsummering av prosjektet:

Som viktige erfaringar i dette prosjektet vil eg trekke fram betydinga av arbeidspraksis. Eg trur det er viktig å organisere utplassering tidleg i skuleåret for å legge til rette for heilskapleg opplæring. Elevane vil gjere seg viktige erfaringar og kunnskap dei tileignar seg, vil hjelpe dei i å knyte teori, påstandskunnskap, opp mot praktisk erfaring. Å arbeide med problembaserte oppgåver der elevane får velje fokus ut i frå interesser, meiner eg vil styrke eleven sin motivasjon for læring. Eg ser også kor viktig det er å arbeide vidare for legge til rette for tverrfagleg opplæring i programfaga. Fokus på nøkkelkvalifikasjonar og tverrfaglege oppgåver vil vere ein veg å gå. Ved å legge til rette for elevaktive arbeidsmåtar får ein trekt betre inn praksiserfaringar i opplæringa. Eg meiner også at tid til refleksjon og at elevane får drøfte sine erfaringar med lærarar og kollegaer er viktige oppgåver å prioritere.

7 Analyse og drøfting av utviklingsprosjektet

I dette kapittelet vil eg oppsummere dei viktigaste erfaringane eg gjorde meg i dette prosjektet.

Mange tankar og refleksjonar har eg gjort meg undervegs dette året, og eg vil trekke fram den kunnskap og dei nye yrkesdidaktiske utfordringar eg opplever er mest aktuelle.

Eg vil drøfte sjølve prosjektet og korleis det var organisert innan ein strategi som aksjonsforsking. Korleis opplevde eg denne strategien i høve til utvikling av byrjande heilskapleg yrkeskunnskap.

Eg vil også drøfte styringsdokumenta sitt syn på kunnskap og om dette er i tråd med dei erfaringar eg gjorde meg i prosjektet

Eg vil minne om forskingsprosjektet si problemstilling:

Korleis legge til rette for utvikling av byrjande heilskapleg yrkeskunnskap på Vg1 helse- og sosialfag?

Underproblemstillingane er:

Korleis kan fokus på nøkkelkvalifikasjonar bidra til at opplæringa på Vg1 helse- og sosialfag legg til rette for utvikling av byrjande yrkeskunnskap?

Korleis kan faget prosjekt til fordjuping vere medverkande til at opplæringa legg til rette for utvikling av byrjande yrkeskunnskap?

7.1 Innleiing:

I prosjektet har mitt mål vore at elevane i større grad skal oppleve at opplæringa i større grad vert knytt til deira framtidige yrkesutøving. Det eg ville finne ut var om arbeidspraksis saman med meir elevaktive arbeidsmåtar i opplæringa var vegen å gå. Eg har også lagt vekt på stimulere elvane til systematisk refleksjon over læringa. I arbeidet med å legge til rette for byrjande heilskapleg yrkeskunnskap har nøkkelkvalifikasjonane vore sentrale.

7.2 Arbeidspraksis som reiskap for å legge til rette for ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap:

I løpet av prosjektperioden var elevane utplassert i tre periodar. I tillegg gjennomførte vi fleire bedriftsbesøk. Dette samarbeidet med arbeidslivet meiner eg er heilt grunnleggande for å kunne yrkesrette opplæringa i helse- og sosialfag. Men for at arbeidspraksisen skulle bli ein god læringsarena, kravde det grundig planlegging og organisering. Det gjaldt både planlegging av praksis, gjennomføring på praksisplassen og etterarbeidet (Hiim & Hippe, 2001). I planlegginga var det viktig at elevane fekk velje kvar dei ville ha sin arbeidspraksis, ut ifrå sine ønske om framtidig yrke. Dei fekk sjølve bestemme om dei ville ha praksis i eit yrke eller om dei ville prøve ut fleire. Elevane skulle som førebuing også velje emne å fordjupe seg i. Vi gikk også gjennom tema knytt til nøkkelkvalifikasjonar, der viktige mellommenneskelege forhold vart teke opp. Det var viktig at elevane var gode representantar og bidrog med å legge til rette for eit godt samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Skal ein ivareta yrkesretta opplæring må ein ha bedrifter som stiller opp. I løpet av praksisperioden var det viktig at lærar hadde eit tett samarbeid både med elevane og bedriftene. I kvar praksisperiode skreiv elevane logg om kva dei lærte og opplevde. Det var viktig at elevane fekk delta i arbeidet og utføre enkle oppgåver, det gav viktig erfaring for dei. Som etterarbeid skreiv dei ei refleksjonsoppgåve der dei oppsummerte sine erfaringar. I løpet av dette arbeidet har vi også gjennomført ei utviklings/retteleiingssamtale. Denne prosessen etterpå meiner eg er svært sentral og eg la mykje vekt på den. Elevane kom tilbake med mange tankar og erfaringar. Desse er det viktig for elevane å byggje vidare på og danne grunnlag for vidare utvikling.

Mine erfaringar frå utplassering er svært positive. Elevane vert meir aktive i skulekvardagen når dei opplever samanheng mellom kunnskapsformidling på skulen praksis. Dei ser nytten av å tilegne seg kunnskap og opplever det er relevant i høve til eit framtidig yrke. Men erfaringa frå prosjektet var at utplasseringa skulle ha vore lagt tidlegare i skulelaupet. Dette bekreftar at:

Godt tilrettelagt yrkespraksis som starter på et tidlig tidspunkt foregår relativt hyppig og har et betydeleg omfang , kan anses som vesentlig i skolebasert yrkes- og profesjonsutdanning (Hiim & Hippe, 2001, p. 192). Både motivasjon til å bli bevisst og utvikle sin yrkeskunnskap og sjå samanheng mellom teori og praksis, er sentralt i ei yrkesopplæring. Dette treng elevane praktisk erfaring for å bli merksam på. Det var i møtet med praksisplassane at elevane såg og erfarte kva som kjenneteikna yrkeskunnskapen. Opplæringa i skulen vart meir innhaldsrik og arbeidsmåtane vart meir varierte etter at elevane hadde tileigna seg praktisk erfaring. Dei tok med seg sine erfaringar og ville prøve ut praktiske arbeidsoppgåver og jobbe med tema som dei kunne trekke inn si praktiske erfaring frå.

I løpet av prosjektet opplevde eg kor viktig det var å legge til rette for eit godt samarbeid med dei ulike praksisplassane. Vi er avhengige av å få positive svar på førespurnad om utplassering. Difor må elevane før utplassering bli bevisst sin rolle og korleis dei kan bidra aktivt i eit praksisfellesskap. Som ein elev skrev: *Eg synest det har vore veldig bra at vi har lært ein del på skulen før vi for ut i praksis, for da var vi litt meir sikker på kva alt gjekk ut på. Men man lærer det mye betre når man har fått prøvd det ut elles ikkje, vist man ikkje prøvar ut litt av det så kan det bli mykje vanskeligare og lære det.* Sentrale forhold som å vere presis, opptre høfleg og samarbeide og kommunisere tydeleg er nokre eksempel på dette. I tillegg er det viktig at skule og arbeidspraksis har gode avtaler og at elevane blir følgd opp av lærar i praksis. For praksisplassane er det viktig å ha informasjon om kva elevane kan utføre av arbeid, og kva deira oppgåve som rettleiarar er. Ein elev oppsummerar erfaringane frå praksis på følgjande måte:

Praksisplassane var veldig imøtekomande. Eg gledde meg til kvar dag og det vart ikkje noko problem på praksisplassane. Eg har blitt vel teken imot av dei tilsette og fått god respons. Det har vore laga til eit godt opplegg for meg når eg ha kome ut på dei ulike praksisplassane og eg hadde aldri ”dødtid”, det var alltid noko eg kunne gjere og eg tykte eg fekk gjere mykje.

Deltakinga i praksisfellesskapet og yrkesutøvarane som rollemodellar er også eit viktig perspektiv for opplæringa. Både meisterlære som representerer rollemodellen og

identifikasjonskjelda i praksis og deltaking i praksisfellesskapet også kalla situert læring er sentralt ved læring i praksis. Elevane har fått opplæring og delteke i praktiske situasjoner, etter kvart har dei fått ansvar for arbeidsoppgåver og blitt del av eit sosialt arbeidsfellesskap. Dei skildrar levande korleis dei opplever å få eit gradvis meir ansvar og bli teken på alvor av sine kollegaer. Enkelte elevar skildrar også meir negative opplevingar der yrkesutøvarar utfører handlingar dei reagerer på. Ein elev kommenterer vaksne sin måte å snakke til barna i ein barnehage, der kommunikasjonen opplevdes som ubehageleg. Som eleven sa: *Det kunne vel vore sagt på ein annan måte.* Dette er også viktig å for dei å reflektere over, og bli bevisst at ikkje alt i praksisfellesskapet treng vere av det gode.

Erfaringane med arbeidspraksis opplevde eg som svært positive. Den kunnskap elevane tileigna seg i kontakt med arbeidslivet hadde betyding både for val av utdanning og framtidig yrke, men også for ei utvikling til ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap. Difor meiner eg det er viktig å legge til rette for arbeidspraksis for nye elevar på Vg1 helse- og sosialfag.

7.3 *Bruk av elevaktive arbeidsmåtar for å legge til rette for ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap:*

I arbeidet med dette prosjektet opplevde eg kor mitt fokus på opplæring endra seg gradvis. Ved å setje meg inn i litteratur og andre sine forskingsprosjekt, fekk eg etter kvart kjennskap til ulike pedagogiske verktøy. Elevane sine erfaringar frå arbeidspraksis var også etter kvart styrande for den didaktiske plattforma. Både elevane, mine kollegaer og eg såg nytten av meir praktisk retta arbeidsformer på skulen. Elevane var delaktige i val av arbeidsmåtar og det var mykje variasjon i det pedagogiske arbeidet. Ved å ta i bruk mange ulike pedagogiske verktøy opplever eg at elevane får utvikla og vist meir deira kompetanse. Elevane får vist sine ferdigheiter på mange ulike måtar som i praktisk arbeid, problembasert læring i samarbeid med andre og framføring av prosjekt.

Prosjektet med å kartlegge ulike arbeidsplassar i kommunen engasjerte elevane og gjorde dei bevisste på kva mangfold det var av mulegheiter å velje mellom. PBL oppgåva om Anikka engasjerte elevane både intellektuelt og kjenslemessig. Det var ei oppgåve dei både kunne leve seg inn i og samtidig ta i bruk kunnskap dei hadde erverva seg. Dei utveksla også tankar og erfaringar med kvarandre, som la til rette for vidare samarbeid og større forståing for emnet. Eg opplever at bruk av ulike pedagogiske verktøy gjev elevane betre forståing for den

yrkeskunnskap dei treng i eit framtidig yrke. For meg har prosjektet bekrefta kor viktig det er å involvere elevane i undervisninga, der dei erfarer å få vere med å bestemme og ta ansvar. Elevane vert motiverte og engasjerte i å utvikle sin kunnskap og reflektere over si læring. Elevane må bli kjend med ulike pedagogiske verktøy og mulegheiter ein har til å variere opplæringa. Difor er det viktig å introdusere dette i starten av skuleåret. Etter kvart som vi prøvde ut ulike metodar, vurderte elevane kva verktøy dei fann egna til gjennomgang av tema. For dei var variasjon sentralt, og det å ha kjennskap til mange alternativ gav større valfridom.

Mi erfaring med bruk av mappemetodikk var også god. Elevane samla sitt materiale i permene og hadde god oversikt sjølv om det etter kvart vart mykje papir. I rettleiings/utviklingssamtaler og i arbeid med refleksjonsoppgåver var mappa sentral. Der hadde elevane samla sine tidlegare arbeid, refleksjonar og tilbakemeldingar frå lærar. *Målet med mappe er at den skal fungere som ei lærings- og vurderingsmappe, der noko av formålet er å styrke samanheng mellom undervising, læring og vurdering* (Dysthe & Engelsen, 2003, p. 17). Eg vil arbeide for å utvikle bruk av mappemetodikk. Det er sentralt vedteke at alle elevar skal ha eiga datamaskin som arbeidsverktøy. Difor vil eg prøve ut bruk av digital mappe og legge til rette for dette arbeidet.

7.4 Korleis kan nøkkelkvalifikasjonar legge til rette for byrjande heilskapleg yrkeskunnskap:

Kvalifikasjonane gjev elevane ei verdi plattform i yrkesutøvinga. Eg meiner dei representerer nivået P3 i Lauvås og Handal sin illustrasjon av praksistrekanten (Lauvås & Handal, 2000). Dei er rettleiande verdiar og er overordna kjenneteikn for yrkeskunnskap innan helse- og sosialfaglege yrke. Desse kvalifikasjonane er sentrale i yrkesutøvinga. Eg opplevde at elevane gradvis utvikla ein sterkare bevisstheit om nøkkelkvalifikasjonane og dei såg etter kvart kor sentrale dei var i utøving av yrke innan helse- og sosialfag. Dette kom fram i refleksjonar og drøftingar rundt erfaringar frå praksis og relevant yrkeskunnskap. Lauvås forklarer praktisk yrkesteori PYT som eit samspele mellom handling, kunnskap og verdiar. Kvalifikasjonane representerer dei verdiane som er viktig å innlemme i utviklinga av byrjande yrkeskunnskap. Dersom ein berre fokuserer på å handle og tilegne seg fagleg kunnskap, vil vesentlege sider av yrkeskunnskapen ikkje bli utvikla. Skal ein bli dyktige yrkesutøvarar må

desse tre ulike nivåa utgjere eit heile. Eg meiner verdisynet som nøkkelkvalifikasjonane representerer, burde vore enda meir i fokus i grunnutdanninga for helse- og sosialfag. Mange som har søkt hjelp hos helse- eller sosialfagleg personell har erfart at ein god yrkesutøvar kjenneteiknast med meir enn fagleg, teoretisk kompetanse. I løpet av prosjektet har eg blitt meir og meir bevisst kor viktig det er å få fram desse verdiane. Elevane blir då bevisst kva krav som arbeid med menneske set og kor viktig det er å vere eigna i slike yrke.

Nøkkelkvalifikasjonane fann eg også igjen i mange kompetansemål i dei ulike faga i læreplanen. Ved å fokusere meir på kvalifikasjonar og mindre på faglege grenser, opna ein for ei meir funksjonsstyrt læreplan og mindre fagstyrt. *Grunnlaget for en funksjonsbasert læreplan vil være sentrale yrkesoppgaver og teorier* (Hiim & Hippe, 2001, p. 139). Mine erfaringar frå prosjektet var at elevane etter kvart såg samanheng mellom kvalifikasjonane og det å utvikle heilskapleg yrkeskunnskap. Dei erfarte i dei ulike arbeidspraksisane og likeeins i skulekvardagen kor viktig det var å vere bevisst dei. Yrkesutøvarar som elevane møtte i arbeidspraksis både viste og forklarte i praktisk handling dette.

Mitt ønske er å arbeide vidare med å legge til rette for tverrfagleg opplæring og enda meir fokus på byrjande heilskapleg yrkeskunnskap. Nøkkelkvalifikasjonane vil vere utgangspunktet for opplæringa. Kompetansemåla frå programfaga i læreplanen må sjåast i samanheng med dei og legge til rette for ei heilskapleg opplæring. Eg meiner dette kan vere ein veg å gå mot meir funksjonsbaserte læringsmål.

7.5 *Tid til refleksjon for å legge til rette for byrjande utvikling av heilskapleg yrkeskunnskap:*

For å utvikle ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap meiner eg det er det vesentleg å ha rom for refleksjon og meiningsutveksling. Tradisjonell opplæring har ofte lagt vekt på formidling av mykje fagleg kunnskap eller å følgje ein meister og lære av han. I desse laupa er ikkje refleksjon og tankar rundt opplæringa og yrkesutøvinga lagt vekt på.

I dette prosjektet har eg erfart kor viktig det er å legge vekt på refleksjon over praksis . Elevane skreiv logg ved bedriftsbesøk og utplasseringar, der dei noterte sine erfaringar og kjensler i løpet av dagen, refleksjon i handling.. Etter kvar arbeidspraksis tok dei utgangspunkt i loggane og laga eit refleksjonsnotat. Som oppsummering av alle praksisperiodane laga elevane på slutten av skuleåret si eiga læreplan. Den form for refleksjon der ein tenker meir bevisst på handlinga etterpå, kallast refleksjon over handling.

Elevane var ukjende med denne form for arbeid og synes det var vanskeleg i starten. Spesielt var det vanskeleg å få på papiret sine tankar og refleksjonar. Det kunne vere freistande å gi etter og la elevane få sleppe. Men etter mange bedriftsbesøk og praksisperiodar vart loggane meir innhaldsrike. Som ein veit gjer øving meister. Det er viktig å la elevane i større grad få reflektere, og setje av tid til dette i staden for å haste vidare i pensum. Arbeidet med refleksjonsnotata var eit godt utgangspunkt for rettleiings/utviklingssamtaler. Elevane la fram sine tankar og vurderingar om både si læring no og deira syn på seg sjølv som framtidig yrkesutøvar. I oppsummeringa på slutten av skulåret uttalte elevane at det hadde vore lærerikt å arbeide med loggar og refleksjonsnotat. Som ein av elevane sa var eigenutvurdering svært spennande. Mi erfaring frå prosjektet er at det må vere eit sterkt fokus på refleksjon og eigenutvikling. Ved å bevisstgjere elevane på si eiga læring og utvikling, vil dei også i stor grad kunne ta styring på si utvikling vidare.

7.6 Korleis opplever elevane si utvikling av ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap:

Det er viktig å legge vekt på nøkkelkvalifikasjonane for å bevisstgjere elevane om verdisyn og krav til å egne seg i arbeid med menneske. Elevane har fått både innføring i dei og erfart kva betyding dei har ved å delta i praksisfellesskap. Det er viktig at elevane finn ut så tidleg som muleg finn ut kva dei vil bli og kva dei passer til.

I løpet av dei tre utplasseringane fann mange av elevane ut kva utdanningsveg dei ønska å gå vidare på. Enkelte fekk bekrefta at deira val av yrkesveg frå starten av skulestart, var det dei ville satse på. Andre fortalte at dei hadde endra oppfatning. Dei fekk prøve forskjellige arbeidsområde, gjorde seg nye erfaringar og valde ein ny karriereveg. Eleven som valde å slutte gjorde dette på bakgrunn av dei erfaringane ho gjorde seg i praksis. Dette bekreftar kor viktig det er for elevane å få prøve ut ulike arbeidsområde og gjere erfaringar i yrkeslivet. Resultata er viktige å ta med seg vidare i planlegginga av eit nytt skuleår. Arbeidspraksis og kontakt me ulike yrke er nødvendig for at elevane skal kunne gjere meir bevisste val. Dette vil kunne forhindre at elevar seint i utdanningslaupet, oppdagar at dei har vald feil.

7.7 Aksjonsforsking som strategi for å legge til rette for byrjande heilskapleg yrkeskunnskap

Arbeidet med dette prosjektet har vore spennande og lærerikt. I aksjonsforsking forskar du i din eigen praksis og målet er å endre og betre praksis. Du forskar saman med dei andre i din pedagogiske kvardag, både elevar og kollegaer.

Den didaktiske relasjonsmodellen har vore eit nyttig verktøy for å strukturere denne forskingsprosessen. Grovplanen eg sette opp som utgangspunkt har vore grunnlaget for arbeidet i dei ulike bolkane i løpet av skuleåret. Oppsummeringa etter kvar bolk har danna grunnlag for arbeidet vidare. Dette vart gjort i samarbeid med elevar og kollegaer, der rettleiings/utviklingssamtaler med elevane, evalueringar og møte med kollegaer har danna grunnlaget. Også loggar, refleksjonsnotat og anna elevarbeid saman med observasjonar har blitt teke med. Den refleksive prosessen er sjølve kjernen i all aksjonsforsking. Denne prosessen som Aksjon – refleksjon sirkelen er å observere – reflektere – handle – evaluere – modifisere - bevege seg i ei ny retning (McNiff & Whitehead, 2006). Som dokumentasjon i denne prosessen har eg nytta elevane sine loggar, refleksjonsnotat, elevarbeid og utviklingssamtaler. Eg har også nytta eigen refleksjonar og evalueringar gjort saman med kollegaer og elevane. I mi utgreiing av gjennomføringa av prosjektet har eg trekt ut direkte sitat frå loggar, oppgåver og samtaler. Eg har tolka dei og sett dei i lys av relevant teori. I tolkinga har eg vore bevisst dei hermeneutiske prinsippa og mitt mål er å gje eit mest muleg realistisk, truverdig og heilskapleg bilde av prosessen. Eg har invitert mine kollegaer og enkelte elvar med i framstillinga av prosessen og lytta til deira kommentarar.

Dette prosjektet har bidrige til å utvikle min personlege og yrkespedagogiske kompetanse. Min hermeneutiske sirkel- spiral skrur seg videre gjennom hele livet i en evig veksling mellom forforståelse og tolkning, teori og praksis, refleksjon og opplevelse. Jeg er aldri den samme fra en dag til en annen (Aadland, 2004, p. 193). I forbindelse med dette prosjektet har eg sett meg inn i og lært mykje om aktuell yrkesdidaktikk og yrkesteknologi. Eg har blitt merksam på anna forskingsarbeid innan for dette feltet og fått mange nye tankar og refleksjonar. Også samtalene med mine kollegaer og elevane har gitt meg mykje. Teoriar eg har sett meg inn i har ført til ny innsikt i min pedagogiske kvardag. Men også den erfaring eg har gjort i praktisk utøving har ført til at eg får ny forståing for teori.

7.8 Kva seier styringsdokumenta om tilrettelegging av byrjande heilsakleg yrkeskunnskap:

Faget prosjekt til fordjuping:

Dette nye faget som vart innført på alle yrkesfaglege programområde i Kunnskapsløftet har bidrige til auka fokus på arbeidspraksis innan for helse- og sosialfagleg program. Elevane kan velje utplassering i yrke innanfor fagutdanninga, og bli kjend med yrkeslivet. Faget legg også til rette for meir tverrfagleg opplæring, då elevane kan velje ulike kompetansemål å fordjupe seg i Vg3 læreplanen. Så innføringa av dette faget meiner eg er eit steg i rett retning til meir yrkesretting, og tilrettelegging for ein byrjande heilsakleg yrkeskunnskap.

Formulering av kompetansemål:

Som eg har nemnt tidlegare legg kompetansemåla i læreplan for Vg1 vekt på påstandskunnskap. Målformuleringane legg vekt på måling av kunnskap, mange av måla er formulerte som gjer greie for, drøft. Det er få mål som stiller krav om kompetanse i form av handlingskunnskap, erfaring, fortrulegheitskunnskap. Dette medfører at den tradisjonelle formidlingspedagogikken framleis har sterke røter i denne læreplanen.

Derimot legg læreplanmål for Vg3 programområda vekt på eit meir utvida kunnskapssyn, Målformuleringane er her handlingsretta og eleven må utvikle både påstandskunnskap, erfaring, fortrulegheit og handlingskunnskap. Men i enda større grad må måla trekke inn både handling, grunngjeving og refleksjon. I læreplan i prosjekt til fordjuping skal elevane velje ut mål frå Vg3 planar som utgangspunkt for arbeidspraksis. Ved å legge til rette for ei tidleg utplassering vil elevane også bli kjend med læreplanmål på Vg3. Elevane vil då bli kjende med desse måla og kunne utvide sitt kunnskapssyn innanfor vald målområde. Men slik kompetansemåla for Vg1 er formulerte meiner eg dei ikkje vil legge til rette for ein byrjande heilsakleg yrkeskunnskap. For å ivareta det må kompetansemåla reflektere eit utvida kunnskapssyn. *Dette innebærer at det i liten grad blir noe skille mellom handlingsaspektet, forståelsesaspektet og følelsesaspektet i kunnskapen. Kunnskap blir en helhetlig prosess der alt dette virker sammen (Hiim & Hippe, 2001, p. 29).* Skal læreplanen ivareta ei opplæring som fører til ein byrjande heilsakleg yrkeskompetanse må målformuleringane gjenspegle dei ulike aspekta i yrkeskunnskapen.

Fagplanen sin oppbygging:

Læreplan i Vg1 helse- og sosialfag er som for andre programområde delt inn i tre ulike fag og elevane sin kompetanse skal målast i kvart av faga. Denne fagdelinga lagar eit kunstig skilje mellom ulike kjenneteikn og ferdigheter ved yrkesutdanninga. Oppdelinga i fag hindrar elevane å sjå heilskapen i yrkesutdanninga. Vurdering av fagkompetanse forsterkar dette, då eleven skal ha ein karakter i kvart av faga. Dette legg hindringar i vegen for å sikre ei tverrfagleg opplæring. Elevane har vanskar med å sjå faga under eitt. *Når læreplanene er faginndelte kan det bli en tendens til at læring med grunnlag i yrkesoppgaver blir oppfattet som en pedagogisk metode for å nå målene i planen, ikke som en grunnleggende forutsetning for å utvikle en begynnende yrkeskompetanse(Hiim & Hippe, 2001, p. 177).*

Både inndeling av fag og sluttvurdering i form av karakterar i kvart fag, fører til fokus på det enkelte kompetanseomål, splitting og oppdeling av yrkeskunnskapen, fører til ein manglande heilskap

For å legge til rette for tverrfagleg opplæring der ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap er i fokus, meiner eg læreplanen må bli funksjonsbasert. Skal elevane utvikle byrjande heilskapleg yrkeskunnskap må ein ta utgangspunkt i sentrale kjenneteikn ved yrket. *Analyse av yrkeskunnskapenes struktur peker i retning av læreplaner som er strukturert omkring sentrale arbeidsfelt og yrkesfunksjonar snarere enn omkring skolefag og vitenskapsdisipliner (Hiim & Hippe, 2001, p. 140).* Som ein av elevane fortalte i intervjuet så hadde ho ved hjelp av nøkkelkvalifikasjonane sett at alle faga hang i hop. Dei skildrar sentrale ferdigheter i helse- og sosialfagleg yrkesutøving. Å ta utgangspunkt i desse nøkkelkvalifikasjonane i utarbeiding av ei funksjonsbasert læreplan for Vg1 helse- og sosialfag, vil vere eit godt utgangspunkt. Målbeskrivinga må i tillegg ivareta dei ulike aspekta i heilfagleg yrkeskunnskap; handlings- forståings- og kjensleaspekt.

7.9 Mine avsluttande refleksjonar rundt prosjektet:

Det er spennande å delta i eit utviklingsarbeid i min eigen arbeidspraksis. For det første er det lærerikt å reflektere og tenke gjennom sine eigen føreforståing. I drøfting og refleksjon med andre blir ein bevisst sin ståstad og tankar om vidare utvikling. Det er gjevande å setje seg inn i fagstoff som omhandlar min arbeidsdag, men det er også det spennande å prøve ut nye pedagogiske verktøy . Ikkje minst er samarbeidet og det å dele tankar og erfaringar med kollegaer og elever, noko av det mest lærerike i eit slikt utviklingsarbeid.

Fokuset i prosjektet med å legge til rette for ein byrjande heilskapleg yrkeskunnskap for elevar på Vg1 helse- og sosialfag, førte til meir yrkesretta opplæring og fokus på arbeidspraksis. Denne erfaringa sette i gang prosessar med tanke på mi eiga faglege utvikling. Eg innsåg at for å kome vidare i tilrettelegging av meir yrkesretta opplæring, måtte eg også få nye impulsar. Det eg ønska mest var å praktisere sjølv innanfor yrke eg skal lede andre veg inn i. Dette førte til at eg søkte om å få hospitere i arbeidslivet for ein periode. Eg fekk arbeide som helsefagarbeidar på omsorgssenteret i kommunen i nokre veker førre sommar. Det var lærerikt og kjekt for meg å praktisere og få kontakt med praksisfellesskapet. Mitt ønske er å få praksiserfaring også frå andre felt som barnehage og arbeidssenter for funksjonshemma. Utvikling og læring er ein evigvarande prosess.

Men eg ser også utfordringar i styringsdokumenta som det er viktig å få fram. I prinsipp for opplæringa finn eg mange sentrale føringar som eg meiner legg til rette for ei meir yrkesretta opplæring. Dette har eg trekt fram i utgreiinga. Men dei fagdelte læreplanane meiner eg gjev signal om å splitte opp og sjå yrkeskompetansen som ulike delar heller enn ein heilskap. Dei erfaringane vi gjorde med elevaktive arbeidsmåtar og då spesielt PBL oppgåver vil vere ein måte å bryte opp faginndelinga og legge til rette for meir tverrfagleg heilskapleg opplæring.

8 Litteraturliste

Bjerknes, M. S., & Bjørk, I. T. (1994). *Praktiske studier: perspektiver på refleksjon og læring*. [Oslo]: TANO.

Dalland, O. (2002). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Dysthe, O., & Engelsen, K. S. (2003). *Mapper som pedagogisk redskap: perspektiver og erfaringer*. Oslo: Abstrakt forlag.

Dæhlen, M., Hagen, A., & Hertzberg, D. M. (2008). Prosjekt til fordypning - mellom skole og arbeidsliv Delrapport 1 Evalueringen av Kunnskapsløftet. Oslo: Fafo.

Eide, H., & Eide, T. (2007). Kommunikasjon i relasjoner: samhandling, konfliktløsning, etikk. Oslo: Gyldendal akademisk.

Ekelund, T. (2005). Hva skal jeg bli? og hva passer jeg til?: bevisstgjøring av yrkesvalg og utvikling av nøkkelkvalifikasjoner i helse- og sosialfaglige yrker : et aksjonsforskningsprosjekt gjennomført i en grunnkursklasse på helse- og sosialfag. Høgskolen i Akershus, [Kjeller].

Ekelund, T. (2007). Yrkesdidaktikk for grunntutdanning i helse- og sosialfag. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Ellmin, R. (2000). Mappemetodikk i skolen: som arbeidsmåte, tenkemåte og lærermåte. Oslo: Kommuneforl.

Glavin, K. E., B. (2000). *Tverrfaglig samarbeid i praksis*. Oslo: Kommuneforlaget AS.

Halvorsen, K. (2008). *Å forske på samfunnet*. Oslo: Cappelen akademisk forlag.

Him, H. (2009). Lærerens yrkeskunnskap og læreren som forsker: en strategi for å forske i læreryrket. Høgskolen i Akershus, Lillestrøm.

Him, H., & Hippe, E. (1998). Læring gjennom opplevelse, forståelse og handling: en studiebok i didaktikk. Oslo: Universitetsforl.

Him, H., & Hippe, E. (2001). *Å utdanne profesjonelle yrkesutøvere*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Illeris, K. (2000). *Læring*.

Imsen, G. (2006). Lærerens verden: innføring i generell didaktikk. Oslo: Universitetsforl.

Johnson, D. J., R.; Haugaløkken,O.; Aakervik,A. (2006). *Samarbeid i skolen*. Namsos: Pedagogisk Psykologisk Forlag AS.

Kvale, S. (1997). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldental Norsk Forlag.

Lauvås, P., & Handal, G. (2000). *Veiledning og praktisk yrkesteori*. Oslo: Cappelen akademisk.

Lingås, L. G. (2000). *Etikk og verdivalg i helse- og sosialfag*. Oslo: Gyldental Akademisk.

Martinsen, K. (1990). Omsorg i sykepleien - en moralsk utfordring i Jensen, K. m.fl.(red.) Moderne omsorgsbilder. Oslo: Gyldental Norsk Forlag A/S.

McNiff, J., & Whitehead, J. (2006). *All you need to know about action research*. London: Sage.

Molander, B. (1996). *Kunskap i handling*. Göteborg: Bokforlaget Daidalos AB.

Nielsen, K. K., S. (1999). *Mesterlære-læring som sosial praksis* (G. Bureid, Trans.). Oslo: Gyldental Norsk Forlag AS.

Nilsen.S, S. G. (2008). *Læring gjennom praksis*. Oslo: PEDLEX Norsk Skoleinformasjon.

Opseth, L. (2008). Vurderer mindre teori. *Utdanningsforbundet*, 7, 4.

Rygg, L. (2008). Ei læreplananalyse av styringsdokumenta i kunnskapsløftet for Vg1 helse- og sosialfag. 36.

Røkenes, O. H., P. (2002). *Bære eller briste*. Bergen: Fagbokforlaget.

Skau, G. M. (2002). *Gode fagfolk vokser...* Oslo: J.W. Cappelens Forlag as.

Taube, K., & Roe, A. (2000). Mappevurdering: undervisningsstrategi og vurderingsredskap. [Oslo]: Tano Aschehoug.

Thuren, T. (2006). *Vitenskapsteori for nybegynnere* (D. Gjestland, Trans.). Oslo: Gyldendal Akademiske.

Utdanningsdirektoratet. (2005). Læreplan for grunnskole, vidaregående opplæring og vaksenopplæring. from http://www.udir.no/Artikler/_Lareplaner/Den-generelle-delen-av-lareplanen/

Utdanningsdirektoratet. (2006a). Læreplan i felles programfag i vg1 helse- og sosialfag [Electronic Version]. Retrieved 05.05.08, from
http://www.udir.no/upload/larerplaner/Fastsatte_lareplaner_for_Kunnskapsloeftet/Vg1_yrkessfag/felles_programfag_vg1_helse_sosialfag.rtf

Utdanningsdirektoratet. (2006b). Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet [Electronic Version]. Retrieved 05.05.08, from

http://www.udir.no/templates/udir/TM_Artikel.aspx?id=2112

Utdanningsdirektoratet. (2007). Prosjkt til fordypning for videregående trinn 1 og 2 yrkesfaglige utdanningsprogram [Electronic Version]. Retrieved 05.05.08, from http://www.udir.no/upload/larerplaner/Fastsatte_lareplaner_for_Kunnskapsloftet/Forskrift_for_prosjekt_til_fordypning_vg1_vg2.rtf

Aadland, E. (2004). *Og eg ser på deg...* Oslo: Universitetsforlaget AS.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Informasjonsbrev til elevar og foreldre

Vedlegg 2: Loggskjema

Vedlegg 3: Refleksjonsoppgåve

Vedlegg 4: Lokal læreplan i prosjekt til fordjuping

Vedlegg 5: Intervjuguide

Vedlegg 1:

Til elevar og føresette

Klasse 1HSA

Stryn vidaregåande skule

Stryn, 24.09.08

Godkjenning av bruk av informasjon frå elevar knytt til forsking i samband med masterstudie i yrkespedagogikk.

Eg er pedagog ved Stryn vidaregåande skule og vil i løpet av dei to neste åra fullføre masterstudie i yrkespedagogikk. For å få eit best muleg læringsutbytte av studiet, og for at skulen skal få nytte av dei resultat eg kjem fram til, ynskjer eg å forske på område i min eigen skulekvardag. Det inneber at eg ynskjer å involvere mine elevar i klasse 1HSA i dette arbeidet.

Forskinga rettar seg mot korleis ein skal legge undervisinga best muleg til rette for å gje elevane god yrkesrettleiing og kunnskap om framtidig yrkesliv. Arbeidet med å samle inn informasjon skal gjennomførast i skuleåret 2008/09.

All informasjon eg får frå mine elevar vil bli konfidensielt handsama, og alle kjelder vert anonymisert. Metodar som kan verte nytta i forskinga er: Intervju, logg, rapporter, observasjon i skule og observasjon i praksis i arbeidslivet.

Eg vil på førehand informere og avtale med elevane når og kva informasjon eg vil innhente. Det er frivillig om elevane vil delta i dei ulike prosjekta, og dette vert avtalt med kvar enkelt elev på førehand.

På førehand takk for svar.

Med helsing

Liv Elisabet Rygg
-kontaktlærar 1HSA-

Svar:

Eg/vi godkjenner at _____ kan delta i forskingsprosjektet.

Med helsing:

Vedlegg 2:
Logg frå praksisutplassering i Prosjekt til fordjuping.

Elev:

Praksisplass:

Dato	Kva gjorde eg denne dagen?	Korleis opplevde eg dette? (følelsar, reaksjonar, kva var kjekt, kva var mindre kjekt?)
5/11		
6/11		
7/11		

Dato	Kva gjorde eg denne dagen? 	Korleis opplevde eg dette? (følelsar, reaksjonar, kva var kjekt, kva var mindre kjekt?)
12/11		
13/11		
14/11		

Eigenevaluering av praksisperioden

Skriv litt om kva du har lært i denne utplasseringsperioden.

Beskriv kva du har lært ut i frå mål i aktuell læreplan:

Måla skal innehalde ein eller fleire av nøkkelkvalifikasjonane som er lista opp i lokal
læreplan i PTF for helse- og sosialfag: (Samarbeidsevne,
kommunikasjonsferdigheter, etisk bevisstheit, omsorg og empat og
sjølvrefleksjon/sjølvinnnsikt

Vedlegg 3:

REFLEKSJONSOPPGÅVE FRÅ PRAKSIS I PROSJEKT TIL FORDJUPING.

1HSA-

Etter at du har vore i praksis i første periode, skal du skrive ei oppgåve knytt til denne praksisperioden. I denne oppgåva skal du få fram kva du har lært om det yrket du har fått prøve deg litt på.

Oppgåva skal vurderast med karakter som går inn i karakteren i faget ”Prosjekt til fordjuping” **I tillegg skal den telje som eit produkt i norsk, og vurderast av norsklæraren.** De kan arbeide med oppgåva heime og i studietida. I tillegg får de arbeide med oppgåva på skulen. I desse timane vil lærar vere tilgjengelege for hjelp og rettleiing på oppgåva

Innlevering av oppgåva:

I oppgåva skal du ha med følgjande:

Kap.1 Innleiing

Her skriv du litt om

- kva yrke du har prøvd deg på
- kor lang praksisperioden har vore
- kvifor du valde dette yrket

Kap.2 Praksisplassen

Her fortel du om praksisplassen du har vore på, kva den heiter, kvar den ligg, gjerne eit bilde eller ein skildring av korleis den ser ut, kor stor den er eller liknande. Kor mange og kva type arbeidstakrar er der, kor mange brukarar, born eller liknande er det, inndeling i avdelingar?

Kap. 3 Arbeidet i praksisperioden

Her skriv du litt om kva slags arbeidsoppgåver du har vore med på, kva har du gjort i lag med andre, kva har du gjort åleine osv. Korleis opplevde du dette? Skriv litt om kva du syns var kjekt, lett, vanskeleg, skummelt, skremmande osv. (her kan de bruke loggen som utgangspunkt, men skal ikkje skrive dag for dag, slik de har gjort i loggen)

Kap. 4 Måloppnåing

Ta føre deg måla i kompetanseplattforma for det aktuelle Vg3 programområdet.

For kvart av måla skal de fortelje kva de har gjort for å nå dette målet, og vurdere i kva grad de har nådd det.

Dette skal vere med utgangspunkt i nøkkelkvalifikasjonane:

- Samarbeidsevne
- Kommunikasjonsferdigheiter
- Etisk bevisstheit
- Omsorg og empati
- Sjølvrefleksjon/sjølvinnssikt

Dersom de ikkje har nådd målet, skriv de ei vurdering av kva som kan vere grunnen til dette.

Kap. 5 Korleis heng teori og praksis saman?

Skriv ei vurdering av kva nytte du har hatt av det du har lært i teorien i t.d. hygiene, kommunikasjon og etikk (tieplikt) i denne praksisperioden.

Kap. 6 Konklusjon

Her summerer du opp kva du har lært om det aktuelle yrket, og om dette er eit yrke du kan tenke deg i framtida. Grunngje svaret.

Vedlegg 4:

LOKAL LÆREPLAN I PROSJEKT TIL FORDJUPING **STRYN VIDAREGÅANDE SKULE** VG1 HELSE- OG SOSIALFAG

NASJONALT FØREMÅL:

Prosjekt til fordjuping skal gi elevene høve til å prøve ut enkelte eller flere av aktuelle lærefag innan relevant utdanningsprogram.

Eleven skal få erfaring med innhold, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer dei ulike yrka innan utdanningsprogramma og fordjupe seg i kompetanseomål frå læreplanane på VG3-nivå.

Prosjekt til fordjuping må også sjåast i samanheng med Felles programfag for Helse- og sosialfag. Felles programfag skal vere yrkesrelaterte og førebu for utdanning fram til fagbrev og leggje grunnlag for livslang læring.

Faget Prosjekt til fordjuping skal gi eleven opplæring i aktiv deltaking i planlegging, gjennomføring og vurdering underveis. Gjennom dette arbeidet vil eleven få erfaring med dokumentasjonsarbeid og trening i eigenrefleksjon.

I faget Prosjekt til fordjuping er "Dei grunnleggjande ferdigheitene":

- Kunne uttrykke seg munnleg og skriftleg
- Kunne lese
- Kunne rekne
- Kunne bruke digitale verktøy
- Kunne utvikle sosial kompetanse

vektlagt og integrert og skal medverke til å utvikle kunnskapen og kompetansen til elevene.

LOKALE LÆREPLANAR:

Lokal læreplan i Prosjekt til fordjuping for VG1 Helse- og sosialfag ved Stryn vidaregåande skule er utarbeidd etter nasjonale føresetnader, fylkeskommunale føringer, skulen sin Utviklingsplan og behovet i det lokale næringslivet

Læreplanane skal tilpassast dei tilbod og føresetnader den enkelte skule kan gi innan dei ulike utdanningsprogramma. Tilboden bør også inkludere tilbod for organisering av opplæring i bedrift eller ved utplassering ved ein annan vidaregåande skule.

ELEVEN SIN LÆREPLAN

Eleven sin læreplan skal individuelt tilpassast eleven sine ønskjer, behov og føresetnader. Eleven kan velje å fordjupe seg i opp til tre utdanningsprogram.

Sjå vedlegg: Eleven sin læreplan i Prosjekt til fordjuping

Eleven sin læreplanen skal :

- Beskrive kva eleven skal kunne mestre etter at opplæring er avslutta
- Vere formulert på ein slik måte at den kan danne grunnlag for dialog mellom elev, føresette, lærarar og aktuelle samarbeidspartnarar, som lokalt næringsliv
- Beskrive konkretiserte kompetanseomål henta frå læreplan VG3 opplæring i bedrift
- Innehalde konkrete vurderingskriterium
- Plan for å oppnå måla
- Dokumentasjon av arbeidet, organisert i mappe

MENY FOR ELEVEN SITT VAL:

Eleven skal ha eit reelt val mellom ulike læreplanar/ fagområde i Prosjekt til fordjuping. Dersom eleven har spesielle ønskjer for Prosjekt til fordjuping, må skulen vurdere om eleven skal få sitt eige opplegg, og om dette kan gjennomførast på ein fagleg forsvarleg måte.

Sogn og Fjordane kan tilby følgjande utdanningsprogram på VG2 :

VG 2 Opplæring i skule / bedrift	Opplæring i bedrift VG3 /VG4
Barne- og ungdomsarbeidarfaget	Barne- og ungdomsarbeidarfaget
Helsearbeidarfaget	Helsearbeidarfaget
Helseservice	Helsesekretær

Dersom eleven ønskjer å utdanne seg innan:

VG 2/VG3 Fotterapi/Ortopedi

Vg3 Farmasi

Vg2/Vg3 Hudpleie

Vg2/Vg3 Ambulansefaget

Vg3 Tannhelsesekretær

må opplæringa i skule gjennomførast ved ein vidaregående skule i eit anna fylke.

ORGANISERING AV PROSJEKT TIL FORDJUPING**FØREBUING:**

Eleven skal ha innføring i dei ulike opplærings- og utdanningsprogramma på VG2 og VG3 før arbeidet med Prosjekt til fordjuping startar.

Innføringsdelen ved Stryn vidaregåande skule er planlagt ferdig i veke 45.

I samarbeid med kontaktlærar / ansvarleg lærar for Prosjekt til fordjuping, skal eleven skissere sin eigen "Karriereplan".

Planen bør innehalde:

- VG2 Opplæring i skule / bedrift
- VG3 Aktuelt lærefag
- Vegen vidare

KOMPETANSEMÅL:

Kompetansemåla for opplæringa i Prosjekt til fordjuping skal utarbeidast i samarbeid mellom skule /ansvarleg lærar, eleven og evt. opplæringsbedrift.

For å hjelpe elevane i val av kompetansemål er sentrale ferdigheter knytt til yrke innan dette programområdet trekt fram.

Elevane skal trekke ut mål å arbeide mot som rettar seg mot følgjande nøkkelkvalifikasjonar:

- **Samarbeidskompetanse**
- **Evne til empati og omsorg**
- **Kommunikasjonsferdigheiter**
- **Etisk bevisstheit**
- **Sjølvkjensle, sjølvforståing, bevisstheit om eigne tankar, haldningar og handlingar**

Elevane kan velje om dei vil fordjupe seg i nokon av nøkkelkvalifikasjonane i aktuelle kompetansemål eller trekke inn flest muleg av dei.

Det bør nyttast partnarskapsavtalar der eleven fordjupar seg i berre eit lærefag. Eleven kan fordjupe seg i opp til tre lærefag, og eleven bør ha gjennomført dette før søknadsfristen til VG2 1.mars. Dette for å unngå feilval av utdanningsprogram.

OPPLÆRINGSARENA:

Relevante opplæringsbedrifter skal nyttast som opplæringsarena i tillegg til opplæring i skule på VG1.

PLANLEGGING OG GJENNOMFØRING:

Eleven skal i samarbeid med ansvarleg lærar lage plan for gjennomføring av eigen læreplan.

Kvart fordjupingsområde skal innehalde:

- Førebuing i skule
- Praksis i bedrift / arbeidsliv
- Refleksjon
- Vurdering

Arbeidet skal organiserast i eiga mappe.

VURDERING:

Elevane skal skrive eigenvurdering i faget Prosjekt til fordjuping for kvart av utdanningsprogramma dei fordjupar seg i.

Dersom eleven fordjupar seg i berre eit utdanningsprogram, skal eleven skrive eigenvurdering ein gong kvar månad.

Ansvarleg lærar skal gi eleven tilbakemelding med utgangspunkt i vurderingskriterium i eleven sin læreplan.

Eleven skal ha standpunktcharakter etter fullført Prosjekt til fordjuping. Det er eleven sine kunnskapar, ferdigheiter og haldningar, grad av måloppnåing og uttale frå opplæringsbedrift/opplæringsbedrifter som skal gi grunnlag for den formelle sluttvurderinga.

Dokumentasjonen på gjennomført "Prosjekt til fordjuping" skal vedleggast eleven sitt Kompetansebevis.

Tilråding frå avdelingsleiar	Godkjent av rektor	Gjeld frå
Dato: Underskrift:	Dato: Underskrift:	

Vedlegg 5:

Intervjuguide for åpent, ustrukturert intervju

Briefing; Informere/definere situasjonen, formål med intervjuet, bruk av Mp3spelar, bruk av intervjuguide

Litt om kva desse opplysningane skal nyttast til
Informasjon om personvern og korleis intervjuguperson vert verna.

Har du spørsmål om intervjustituasjonen?

Kan du kort fortelje litt om deg sjølv og kva du gjer på knytt til skulen.

Litt om skule, fag og tankar generelt rundt dette skuleåret

1. Fortel om kva du legg i kunnskap om yrke.

Kva kunnskap hadde du om ulike yrke før du byrja på Vg1 HS

Synes du at du har fått meir kunnskap? Utdjup dette.

Er det spesielle forhold du vil trekke fram som har ført til auka kunnskap?

2. Fortel litt om tankar du har om faget PTF

Kva synes du har vore viktig i faget?

Er det noko som ikkje har fungert?

I kva grad har det gitt deg meir yrkeskunnskap?

3. Fortel om organisering av PTF

Korleis opplever du organiseringa av faget/planane i faget?

Karriereplan?

Bedriftsbesøk

Praksisplassar? Antal og lengd

4. Fortel om dine tankar rundt nøkkelkvalifikasjonane

Synes du dei er aktuelle i høve til å få yrkeskunnskap.

Kan du utdjupe litt kvar nøkkelkvalifikasjon og tankar rundt dei ulike

5. Korleis synes du at programfaget yrkesutøving er med å gjev deg innsikt i yrke og gjev deg yrkeskunnskap?

6. Korleis synes du at programfaget kommunikasjon og samhandling er med å gjev deg innsikt i yrke og gjev deg yrkeskunnskap?

7. Kan du gje ei oppsummering av skuleåret og dei faga kva erfaring du har gjort deg i høve til yrkeskunnskap.

Debriefing; Oppsummering av viktigaste punkt som er komne fram, der intervjuperson kan kommenere eventuelle punkt.